



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger  
**Dato:** 20.04.2016  
**Tidspunkt:** 14:00

**NB – møtestart for kontrollutvalsmøte vil vera kl. 14.00.**

**Men før ordinært møte i kontrollutvalet – frå kl. 13.30 vert det gjennomført kurs i regi av Deloitte. Kurstema: «Grunnleggande innføring i kommunerekneskap». Her har og andre enn kontrollutvalet høve til å delta, både andre politikarar (t.d. kommunestyrerepresentantar) og dei frå administrasjonen som har høve til å delta. Så kontrollutvalsmedlemmane må møta seinast kl. 13.30.**

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Kari Marie Nygard tlf. 55 23 94 06 / 916 64 183 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53 / 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Kari Marie Nygard møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdaal  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 17/16	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 18/16	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 19/16	Årsrekneskap 2015 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 20/16	Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 - Samnanger kommune		2016/79
PS 21/16	Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 1		2015/131
PS 22/16	Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte nr. 1		2015/65
PS 23/16	Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2015		2016/81
PS 24/16	Konsekvensar for vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - søknad om ekstraløyving		2016/37
PS 25/16	Referatsaker		
RS 5/16	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 6/16	Budsjettbrev for Samnanger kommune frå Fylkesmannen		2016/38
RS 7/16	Avisartikkel frå Kommunal Rapport vedr. Samnanger sitt budsjett		2016/38
RS 8/16	Avisartikkel frå Samningen vedr. konsulenthjelp		2016/38
RS 9/16	Rekneskapsoversyn pr. 12.04.16 for kontrollutvalet sitt budsjett		2016/37
RS 10/16	Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar		2015/65
PS 26/16	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre utval		2015/133
PS 27/16	Eventuelt		
PS 28/16	Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Val av revisor		2014/238

PS 17/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 18/16 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2016/38-7  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	19/16	20.04.2016

## Årsrekneskap 2015 for Samnanger kommune, uttale frå kontrollutvalet

### Bakgrunn

Kontrollutvalet skal gje uttale til årsrekneskapen, jf. "Forskrift om årsrekneskap og årsberetning". Rådmannen si årsmelding skal følgja som sakstilfang til saka, og det skal merkast om det er vesentlege avvik mellom årsmeldinga og årsrekneskapen.

Det er deretter formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i sak om rekneskapen. Kommunestyret skal handsama både årsrekneskap og årsmelding i same møte. Dette følgjer av kommunelova §48, jf. "Forskrift om årsregnskap og årsberetning" §10.

### Drøfting:

Årsrekneskapen er lagt fram av rådmannen, og inneheld driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversiktar og noteopplysningar.

Kommunen sin revisor, Deloitte, har lagt fram revisjonsmelding datert 06.04.15. Her er medteke at driftsrekneskapen viser kr. 153.356.763 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 982.363. Revisjonsmeldinga er å sjå på som "ei rein" revisjonsmelding når det gjeld konklusjonar om framstilling av den finansielle stillinga og for resultat, registrering og dokumentasjon av årsrekneskapen.

Deloitte har og lagt fram revisjonsrapport nr. 6, saman med revisjonsmeldinga. Revisjonsrapporten beskriv resultatet av ei kartlegging og vurdering av dei viktigaste kontroll- og rekneskapsrutinane i kommunen, for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte gjeve tilrådingar til kommunen på forhold som bør og kan betrast. Kontrollutvalet bør i sin uttale oppmoda om å prioritere å sette fokus på dei forholda som er kommentert i revisjonsrapporten.




Revisor kjem i revisjonsrapporten med slike tilrådingar:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leing er klar over forholdet.
- Når det gjeld påløpt løn, ber revisor om at kommunen, for framtida, gjer avsetnad, slik at løna vert rett periodisert.
- Revisor påpeikar at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktiviteten blir gjennomført effektivt, i samsvar med retningslinjer og på ein trygg måte. Mangelfulle skriftlege rutinar gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Det vert rådd til at kommunen prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2016.
- Revisor ber og kommunen vera merksam på føringar når det gjeld avsetjing til fond. Revisor aksepterer avsetjing som er gjort vedr. krav på BKK / fordring i balansen med 1 mill.kr. ut frå informasjon som er gjeve frå leiinga.
- Vidare tilrår revisor at det frå 2016 vert utarbeida ein eigen plan slik at det kjem tydeleg fram kva som skal brukast av sjølvkostfonda.
- Revisor peikar og på at bruk av ubundne fond i investeringsrekneskapen er høgare enn budsjettert beløp samtidig som bruk av lån er lågare enn budsjett. Bruken av ubundne fond burde vore redusert og bruk av lån justert opp.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at «Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle feil i den framlagde rekneskapen.»

Av rekneskapen for 2015 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 797 448, dvs. netto resultatgrad på - 0,4 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 3,0 % i 2015. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 3 prosent fram til 2014 for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. Frå 2014 er dette talet ned justert til 1,75%.

For Samnanger kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2011 (+ 3,12 %), 2012 (+ 3,64 %), 2013 (+ 1,64 %) 2014 (- 1,66 %) og 2015 (- 0,4 %), sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2015 er noko svakare enn tilrådinga frå TBU og også lågare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har att etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommune sin handlefridom og evne til å tåle svingingar i økonomien.



Rådmann skriv følgjande i årsmelding for 2015:

*«I 2015 vart ny administrativ organisering innført. Innføringa skjedde gradvis og i løpet av heile året, m.a. fordi det skulle rekrutterast personell i ein del av stillingane. Med den nye organisasjonen der rådmannsnivået er styrka må me kunne halda fokus på overordna leiing, styring og samfunnsutvikling. Rapporten om internkontroll viser at me har ting å ta tak i, eit arbeid som alt er starta. Det er gjort grep og utarbeidd rutinar og planar for å imøtekoma delar av kritikken. Arbeidet fortset for fullt i 2016.*

*Kommunen sin økonomi er vanskeleg. Først og fremst skuldast det at inntektene våre frå kraftproduksjonen svikter. Inntektene frå sal av konsesjonskraft har stupt frå 6,3 mill. kroner i 2010 til 1,5 mill. kroner i 2015. Det er dramatisk for ein kommune som er så avhengige av desse midlane i den ordinære drifte. I planlegginga vår må me nok legge til grunn at inntektene i 2015 vil vera det «normale».*

Rådmann skriv mellom anna vidare:

*«Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune er krevjande. Samanlikna med andre bruker me fleire kroner stort sett på alle områda, og det bør derfor vera all grunn til å gjennomføra innsparingar utan at det fører til uforsvarlege tenester.»*

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Samnanger kommune har ei lånegjeld tilsvarande 107,7 % av sum driftsinntekter. Samnanger kommune har ei svært høg lånegjeld sett i forhold til driftsinntektene. Tilsvarande er disposisjonsfondet (posten disposisjonsfond i balanserekneskapet) på 0,1 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Samnanger kommune har såleis eit lite tilfredstillande nivå i 2015 på disposisjonsfondet, og lånegjelda er svært høg i høve til Riksrevisjonen sine tilrådingar.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap og årsmelding frå administrasjonen og revisjonsmeldinga og revisjonsrapport frå revisor.

Rådmann har lagt fram ei god årsmelding, som gjev ei god skildring av drifta av kommunen i 2015. Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5, som lyder:

*«I årsberetningen skal det gis opplysninger om forhold som er viktige for å bedømme kommunens eller fylkeskommunens økonomiske stilling og resultatet av virksomheten, som ikke fremgår av årsregnskapet, samt om andre forhold av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten. Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingsloven, samt for å fremme formålet i diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering.»*

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det er gjort greie for desse tilhøva som er peika på i lova på ein god måte.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i uttalen sin:

- rekneskapsmessig forbruk
- netto driftsresultat
- talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapport.
- omtale om intern kontroll i kommunen i årsmeldinga
- kommunen si lånegjeld
- disposisjonsfondet

**Konklusjon:**

Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2015 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine tilrådingar. Kommunen har eit nivå i 2015 på lånegjeld som ligg svært høgt i forhold til Riksrevisjonen si tilråding, og disposisjonsfondet er svært svakt. Årsmeldinga for 2015 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmeldinga er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare via formannskapet til kommunestyret.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Uttale frå kontrollutvalet til årsrekneskap for 2015 for Samnanger kommune.
- Rekneskap for 2015 for Samnanger kommune – hovedoversikt, samt noter til rekneskapen (investeringsrekneskap, driftsrekneskap og balanserekneskap kan leggest fram i møtet eller sendast særskilt i eigen epost – om kontrollutvalet ønskjer det).
- Revisjonsmelding frå Deloitte, datert 06.04.2016.
- Revisjonsrapport nr. 6 frå Deloitte, datert 06.04.2016.
- Årsmelding 2015 for Samnanger kommune.



## Til Samnanger kommune v/ kommunestyret

### ÅRSREKNESKAP 2015 FOR SAMNANGER KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 20.04.2016, handsama Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Av rekneskapen for 2015 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 797 448, dvs. netto resultatgrad på – 0,4 %, sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad 3,0 % i 2015. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

Kontrollutvalet har merka seg kva rådmann skriv i årsmelding for 2015:

*«Kommunen sin økonomi er vanskeleg. Først og fremt skuldast det at inntektene våre frå kraftproduksjonen svikter. Inntektene frå sal av konsesjonskraft har stupt frå 6,3 mill. kroner i 2010 til 1,5 mill. kroner i 2015. Det er dramatisk for ein kommune som er så avhengige av desse midlane i den ordinære drifte. I planlegginga vår må me nok legge til grunn at inntektene i 2015 vil vera det «normale»».*

Rådmann skriv mellom anna vidare:

*«Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune er krevjande. Samanlikna med andre bruker me fleire kroner stort sett på alle områda, og det bør derfor vera all grunn til å gjennomføra innsparingar utan at det fører til uforsvarlege tenester.»*

Vidare har kontrollutvalet merka seg revisor sin uttale og tilrådingar i revisjonsrapport nr. 6:

- Det vert peika på investering i aksjepost som er i strid med gjeldande finansreglement. Kommunen si leiing er klar over forholdet.
- Når det gjeld påløpt løn, ber revisor om at kommunen, for framtida, gjer avsetnad, slik at løna vert rett periodisert.
- Revisor påpeikar at kommunen har mangelfulle skriftlege rutinar. Dokumentasjon av oppdaterte og korrekte rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktiviteten blir gjennomført effektivt, i samsvar med retningslinjer og på ein trygg måte. Mangelfulle skriftlege rutinar gjer at kommunen er svært sårbar ved fråvær av nøkkelpersonell. Det vert rådd til at kommunen prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2016.
- Revisor ber og kommunen vera merksam på føringar når det gjeld avsetjing til fond. Revisor aksepterer avsetjing som er gjort vedr. krav på BKK / fordring i balansen med 1 mill.kr. ut frå informasjon som er gjeve frå leiinga.
- Vidare tilrår revisor at det frå 2016 vert utarbeida ein eigen plan slik at det kjem tydeleg fram kva som skal brukast av sjølvkostfonda.
- Revisor peikar og på at bruk av ubundne forn i investeringsrekneskapen er høgare enn budsjettert beløp samtidig som bruk av lån er lågare enn budsjett. Bruken av ubundne fond burde vore redusert og bruk av lån justert opp.

Ut over dette skriv revisor i sin revisjonsrapport at *«Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle feil i den framlagde rekneskapen.»*

Kontrollutvalet vil rå til at kommunen prioriterar å setje fokus på forbetningsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 6 frå Deloitte.

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med Kommuneloven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast.

I den framlagde årsmeldinga finn ein at det er gjort greie for dei tilhøva som er peika på i lova på ein god måte.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, og årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

**Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:**

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2015 er svakt, og ligg under både gjennomsnittet i landet og TBU sine anbefalingar.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 6 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2016.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2015 ikkje er tilfredstillande og at disposisjonsfondet er svært svakt.
- Årsmeldinga for 2015 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 06.04.2016 og revisjonsrapport nr. 6, med same dato, har kontrollutvalet ikkje merknader til Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015.

Kontrollutvalet i Samnanger kommune 20. april 2016.

Brigt Olav Gåsdal  
-Kontrollutvalsleiar-

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Kopi til : Samnanger kommune, formannskapet.

## Innholdsoversikt rekneskap 2015

	<b>Side:</b>
<b>Hovudoversikt og revisjonsmelding</b>	<b>side 1 - 7</b>
<b>Investeringsrekneskap</b>	<b>side 9 - 13</b>
<b>Driftsrekneskap</b>	<b>side 15 - 87</b>
- Rådmannen sitt kontor	15
- Stabseining	16
- Samnanger kyrkjestyre	23
- Næring	23
- Kultur	25
- Teknisk eining	32
- Skule- og barnehageadministrasjon	53
- Samnanger ungdomsskule	57
- Barnehage	59
- Samnanger barneskule	63
- Helsetunet	66
- Open omsorg	69
- Omsorgstenesta	74
- Sosialkontor	78
- Barnevern	80
- Flyktningkontoret	83
- Finans	83
<b>Balanserekneskap m/ kapitalkonto</b>	<b>side 89 - 96</b>
<b>Noter til rekneskapen</b>	<b>side 97 - 122</b>



**Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen**

Tall i 1 kroner	Rekneskap 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinnelig budsjett 2015	Rekneskap 2014
<b>FRIE DISPONIBLE INNTEKTER</b>				
Skatt på inntekter og formue 1)	-57 791 396	-56 785 000	-56 985 000	-53 045 604
Ordinart rammetilsko 1)	-79 433 958	-79 509 000	-79 131 000	-79 892 667
Skatt på eignedom	-16 370 904	-16 482 745	-16 582 745	-12 382 745
Andre direkte eller indirekte skattar 2)	-5 254 662	-5 455 457	-5 368 443	-5 366 994
Andre generelle statslisko 3)	-1 611 541	-1 284 833	-1 262 833	-2 236 006
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-160 462 461</b>	<b>-159 517 035</b>	<b>-159 330 021</b>	<b>-152 924 016</b>
<b>FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER</b>				
Renteinntekter og utbytte 4)	-1 773 583	-1 926 000	-1 005 000	-1 723 057
Gevinst finansielle instrument	-3 101	0	0	-6 383
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	2 526 138	3 178 000	3 178 000	3 202 989
Tap finansielle instrumenter	763 366	352 000	0	195 735
Avdrag på lån	5 407 963	5 355 000	5 355 000	5 077 730
<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>6 920 783</b>	<b>6 959 000</b>	<b>7 528 000</b>	<b>6 747 014</b>
<b>AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Til dekking av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetningar	176 979	285 979	285 979	108 979
Til bundne avsetningar 5)	2 865 398	1 721 994	1 634 980	2 724 472
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetningar	-177 000	-177 000	-177 000	-329 000
Bruk av bundne avsetningar 6)	-2 723 585	-2 302 051	-1 910 051	-4 207 769
<b>Netto avsetningar</b>	<b>141 792</b>	<b>-471 078</b>	<b>-166 092</b>	<b>-1 703 318</b>
<b>FORDELING</b>				
Overført til investeringsbudsjettet	43 124	200 124	437 000	0
Til fordeling drift	-153 356 763	-152 828 989	-151 531 113	-147 880 321
<b>Sum fordelt til drift (frå skjema 1b)</b>	<b>154 339 126</b>	<b>152 828 989</b>	<b>151 531 113</b>	<b>149 467 709</b>
<b>Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk</b>	<b>982 363</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 587 389</b>





**Rekneskapsskjema 2A - Investeringsrekneskapen**

Tall i kroner	Rekneskap 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinnelig Budsjett 2015	Rekneskap 2014
<b>FINANSIERINGSBEHOV</b>				
Investeringar i anleggsmidlar	99 672 671	127 606 373	118 799 091	16 416 142
Utlån og forskotering	572 006	417 000	437 000	3 615 403
Avdrag på lån	881 005	387 000	387 000	583 951
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetningar	2 151 132	0	0	200 000
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>103 276 814</b>	<b>128 410 373</b>	<b>119 623 091</b>	<b>20 815 495</b>
<b>FINANSIERING</b>				
Bruk av lånemidlar	-78 816 458	-101 196 896	-73 320 893	-14 021 020
Inntekter frå salg av anleggsmidlar	-2 366 888	-2 624 000	-2 624 000	-293 152
Tilskot til investeringar	0	0	-20 145 856	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	-17 955 831	-20 982 353	-19 948 342	-2 124 610
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-1 881 005	-387 000	-387 000	-583 951
Andre inntekter	0	0	0	0
<b>Sum eksterne finansiering</b>	<b>-101 020 182</b>	<b>-125 190 249</b>	<b>-116 426 091</b>	<b>-17 022 733</b>
Overført frå driftsbudsjettet	-43 124	-200 124	-437 000	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetningar	-2 213 508	-3 020 000	-2 760 000	-3 792 762
<b>Sum finansiering</b>	<b>-103 276 814</b>	<b>-128 410 373</b>	<b>-119 623 091</b>	<b>-20 815 495</b>
<b>Udekket / Udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## Økonomisk oversikt - Drift

Tall i kroner	Rekneskap 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinnelig budsjett 2015	Rekneskap 2014
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>				
Brukarbetaling	-6 668 190	-6 673 050	-6 353 000	-7 182 641
Andre salgs- og leigeinntekter	-14 036 331	-14 583 428	-15 288 528	-16 710 145
Overføringer med krav til motytelsar	-18 861 320	-16 075 109	-13 101 450	-19 754 466
Rammetilskot frå staten	-79 433 958	-79 509 000	-79 131 000	-79 892 667
Andre statlege overf.	-1 611 541	-1 284 833	-1 262 833	-2 236 006
Andre overføringer	-350 187	-92 699	-92 699	-1 590 335
Skatt på inntekt og formue	-57 791 396	-56 785 000	-56 985 000	-53 045 604
Eigedomsskatt	-16 370 904	-16 482 745	-16 582 745	-12 382 745
Andre direkte og indirekte skattar	-5 254 662	-5 455 457	-5 368 443	-5 366 994
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-200 378 489</b>	<b>-196 941 321</b>	<b>-194 165 698</b>	<b>-198 161 602</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	103 351 543	99 962 876	99 541 609	101 202 772
Sosialekostnader	27 736 398	29 531 459	30 139 083	28 419 167
Kjøp som inngår i kommunal prod.	26 189 753	25 493 196	23 430 376	25 468 175
Kjøp som erstattar eigen prod.	24 893 208	23 437 597	21 330 975	23 592 566
Overføringer	12 084 251	11 858 147	11 954 747	15 992 616
Avskrivningar	8 154 023	8 214 606	8 309 683	8 172 339
Fordelte utgifter	0	0	0	0
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>202 409 177</b>	<b>198 497 881</b>	<b>194 706 473</b>	<b>202 847 635</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>2 030 688</b>	<b>1 556 560</b>	<b>540 775</b>	<b>4 686 032</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>				
Renteinntekter og utbytte	-1 773 583	-1 926 000	-1 005 000	-1 723 057
Gevinst Finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-3 101	0	0	-6 383
Mottatte avdrag på lån	0	-30 000	-30 000	0
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-1 776 685</b>	<b>-1 956 000</b>	<b>-1 035 000</b>	<b>-1 729 440</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	2 526 138	3 178 000	3 178 000	3 202 989
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	763 366	352 000	0	195 735
Avdragsutgifter	5 407 963	5 355 000	5 355 000	5 077 730
Utlån	0	0	0	30 000
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>8 697 467</b>	<b>8 885 000</b>	<b>8 533 000</b>	<b>8 506 454</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>6 920 783</b>	<b>6 929 000</b>	<b>7 498 000</b>	<b>6 777 014</b>
Motpost avskrivningar	-8 154 023	-8 214 606	-8 309 683	-8 172 339
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>797 448</b>	<b>270 954</b>	<b>-270 908</b>	<b>3 290 707</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGER</b>				
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindre forb	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-177 000	-177 000	-177 000	-329 000
Bruk av bundne fond	-2 723 585	-2 302 051	-1 910 051	-4 207 769
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>-2 900 585</b>	<b>-2 479 051</b>	<b>-2 087 051</b>	<b>-4 536 769</b>
<b>AVSETNINGER</b>				
Overføring til investeringsrekneskap	43 124	200 124	437 000	0
Dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0
Avsetning disposisjonsfond	176 979	285 979	285 979	108 979
Avsetning til bundne driftsfond	2 865 398	1 721 994	1 634 980	2 724 472
<b>Sum avsetninger</b>	<b>3 085 501</b>	<b>2 208 097</b>	<b>2 357 959</b>	<b>2 833 451</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk</b>	<b>982 363</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1 587 389</b>
<b>Netto driftsresultat i % av driftsinntektene</b>	<b>-0,40 %</b>	<b>-0,14 %</b>	<b>0,14 %</b>	<b>-1,66 %</b>



**Økonomisk oversikt - Investering**

Tall i kroner	Rekneskap 2015	Regulert budsjett 2015	Opprinnelig budsjett 2015	Rekneskap 2014
<b>INNEKTER</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-2 366 888	-2 624 000	-2 624 000	-293 152
Andre salsinntekter	0	0	0	0
Overføringer med krav til motyting	-1 000 000	0	0	0
Kompensasjon for meirverdiavgift	-17 955 831	-20 982 353	-19 948 342	-2 124 610
Stattege overføringer	0	0	-20 145 856	0
Andre overføringer	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0
<b>Sum inntekter</b>	<b>-21 322 719</b>	<b>-23 606 353</b>	<b>-42 718 198</b>	<b>-2 417 762</b>
<b>UTGIFTER</b>				
Lønsutgifter	1 056 812	1 194 000	1 194 000	609 001
Sosiale utgifter	386 510	329 000	329 000	218 000
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	78 756 178	103 483 020	95 709 749	12 994 030
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	0	0	0	0
Overføringer	17 955 831	20 982 353	19 948 342	2 124 610
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 517 340	1 618 000	1 618 000	470 500
Fordelte utgifter	0	0	0	0
<b>Sum utgifter</b>	<b>99 672 671</b>	<b>127 606 373</b>	<b>118 799 091</b>	<b>16 416 142</b>
<b>FINANSIERINGSTRANSAKSJONER</b>				
Avdragsutgifter	881 005	387 000	387 000	583 951
Utlån	155 468	0	0	210 000
Kjøp av aksjar og andelar	416 538	417 000	437 000	3 405 403
Dekking av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	2 025 098	0	0	200 000
Avsetningar til bundne investeringsfond	126 033	0	0	0
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>3 604 143</b>	<b>804 000</b>	<b>824 000</b>	<b>4 399 354</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>81 954 095</b>	<b>104 804 020</b>	<b>76 904 893</b>	<b>18 397 733</b>
<b>FINANSIERING</b>				
Bruk av lån	-78 816 458	-101 196 896	-73 320 893	-14 021 020
Mottekne avdrag på utlån	-881 005	-387 000	-387 000	-583 951
Salg av aksjar og andelar	0	0	0	0
Overføringer frå driftsrekneskap	-43 124	-200 124	-437 000	0
Bruk av tidlegare års udisponert	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	-1 800 000
Bruk av bunde driftsfond	-1 796 970	-2 760 000	-2 760 000	-1 486 795
Bruk av ubundne investeringsfond	-416 538	-260 000	0	-505 967
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-81 954 095</b>	<b>-104 804 020</b>	<b>-76 904 893</b>	<b>-18 397 733</b>
<b>Udekket / Udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



**Balanserekneskapen**

Tall i 1 kroner	Noter	Rekneskap 2015	Rekneskap 2014
<b>EIENDELER</b>			
<b>A. ANLEGGSMIDLER</b>			
Faste eiendommer og anlegg	11	327 485 457	241 275 580
Utstyr, maskiner og transportmidler	11	5 297 655	5 655 416
Pensjonsmidler	5	195 006 773	181 082 921
Utlån		3 916 578	4 642 115
Aksjer og andeler	7b	4 769 153	4 352 615
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>536 475 617</b>	<b>437 008 647</b>
<b>B. OMLØPSMIDLER</b>			
Kortsiktige fordringer		16 464 788	16 217 603
Aksjer og andeler	7b	1 233 131	1 996 497
Sertifikater		0	0
Obligasjoner		0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	7a	39 476 687	29 763 042
Premieavvik	5	13 520 861	14 913 626
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>70 695 466</b>	<b>62 890 767</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>607 171 083</b>	<b>499 899 415</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>C. EGENKAPITAL</b>			
Disposisjonsfond	8	-100 358	-100 379
Bundne driftsfond	8	-13 368 840	-14 897 964
Ubundne investeringsfond	8	-2 169 324	-560 764
Bundne investeringsfond	8	-151 129	-151 129
Endring i regnskapsprinsipp drift (AK)		1 790 902	1 790 902
Endring i regnskapsprinsipp kapital (AK)		0	0
Regnskapsmessig meirforbruk	9	2 569 752	1 587 389
Regnskapsmessig mindreforbruk		0	0
Udisponert i investeringsregnskapet		0	0
Udekket i investeringsregnskapet		0	0
Kapitalkonto	10	-72 250 133	-49 607 649
<b>Sum egenkapital</b>		<b>-83 679 129</b>	<b>-61 939 593</b>
<b>D. GJELD</b>			
<b>LANGSIKTIG GJELD</b>			
Ihendehaverobligasjonslån		0	0
Pensjonsforpliktelser	5	-244 499 554	-240 202 558
Sertifikatlån		0	0
Andre lån	14	-243 785 420	-165 074 388
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>-488 284 974</b>	<b>-405 276 946</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Kassekredittlån		0	0
Annen kortsiktig gjeld		-31 597 011	-29 020 567
Premieavvik		-3 609 969	-3 662 308
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>-35 206 980</b>	<b>-32 682 875</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>-607 171 083</b>	<b>-499 899 415</b>
<b>MEMORIAKONTI:</b>			
Ubrukte lånemidler		24 059 487	17 875 945
Andre memoriakonti		3 591 890	4 914 403
Motkonto for memoriakontiene		-27 651 377	-22 790 347






## Noteoversikt rekneskap 2015

Note 1.	Administrativ organisering
Note 2.	Rekneskapsprinsipp.
Note 3 .	Vesentlige poster og transaksjonar.
Note 4.	Endring arbeidskapital
Note 5.	Pensjonsforplikting / pensjonsmidlar KLP og SPK
Note 6.	Garantiforpliktingar
Note 7a.	Bankinnskot, aksjar og rentevilkår
Note 7b.	Aksjar og eigardelar, spesifisert
Note 8.	Oversikt fond m/graf utvikling 2004-2015
Note 9.	Udisponert resultat
Note 10.	Kapitalkonto
Note 11.	Anleggsmidlar
Note 12.	Totaloversikt nybygg og nyanlegg.
Note 13.	Vesentlege investeringar i nybygg og nyanlegg
Note 14.	Lånegjeld og rentevilkår .
Note 15.	Lånegjeld fordelt på sjølvkostområdet.
Note 16.	Avdrag på gjeld 2 siste åra.
Note 17.	Sjølvkosttenester.
Note 18.	Årsverk i kommunen
Note 19.	Godtgjersle til rådmann og ordførar.
Note 20.	Interkommunalt samarbeid.
Note 21.	Revisjonshonorar.

## Note nr. 1 Administrativ organisering



Endra i løpet av 2015.

## Note nr. 2 Rekneskapsprinsipp

Rekneskapen i Samnanger kommune blir ført etter kommunale rekneskapsprinsipp nedfelt i Kommunelovens § 48, rekneskapsforskriftas § 7 og god kommunal rekneskapskikk.

Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og betyr at all tilgang og bruk av midlar i løpet av året som gjeld kommunen si verksemd skal gå fram av drifts- eller investerings-rekneskapen anten dei er betalt eller ikkje når rekneskapen vert avslutta.

I den grad den einkilde utgift eller inntekt ikkje kan fastsettast eksakt ved framlegging av rekneskapen vert forventa beløp ført i rekneskapen.

Driftsrekneskapen viser driftsutgifter og inntekter, finansutgifter og inntekter i kommunen og rekneskapsresultatet for året. Investeringsrekneskapen viser kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån m.m. og finansiering av kommunen sine investeringar.

Alle utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dvs. at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og vice versa. For lån er berre den delen som er nytta ført i investeringsrekneskapen. Unytta lånemidlar er registrert som memoriapost.

Avskrivningar blir viste som ein årleg kostnad som følgje av forbruk av aktiverte driftsmidlar. Avskrivningane påverkar kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir ført med motpost slik at kommunen sitt netto driftsresultat ikkje blir påverka. Årlege avdrag på lån påverkar derimot netto driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Årsaka til at avskrivningar blir førte i driftsrekneskapet er m.a. at beslutningstakarar og rekneskapsbrukarar skal kunne sjå desse

kostnadene presenterte i rekneskapen og vurderer dei i forhold til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter.

#### **Klassifisering og verdivurdering av anleggsmidlar, omløpsmidlar og gjeld.**

I balanserekneskapen er anleggsmidlar definerte som eigendelar bestemt til varig eige eller bruk for kommunen. Andre eigendelar er omløpsmidlar. Anleggsmidlar med avgrensa levetid vert avskrivne liniært, dvs med like store årlege beløp over levetid. Avskrivning startar året etter at anleggsmiddelet er kjøpt eller tatt i bruk. Avskrivingsperioden er i tråd med § 8 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffelseskost. Omløpsmidlar er oppført i balansen med verkeleg verdi. Uteståande fordringar er vurdert til pålydande. Dersom kommunen eig aksjar i eit selskap av andre grunnar enn avkastning, er desse aksjane klassifiserte som anleggsmidlar. Aksjar og aksjefond som er kjøpt pga forventa avkastning er klassifiserte som finansielle omløpsmiddel og skal bokførast med verkeleg verdi i balansen. Aksjar og aksjefond som ikkje er børsnoterte er bokført til lågaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Jfm. forskrift om årsrekneskap og årsberetning § 8

Kommunen følgjer KRS (4) nr. 4 som gjeld avgrensinga mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen. Standarden er viktig for å skilja mellom vedlikehald og påkosting i høve til anleggsmidlar. Utgifter som representerer ein standardheving av anleggsmiddelet ut over standarden ved kjøp, er utgiftsførte i investeringsrekneskapen og aktiverte i balansen. Langsiktig gjeld er knytt til føremål i kommunelova § 50. Kommunen har ikkje teke opp likviditetslån. All anna gjeld er kortsiktig gjeld. Det er betalt avdrag etter vedteken plan. Vurderingane for eigendelar gjeld tilsvarande for kortsiktig og langsiktig gjeld. Rentekostnadene vert periodisert i rekneskapen etter oppgåve frå bankane.

#### **Sjølvkostberekningar.**

Innafor dei rammer der sjølvkost er sett som den rettslege ramma for kva kommunen kan krevja av brukarbetalingar, fastset kommunen sjølvkost etter retningslinjer gitt av kommunal- og regiondepartementet i rundskriv H-3/14. Dette erstattar H-2140 frå 2003. Ein av hovudendingane er at det vert nytta 5-årig swaprente med eit tillegg på 0,5 %. For dei tenester kommunen sjølv har valt å krevja brukarbetalingar etter sjølvkostprinsippet følgjer me dei same retningslinjer.

#### **Mva-plikt og mva-kompensasjon.**

Kommunen følgjer reglane i meirverdiavgiftslova for dei tenestekområda som er omfatta av lova. Dette gjeld vatn, avløp, septiktanktømming, feiing og næringsbygg. For kommunen si øvrege verksemd krev kommunen meirverdiavgiftskompensasjon. Mottatt kompensasjon for betalt mva er finansiert av kommunen gjennom redusert statstilskot i inntektssystemet. Meirverdiavgift i samband med investering er frå og med 2014 ført direkte til inntekt i investeringsrekneskapen.

#### **Generelle merknader.**

Sparebanken Vest (SPV) og DNB er framleis kommunen sine bankar, og samarbeidet med dei er godt. Ved utgangen av året er renta på særvilkår (fond) 1,0 % (SPV), og på driftskontoen 1,0 % (SPV) / 0,35 % (DNB). Alle bankkontoane vert avstemte mot rekneskap ved utgangen av kvar månad, og renta av fondskapitalen vert nytta i driftsrekneskapen slik tidlegare vedteke. Kommunen si fakturahandsaming er frå juni 2011 gjort elektronisk. Faktura vert no sendt på "flyt" for elektronisk signering av attestant og tilvisar før økonomikontoret bokfører og betalar. Rekningane vert betalt på forfall så sant faktura er tilvist i rimeleg tid før forfall.

## Noteoversikt rekneskap 2015 – Samnanger kommune


Samnanger kommune er saman med Os kommune og Fusa kommune med i Bjørnefjorden Næringsutvikling. Samnanger fører, for 7.året, rekneskapen for Bjørnefjorden Næringsutvikling. Ordføraren i Fusa er styreleiar og rådmann i Samnanger er sekretær. Styret er sett saman av dei 3 ordførarane og 2 representantar for næringslivet (Fusa og Samnanger). Bankkonti som gjeld Bjørnefjorden Næringsutvikling er ført inn i balansen.

### Note nr. 3 Vesentlige postar og transaksjonar

Rekneskapen for 2015 viste før avslutning eit meirforbruk på kr 1 247 901,49 og det måtte gjennomførast strykingar i henhold til § 9 i forskrift om årsrekneskap:

- Stryke overføringa frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 156 538,00
- Føre tilbake avsetning til disposisjonsfond\* kr 109 000,00
- Meirforbruk 2015 etter stryking kr 982 363,49

\*Total avsetning til disposisjonsfond var på kr 285 979, men alt utover kr 109 000 var disponert i budsjett 2015. I investeringsrekneskapen vart det nytta ubunde investeringsfond.



**Rekneskapsskjema 1 B. Driftsrekneskap netto pr ansvar/ eining**

	Rekneskap 2015	Rev.budsjett 2015	Opphavleg budsjett 2015	Rekneskap 2014
Rådmann og ped.tenester	3 040 137	3 152 305	3 352 305	2 593 667
Kyrkjestyre og livssyn	2 301 644	2 314 000	2 300 000	2 299 084
Næringsføremål	-1 416 568	-2 381 840	-3 481 840	-3 798 154
Interne tenester	12 330 174	12 323 965	12 768 384	12 018 739
Kultureininga	3 311 501	3 314 275	3 354 275	3 053 458
Teknisk eining	17 371 290	16 783 234	16 582 629	11 668 028
Skule- og barnehage (adm.felles)	6 037 453	6 624 873	7 462 504	6 514 788
Samnanger ungdomsskule	9 191 053	9 634 631	10 280 132	10 296 969
Samnanger barneskule	19 147 498	19 436 589	19 391 803	20 458 720
Barnehageeininga	14 367 044	14 790 106	14 655 160	15 412 694
Sosial- og helsetenesta	17 271 122	17 441 432	18 195 737	19 302 123
Pleie- og omsorstenesta	54 310 845	52 554 511	50 305 511	53 449 677
Finans- og interne transaksjonar	-157 263 194	-155 988 081	-155 166 600	-153 269 792
Sum	0	0	0	0

**Vesentlege postar**

I det etterfølgjande vert det kort gjort greie for kva område dei største summene er retta mot med bakgrunn i det som tidlegare i året er blitt sagt om den økonomiske situasjonen for Samnanger kommune.

	Rekneskap 2015	Rev.budsjett 2015	Avvik
Einingane	156 378 118	156 055 921	-322 197
premieavvik og bruk av fond	-1 589 723	-1 978 147	-388 424
Konsesjonskraft	-1 524 015	-2 500 000	-975 985
Skatt, ramme og inntekstutjamning	-141 500 559	-140 764 000	736 559
Netto gevinst lågare rente	3 296 618	3 663 000	366 382
Ureslisert tap aksjar	763 366	352 000	-411 366

(Eit minus tal i avvik er eit meirforbruk eller ein lågare inntekstpost)

**Disposisjonsfond**

Disposisjonsfondet var pr 01.01.2015 på kr 100 378,66. Av dette er 100 000 disponert i vedtak KS 4/13 til arealplan. Saldo pr 31.12.2015 er kr 100 357,66. Udisponert er kr 357,66. Avsetning til disposisjonsfondet vart i samband med årsavslutninga ført tilbake med kr 109 000,- jfr § 9 i forskrift om årsrekneskap.

For detaljert oversikt over disposisjonsfondet sjå note 7

## Noteoversikt rekneskap 2015 – Samnanger kommune

### Fond Sima - Samnanger

I samband med vedtak om å byggje kraftleidning mellom Sima og Samnanger vart det av Olje- og energidepartementet løyvt kr 100 mill til avbøtande tiltak. Samnanger kommune sin del er kr 8.213.509. Det er gjennom fylkesmannen avklart med departementet at desse midlane er å sjå på som kommunestyret sine øyemerka midlar og kan nyttast både i drift og investering. Desse midlane er i samsvar med kommunestyrevedtak 58/11 sett av til fond. Disponering av midlane vart gjort i sak 15/12.

Oversikt viser bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Lån av fondet er på kr 2 656 000 (merka med grått). Før låna vert tilbakebetalt er det kr 2 131 521 som er disponibelt til vedtak.

	Vedtak KS 15/12	Omdisponert	2 012	2 013	2 014	2 015	Sum	Rest
<b>Mottatt fond</b>							8 213 509	
<b>Bruk:</b>								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-1 689 981	-310 019			-2 000 000	0
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-225 000		-158 563			-158 563	116 437
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000				-225 000	-225 000	0
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000			-10 814		-10 814	99 186
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		690 000			-164 544	-94 544	-259 088	430 912
KS 15/12 Førebyggjande ungdomsarbeid	1 500 000	-145 000			-43 523	-140 000	-183 523	1 171 477
KS 69/14 Motorcrossbane		145 000					0	145 000
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000						0	1 400 000
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000			0		0	1 411 000
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000			-589 000		-589 000	0
KS 63/13& 57/14 Innføring e-skatt (lån)					-1 188 000	-112 000	-1 300 000	
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)						-280 000	-280 000	
KS 63/13 KLP EK-tilskot					-1 076 000		-1 076 000	
Udisponert	13 509							
<b>Sum vedtak/ bruk</b>	<b>8 213 509</b>		<b>-1 689 981</b>	<b>-468 582</b>	<b>-3 071 881</b>	<b>-851 544</b>	<b>-6 081 988</b>	<b>2 131 521</b>

### Premieavvik og premiefond

Premieavviket inkludert arbeidsgjevaravgift er negativt og er ført som ei utgift med kr 6 717. Denne utgifta skal inntektsførast dei neste 7 åra med lik sum kvart år. I 2015 har kommunen kostnadsført akkumulert premieavvik med kr 1 333 709.

I 2015 er det brukt kr 2 987 335 (inkl arbeidsgjevaravgift) av premiefond. Premiefondet vert fortløpande brukt til å betala pensjonspremien med. Når det blir brukt av premiefondet, blir premieavviket (inntekt) lågare. Bruk av fond blir ført som ei redusert utgift. Desse to postane utjamnar kvarandre. Fordelen med å bruka av fond er at me reduserer dei akkumulerte utgiftene dei neste 7 åra (tidlegare 10 år).

Premieavviket blir positivt når premieinnbetalinga er større enn årets netto pensjonskostnad. Årets netto pensjonskostnad er noverdien av årets pensjonsopptening tillagt rentekostnader av påløpte pensjonsforplikting og fråtrekt forventa avkastning på pensjonsmidlar. Nettoverknaden blir dermed at det blir utgiftsført eit lågare beløp enn den faktiske premien (pensjonskostnaden).

## Noteoversikt rekneskap 2015 – Samnanger kommune

Sum premieavvik og bruk av premiefond gir for 2015 ei inntekt på kr 1 598 730,20 (kr 3 684 763,90 i 2014).

### **Konsesjonskraft**

Samnanger kommune selde konsesjonskrafta for 2015 på spot-marknaden. Prisane har i 2015 vore lågare enn forventta og inntekta vart kr 1 524 015 som er kr 975 985 lågare enn revidert budsjett og kr 2 075 985 lågare enn opphavleg budsjett.

### **Aksjar og aksjefond**

Samnanger har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Verdi pr 30.09.2015 var på kr 31,50 pr aksje. (Verdi pr 31.12.2015 er ikkje klar pr 10.02.16) Dette er ein reduksjon på kr 19,50 pr aksje frå 01.01.2015. Bokført verdi for Nordisk Areal Invest as er kr 1 233 131 som gjev eit urealisert tap på kr 763 366. I 2015 vart det betalt ut utbytte på totalt kr 861 234. Til saman er det betalt ut utbytte på totalt kr 1 918 203 i perioden 2013 – 2015.

Aksjane vart kjøpt for kr 4.000.000,- i oktober 2007. Styret i Nordisk Areal Invest as har i desember 2015 anbefalt sal av den siste eigeiendomen i porteføljen. Etter at salet vert gjennomført, vil Nordisk Areal Invest as ha forpliktingar dei neste 6 – 12 månadane for deretter bli lagt ned og tilgjengeleg eigekapital vert tilbakebetalt til aksjonarane .

Pluss pengemarked har gitt ein verdiauke på kr 3 101,38

### **Tap på krav**

Det er i 2015 bokført tap på krav med kr 56 332,81. Dei største summene er knytt til eit dødsbu utan midlar i buet og ein person utan fast bopel. Det er i tillegg sett av kr 11 249,30 til tapsfond for å ha inndekning for forventta framtidige tap. Summen er 1/10 del av det som er sendt til Namsmannen og der resultatet har vore ”intet til utlegg”. Det vert heile tida arbeidd systematisk med innkrevjing.

### **Tilskot**

Kommunen har i 2015 mottatt fleire tilskot frå stat og fylkeskommune. Det er m.a. mottatt tilskot til 75 % stilling på barnevern, folkehelsekoordinator, ressurskrevjande brukarar og tilskot til kompetanse og innovasjonstiltak i helse- og omsorgsektoren. .

Øyremerka tilskot og gåver til spesielle tiltak og prosjekt i kommunen som ikkje er brukt i løpet av 2015, er sett av på fond. Dette går fram av balansen side 5 og 6.

### **Anna**

Kommunen har i alt 11 bilar på leasingavtale. Ingen bilar vart skifta ut i løpet av 2015. Alle leasingbilane er i pleie- og omsorg og alle avtalene er operasjonelle leasingavtaler.

Kommunen har i 2012 og 2013 bokført ei inntekt på kr 163 171 for leiga/ opprydding på kai i Rolvsvåg. Rolvsvåg industrihavn vart i 2014 tatt under konkursbehandling, men det vart ikkje godkjent konkurst. Me arbeidar framleis med å få kravet betalt.



**Note nr. 4 Endring i arbeidskapital**

Endring i arbeidskapital seier noko om utviklinga i kommunen sin betalingsevne.

<b>Note 4</b>	<b>Endring i arbeidskapital</b>		
Balanserekneskapen	<b>31.12.2014</b>	<b>31.12.2015</b>	<b>Endring</b>
2.1 Omløpsmidlar	62 890 767,47	70 695 466,46	
2.3 Kortsiktig gjeld	-32 682 875,49	-35 206 980,00	
<b>Arbeidskapital</b>	<b>30 207 891,98</b>	<b>35 488 486,46</b>	<b>5 280 594,48</b>
Endring ubrukte lånemidlar konto 291 (auke -/reduksjon +)	17 875 944,60	24 059 486,87	-6 183 542,27
<b>Sum endring for avstemming mot drift og investering</b>			<b>-902 947,79</b>
<b>Drifts- og investeringsrekneskapen år 2015</b>	<b>Beløp</b>	<b>Sum</b>	
<b>ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT</b>			
+ Sum driftsinntekter	200 378 488,65		
- Sum driftsutgifter	202 409 177,02		
+ Eksterne finansinntekter	1 776 684,50		
- Eksterne finansutgifter	8 697 467,02		
+ Motpost avskrivningar (990)	8 154 023,30		
<b>Sum driftsrekneskapen</b>	<b>-797 447,59</b>	<b>-797 447,59</b>	
<b>ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING</b>			
+ Sum inntekter	21 322 718,85		
- Sum utgifter	98 155 330,78		
<i>Eksterne finansutgifter</i>			
- Renteutgifter art 500	1 517 340,00		
- Avdragsutgifter art 510	881 005,00		
- Utlån art 520	155 468,00		
- kjøp av aksjer og andeler art 529	416 538,00		
<i>Eksterne finansinntekter</i>			
+ Bruk av lån art 91	78 816 457,73		
+ Mottatte avdrag på utlån art 920	881 005,00		
+ Sal av aksjar og andelar art 929	0,00		
<b>Sum investeringsrekneskapen</b>	<b>-105 500,20</b>	<b>-105 500,20</b>	
<b>Endring arb.kap jf drifts- og inv.rekneskapet</b>			<b>-902 947,79</b>
<b>Sum endring arbeidskapital jf balansen</b>			<b>-902 947,79</b>

**Note nr. 5 Pensjonsforplikting/ pensjonsmidlar**

Generelt om pensjonsordninga i kommunen

Kommunen har i 2015 hatt kollektiv pensjonsordning for alle tilsette: Kommunal landspensjonskasse ( KLP) (sjukepleiarar og fellesordning), Statens pensjonskasse (SPK) (lærarar). Kollektiv pensjonsordning sikrar ytingsbasert pensjon for tilsette. Pensjonsordninga omfattar alders-, uføre-, ektefelle-, barnepensjon og AFP / tidleg pensjon og sikrar alders- og uførepensjon med samla pensjonsnivå på 66% saman med folketrygda. Pensjonane samordnast med utbetaling frå folketrygda. Tilsette har ved fylte 62 år rett til avtalefesta pensjon (AFP) etter bestemte reglar. Frå 01.01.2014 vart kommunen si avtale med DNB sagt opp og ny avtale er inngått med KLP. Det er og inngått avtale om 100 % utjamning av AFP-uttak med KLP og at pensjonsfond fortløpande skal nyttast til å betale faktura.

Tariff for dødelegheit er K2005 i KLP og SPK, tariff for uføre er K2013BE i KLP og K1963 i SPK.

**Tilsette fordelt på selskap:**

	Aktive	Slutta m/rettar	Pensjonistar
KLP	259 (253)	224 (199)	138 (130)
SPK	41 ( 45)	-	1 ny (1 ny)

Tal i 2014 i parantes

Rekneskapsføring av pensjon jf. § 13 i forskrift for årsrekneskap.

Pensjonsmidlar og pensjonsforplikting er oppført i balansen som anleggsmidlar (balansekonto 219\*) og langsiktig gjeld (balansekonto 240\*). Pensjonsforplikting består av den diskonterte verdien av dei samla framtidige pensjonsytningar som er opptente ved utgangen av året. Forpliktinga er berekna ut frå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endringar i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad er premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapet ( ansvar 9005, funksjon 1700)

**Oversyn over samla premieavvik, pensjonsmidlar og pensjonsforplikting.**

2015	KLP		SPK		ALLE SELSKAP	
	Årets	Akkumulert	Årets	Akkumulert	Årsummar	Totalsummar
Premieavvik	-405 979	9 000 343	400 092	-314 164	-5 887	8 686 179
Arb.gj.avgift	-57 243	1 269 048	56 413	-44 297	-830	1 224 751
Auke pensjonsmidlar	13 872 495	167 336 888	51 357	27 669 885	13 923 852	195 006 773
Auke pensjonsforplikting	10 666 405	205 588 948	-5 179 762	32 794 496	5 486 643	238 383 444
Arb.gj.avg. Auke/red.	-452 059	5 393 540	-737 588	722 570	-1 189 647	6 116 110

Årsummane finst i balansen på konto 220 og 240 side 4,5, 7 og 8 og på kapitalkonto side 6. I tillegg står premieavviket i driftsrekneskapen ansvar 9005

Frå 2011 kom ei endring i §13 i rekneskapsforskrifta om pensjon. Amortiseringstida vart endra frå 15 år til 10 år, frå 2015 er amortiseringstida redusert ytterlegare til 7 år. Estimataavvik er balanseført fullt ut frå og med 2011.

**Føresetnader for berekningar i dei ulike selskapa.:**

Selskap	Diskonteringsrente	Lønnsvekst	G-regulering	Avkasting
KLP	4,00 %	2,97 %	2,97 %	4,65 %
SPK	4,00 %	2,97 %	2,97 %	4,35 %

Noteoversikt rekneskap 2015 – Samnanger kommune

**Spesifikasjon årets pensjonskostnad.:**

	2 013	2 014	2 015
Sum pensjon konto 1/0.090x	11 664 949	13 293 563	13 487 590
- akkumulert premieavvik	1 370 829	1 449 763	1 168 894
+ Årets premieavvik (når inntekt)	789 340	-1 966 080	-5 887
+ bruk av premiefond	3 738 930	6 645 259	2 618 173
Ordinær pensjonsutgift	14 822 390	16 522 978	14 930 982

Kollektiv gruppelevforsikring er i 2013 bokført på kostraart 010, i 2014 og 2015 på 090

**Note nr. 6 Kommunen sitt garantiansvar pr 31.12.2015**

Gitt overfor - navn	Adresse	Beløp	Går ut dato
BIR (lån KLP)	5000 Bergen	2 077 314	02.09.2051
Midthordlandske Dampskipsselskap Holding as	5200 Os	100.000	31.12.2019
<b>Sum garantiansvar</b>		<b>2 235 017</b>	

BIR har betalt ut kr 8 425 i garantiprovisjon (kr 11 041 i 2014).  
Det er ikke kostnadsført tap på garantiar i 2015.

**Note nr. 7a Innskot, aksjar og rentevilkår**

	31.12.2014		30.04.2015		31.08.2015		31.12.2015	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot i SPV (driftskonto)	2,63	12 %	6,35	11 %	0,61	2 %	9,38	30 %
Innskot i SPV (fondskonto)	16,90	78 %	52,93	88 %	27,93	97 %	20,34	65 %
Ein viktig milepæl vart nådd då endeleg startsignal for bygging av ny sjukeheim vart gitt av kommunestyret i august 2014. Bygginga kom i gang i november 2014, og ein ny milepæl vart nådd 31. mars 2016 då me tok **den nye Samnangerheimen** i bruk. Me har no fasilitetane på plass for å kunne gje gode og varierte tenester til dei eldre, og me vil kunne driva meir kostnadseffektivt enn tidlegare. Det må til skal me kunne forsvare dei store investeringane.

I 2015 vart ny **administrativ organisering** innført. Innføringa skjedde gradvis og i løpet av heile året, m.a. fordi det skulle rekrutterast personell i ein del av stillingane. Med den nye organisasjonen der rådmannsnivået er styrka må me kunne halda fokus på overordna leiing, styring og samfunnsutvikling. Rapporten om internkontroll viser at me har ting å ta tak i, eit arbeid som alt er starta. Det er gjort grep og utarbeidd rutinar og planar for å imøtekoma delar av kritikken. Arbeidet fortset for fullt i 2016.

Kommunen sin **økonomi** er vanskeleg. Først og fremst skuldast det at inntektene våre frå kraftproduksjonen svikter. Inntektene frå sal av konsesjonskraft har stupt frå 6,3 mill. kroner i 2010 til 1,5 mill. kroner i 2015. Det er dramatisk for ein kommune som er så avhengige av desse midlane i den ordinære drifta. I planlegginga vår må me nok leggja til grunn at inntektene i 2015 vil vera det ”normale”.

Rekneskapen for 2015 viser at me har eit meirforbruk i einingane i høve til revidert budsjett på 320.000 kroner og eit samla meirforbruk i drifta på **980.000 kroner**. Dette til tross for jamt over god budsjett disiplin og innkjøpsstopp store delar av året. Det vert krevjande å dekkja inn underskotet, og rådmannen ser det som heilt urealistisk å gjera det i 2016. Dei fleste einingane har hatt mindreforbruk til tross for at dei i løpet av året fekk redusert ramma si. Forventningar om svikt i skatteinntangen i tillegg til bortfall av kraftinntekter gjorde at kommunestyret fatta vedtak om innkjøpsstopp. Sjølv om skatteinntangen tok seg opp i siste halvår, og me enda godt over opphavleg budsjett, sto innkjøpsstoppen ved lag heile året.

På eit område – i **eldreomsorga** – er det eit stort **meirforbruk**. I budsjettet vart det lagt inn to føresetnader for å ha kontroll med kostnaden i den mellombelse drifta, høgare grunnbemanning som skulle hindra inntak av vikarar ved fråvær og redusert bruk av vikarbyrå. Høgare grunnbemanning og endringar i måten me drifta på var positive for arbeidsmiljøet og resulterte i svært lågt sjukefråvær. Men sjukeheimsdrift to stader viste seg å krevja fleire sjukepleiarar på jobb samstundes. Når så fleire av dei vart sjukmelde, måtte det brukast meir personell frå vikarbyrå for at drifta var fagleg forsvarleg. Det var heller ikkje eige personell som kunne ta på seg ansvar for særskild krevjande pasient, og det vart derfor ikkje mogleg å redusera på bruken av vikarbyrået, heller tvert om. Samhandlingsreforma og utviklinga i samfunnet generelt har ført til auka krav til kompetanse, og det må takast grep for å styrka sjukepleiebemanninga i kommunen.

Den økonomiske situasjonen til Samnanger kommune er krevjande. Samanlikna med andre brukar me fleire kroner stort sett på alle områda, og det bør derfor vera all grunn til å gjennomføra innsparingar utan at det fører til uforsvarlege tenester. Samstundes veit me at det er område innan teknisk som har vore forsømd og som treng midlar straks. I budsjettet for 2016 er det gjort nokre forsiktige grep for å kutta kostnad. Dette skjedde ikkje utan protestar, og det krev politisk mot til å stå i denne støyen. Men situasjonen er så pass alvorleg at det krev handling. Effekten av reduserte ressursar vil gjera at kvaliteten på og/eller omfanget av tenester går ned.

## Kommentarar til driftsrekneskapen

Rekneskapen hadde før strykingar eit meirforbruk på 1,25 mill kroner. Samanlikna med revidert budsjett kan me oppsummert sei at meirforbruket (underskotet) etter stryking skuldast:

Meirforbruk einingane	-0,32 mill kroner
Konsesjonskraft	-0,97 mill kroner
Skatt, ramme og inntektsutjamning	+ 0,74 mill kroner
Netto premieavvik og fond	- 0,39 mill kroner
Nettogeinst lågare rente	+0,37 mill kroner
Urealisert tap aksjar	-0,41 mill kroner

Strykingar er gjort i samsvar med § 9 i forskrift om årsrekneskap og er gjennomført på denne måten:

- Stryka overføringar frå drift til investering	0,16 mill kroner
- Føra tilbake avsetning til disposisjonsfond	0,11mill kroner
<u>Meirforbruk 2015 etter stryking</u>	<u>0,98 mill kroner</u>

	Opphavelg budsjett	Rev.budsjett	Rekneskap	
<b>Skatteinntekter</b>	61 455 000	61 255 000	62 066 601	
<b>Rammetilskot inkl. inntektsutjamning</b>	79 131 000	79 509 000	79 433 958	
<b>Samla</b>	140 586 000	140 764 000	141 500 559	<b>736 559</b>

Kommunane har samla hatt ein auke i skatteinngangen på 5,9 % frå 2014. Året før var auken på 1,9 %. I statsbudsjettet var det lagt til ein grunn ei auka på 4,7 %. Skatteinngangen var lågare enn forventa i første del av 2015 med ein skattevekst pr mai på 4,6 % for landet. I revidert statsbudsjett fekk kommunane kompensert for delar av skattesvikten, og Samnanger kommune fekk auka rammetilskotet med kr 381 000. I tillegg fekk kommunane kompensert for auka administrative utgifter til nasjonal moderasjonsordning for foreldrebetaling i barnehage. Totalt auka kommunen sitt rammetilskotet i revidert nasjonalbudsjett med 471 000 kroner.

Kommunen fekk også, saman med dei fleste kommunane i Hordaland, tildelt kr 142 000 i ekstra skjønsmidlar frå fylkesmannen i Hordaland som fylgje av svak økonomi i kommunane. Samla sett fekk kommunen auka ramma med kr 613 000. Kommunen sin skatteinngang, som inkluderer naturressursskatten, er på 96,1 % av landsgjennomsnittet. Inkludert inntektsutjamninga er kommunen på 97,2 % av landsgjennomsnittet. Tilsvarende tal for 2014 er 93,5% og 96,1 %.


Inntekt frå skatt og ramme vart nedjustert med kr 965 000 i juni pga av skattesvikten som var første del av året. Då skatteinngangen tok seg opp utover hausten, vart inntekta oppjustert til kr 178 000 over opphavelg budsjett. Totalt fekk kommunen inn kr 736 559 meir enn forventa i revidert budsjett.

Samanlikna med 2014 fekk kommunen 4,17 mill kroner meir i inntekter frå ramme og skatt. Dvs ein auke på 3 %.

### Finansielle nøkkeltal

Det var tidlegare tilrådd at kommunane bør ha eit netto driftsresultat i rekneskapen på minimum 3% av driftsinntektene. Frå 2014 vert investeringsmoms direkte inntektsført i investeringsrekneskapen. Det gjer at det anbefalte kravet no er på 1,75 %. Årsaka til det anbefalte kravet er at kommunane skal kunna setja av midlar for å møte mellombels ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Fylkesmannen er oppteken av dette nøkkeltalet og gir kommentar på det i si tilbakemelding til budsjett og rekneskap. Samnanger har i 2015 eit negativt netto driftsresultat på 0,4 % av brutto driftsinntekter. I 2014 hadde kommunen eit negativt resultat på 1,66 % .

Det er ei realiteten ikkje pengar att på disposisjonsfondet pr 31.12.2015. M.a.o. har ikkje kommunen buffer til å handtera uføresette hendingar. Kommunen må snarast ta grep for å bygga opp eit disposisjonsfond.



### Einingane

Tabellen under viser revidert budsjett og rekneskap for driftsdelen av rekneskapen og avviket mellom budsjett og rekneskap. Eit tal i minus er eit meirforbruk (underskot). I tillegg viser den avvik mellom budsjett og rekneskap på det som gjeld finanskonti i rekneskapen. Dette vil gjelda avskrivningar, kalkulatoriske renter, avsett til og bruk av fond. Totalt har einingane inkludert rådmann, eit meirforbruk på kr 322 197.

	Revidert budsjett drift			Rekneskap drift			Avvik drift	Avvik finans	Sum avvik
	Inntekter	utgifter	netto	Inntekter	utgifter	netto			
Pleie/ omsorg	-8 665	61 220	52 555	-8 730	63 089	54 359	-1 804	48	<b>-1 756</b>
Sosial og helse	-2 636	20 108	17 472	-2 919	20 413	17 494	-22	192	<b>170</b>
Barnehage	-3 740	18 530	14 790	-4 078	18 442	14 364	426	-3	<b>423</b>
Kultur	-895	4 819	3 924	-1 322	5 181	3 859	65	-62	<b>3</b>
Barneskule	-2 629	22 066	19 437	-3 398	22 543	19 145	292	-3	<b>289</b>
Ungdomsskule	-1 238	10 872	9 634	-1 409	10 515	9 106	528	-84	<b>444</b>
Teknisk	-12 036	26 189	14 153	-13 298	27 355	14 057	96	-684	<b>-588</b>
Stab	-618	12 899	12 281	-950	13 235	12 285	-4	-2	<b>-6</b>
Skule- og barnehageadm, VO	-2318	9202	6 884	-2933	9202	6 269	615	-28	<b>587</b>

(meirforbruk -/ mindreforbruk +)(tala i 1.000 kr )

Svikt i skatteinntektene dei første 5 månadane gjorde at einingane vart pålagt eit kutt på til saman kr 525 000. Kuttet vart fordelt ut på dei fleste av einingane med unnatak av pleie og omsorg. Det vart i tillegg innført innkjøpsstopp. Skatteinngangen betra seg utover hausten, men innkjøpsstoppen vart vidareført då det viste seg at pleie- og omsorg ville få eit større meirforbruk. Det vart vedtatt eit ytterlegare kutt på budsjettet til ungdomsskulen på 600.000 kroner.

**Pleie og omsorg (PLO).** Resultat: meirforbruk 1 756 000 kroner Avvik 3,23 %. Sum netto resultat 54,3 mill kroner. Dette er den største eininga og berre små prosentvise avvik gir store avvik i kroner. Det er derfor veldig viktig med god budsjettkontroll.

Det var krevjande å laga budsjett for sjukeheim og heimetenester i 2015. Sjukeheimen vart drifta både på Vaksdal og i omsorgsbustadene på Hammahaugen, og det ga naturleg nok utfordringar også økonomisk. Budsjettet for 2015 var ikkje basert på erfaring, men vart laga ut ifrå dei opplysningane og måla me hadde i september/ oktober 2014. Ein av føresetnadane i mellombels drift var at ingen tilsette skulle permitterast eller mista jobben. Det gjorde at grunnbemanninga har vore litt høgare enn nødvendig. I budsjettet vart det derfor lagt til grunn mindre vikarbruk enn vanleg. Dette slo ikkje til som forventa mellom anna pga at det måtte inn vikarar for sjukepleiarar med lengre sjukefråvær. Det var og ein føresetnad å erstatta personell frå vikarbyrå med eigne tilsette. Det viste seg at dette ikkje var mogeleg å få til sjølv om stillingar vart lyste ut. I staden vart det eit meirforbruk med å bruka vikarbyrå på kr 685 000.

Det var heller ikkje tatt budsjettmessig høgde for ekstra utgifter med å ha fleire sjukepleiarar på jobb fordi det vart driven sjukeheim på to stadar. Pleie og omsorg fekk styrka budsjettet med 2,1 mill kroner i løpet av 2015. Til tross for det vart overforbruket på vel 1.7 mill. kroner.

**Sosial- og helseeininga.** Resultat: mindreforbuk 170 000 kroner. Avvik : 0,98 %. Sum netto resultat 17,3 mill kroner. Frå og med 2015 er 30 % tilsynslege på sjukeheimen ført på sjukeheimen og ikkje på legekantoret som tidlegare. Ordninga med medfinansiering somatiske tenester vart avslutta i 2014, men det siste oppgjeret kom først no på slutten av 2015. Samnanger fekk refundert for mykje innbetalt med kr 115 000. Barnevern hadde eit meirforbruk på kr 181 000 mot revidert budsjett og eit mindreforbruk på kr 125 000 mot opphavleg budsjett.

Sosial- og helseeininga vart i vedtak KS 12/15 pålagt å redusera budsjettet med kr 10 000. Budsjettet vart seinare ytterlegare redusert med netto kr 296 000.

**Kultureininga.** Resultat: mindreforbruk 3 000 kroner. Avvik: 0,09 %. Sum netto resultat 3,2 mill kroner.

Av kuttet på 525 000 kroner vart eininga pålagt eit kutt på kr 40 000.

**Samnanger barneskule.** Resultat: mindreforbruk 289 000. Avvik 1,51 %. Sum netto resultat 19,15 mill kroner. Det er innsparing på skule med kr 817 000, men eit meirforbruk på sfo på kr 429 000 og på skuleskyss med kr 99 000. Skulen fekk kr 193 000 meir i refusjon frå staten enn budsjettet og kr 443 000 meir frå andre kommunar (hovudsakleg gjesteelevar som er i beredskapsheimar). Skulen vart i opphavleg budsjett for 2015 pålagt å spara kr 500 000. Dette kuttet vart i sin heilskap tatt hausten 2015, og det tilsvarar eit kutt på 200 % assistent stilling.

Av kuttet på kr 525 000 vart eininga pålagt eit kutt på kr 50 000.

**Samnanger ungdomsskule.** Resultat: mindreforbruk 444 000 kroner. Avvik: 4,83 % Sum netto resultat 9,19 mill kroner.

Ungdomsskulen har hatt innsparing på løn knytt til svangerskap/ langvarige sjukemeldte. Noko av dette skuldast at vikarutgiftene har vore lågare enn det som er refundert. Dette er knytt til årslønn/ ansiennitet. Skulen har og mottatt kr 342 000 knytt til gjesteelev der det ikkje var budsjettert med inntekt. Totalt har skulen brukt kr 1,09 mill mindre enn opphavleg budsjett.

Av kuttet på kr 525 000 vart eininga pålagt eit kutt på kr 80 000. I tillegg vart ramma redusert med ytterlegare kr 600 000 hausten 2015.

**Teknisk eining.** Resultat: meirforbruk 588 000 kroner. Avvik: 3,38 %. Sum netto resultat 17,37 mill kroner. Det er eit meirforbruk på veg med kr 410 000. Dette skuldast ein krevjande vinter i første del av 2015 med mykje uver (Nina), to ras på Liavegen og 1 ras på vegen til Nyutøtra. Alt ekstraarbeidet har og ført til auka reperasjonsutgifter på eldre utstyr. Det var eit meirforbruk på teknisk forvaltning med kr 296 000. Dette skuldast i hovudsak at eininga har hatt ein person langvarig sjukemeldt der kommunen ikkje har fått refundert heile lønskostnden. Kommunen får ikkje refundert meir enn 6 G i tillegg til at utgift til pensjon og arbeidsgjevaravgift av pensjon ikkje vert refundert.

Av kuttet på kr 525 000 vart eininga pålagt eit kutt på kr 210 000. Som eit ledd i innsparinga på teknisk, vedtok kommunestyret å halda bassenget stengt hausten 2015 til etter haustferien.

**Interne tenester.** Resultat: meirforbruk 6 200 kroner. Avvik: 0,05 %. Sum netto resultat 12,33 mill kroner. Det er eit meirforbruk på ansvar 1200 (politisk nivå og revisjon) på 78 000 kroner. Avviket skuldast at det er betalt ut lønn i 1,5 md. til avtroppande ordførar i samsvar med reglement for godtgjering til folkevalde. Dette var det ved ein feil ikkje budsjettert med. På slutten av 2015 fekk kommunen ei ekstra rekning frå advokat Hæreide på kr 50 000 knytt til arbeidet som var utført i 2013. Faktura er ikkje avklart pr mars 2016, men utgifta er bokført og budsjettjustert.

På ansvar 1201 (stabsdel) er det eit mindreforbruk på 121 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak innsparing på felles IT. Økonomi, løn og personalkontoret fekk i sak KS 24/15 styrka budsjettet med kr 150 000. Årsaka var meirutgifter knytt til arbeidet med a-meldinga. I tillegg var det utskifting av personale både på lønskontoret og i servicesenteret som førte til auka utgifter. Eininga fekk styrka budsjettet med ytterlegare kr 86 000 ved omfordeling av midlar. Som eit ledd i innsparinga vart investering i ny datalagringsløyning i hovudsak finansiert med lånemidlar, og driftsmidlane som skulle brukast til å finansiera tiltaket vart omdisponerte.

På ansvar 1202 (diverse fellesutgifter) er det eit meirforbruk på 48 000 kroner. Dette skuldast at gruppeliv og ulykkesforsikring var feilbudsjettert og berre delvis justert.

Av kuttet på kr 525 000 vart eininga pålagt eit kutt på kr 85 000.

**Barnehage.** Resultat: mindreforbruk 423 000 kroner. Avvik: 2,94 %. Sum netto resultat 14,37 mill kroner. Eininga fekk tidleg i 2015 utfordringar med budsjettet. Dei hadde langtidssjukemeldt som dei berre fekk 60 dagar med sjukerefusjon for fordi vedkommande



var over 67 år. Det var her snakk om 5 månader utan refusjon. Årsaka til at eininga likevel går med eit større mindreforbruk skuldast at eininga har hatt fleire langtidssjukemeldte utan at det er tatt inn vikar for alle timane. Dette kunne dei gjera fordi barnehagen har hatt ledig kapasitet. Netto innsparing er her på 354 000 kroner. I tillegg har innkjøpsstoppen gitt innsparing.

Av kuttet på kr 525 000 vart eininga pålagt eit kutt på kr 50 000.


**Skule- og barnehageadministrasjon og vaksenopplæring:** Mindreforbruk 587 000 kroner. Avvik: 9,72 %. Sum netto resultat 6,04 mill kroner.

Tilskot til private barnehagar var budsjettert kr 500 000 for høgt, og budsjettet vart justert ned og omfordelt. Netto utgifter til felles skuleadministrasjon vart kr 594 000 lågare enn budsjettert. Dette skuldast mellom anna at refusjonskrav frå andre kommunar (gjesteelev) vart kr 169 000 lågare enn budsjettert og at refusjonsinntekt som gjeld elevar i andre kommunar vart kr 205 000 høgare enn budsjettert. Utgifter til kurs og opplæring vart litt lågare enn budsjettert.

### Andre postar

Det største avviket som ikkje er knytt til ei eining ligg på sal av konsesjonskraft. Me selte konsesjonskrafta på spotmarknaden i 2015, og prisane var låge gjennom heile året. Inntekta vart til slutt på kr 1 524 015 som er kr 975 985 lågare enn revidert budsjett og kr 2 075 985 lågare enn opphavleg budsjett.

### Premieavvik og pensjonsfond



Premieavviket påverkar kommunen sitt resultat og dermed og rammevilkåra til kommunen. Eit positivt premieavvik blir bokført som inntekt i år 0 og som utgift dei neste 7 åra som akkumulert premieavvik (tidlegare 15 og 10 år). Når me brukar av premiefondet, vert årets premieavvik redusert med tilnærma sama sum. Differansen mellom årets premieavvik og akkumulert premieavvik påverkar kommunen sitt resultat saman med bruk av premiefond.


Ved overgangen til KLP i 2014 vart det bestemt at me skal bruka av premiefond fortløpande til å betale faktura med. I 2015 vart det brukt 2,6 mill

av fondet. Når me brukar av fondet, påverkar det årets premieavvik som i 2015 vart negativt på kr 6 717 inkl arbeidsgjevaravgift. Når me ser premiefond og premieavvik under eit, har kommunen i 2015 ei "inntekt" på kr 1,6 mill, noko som er kr 389 000 lågare enn budsjettert. Dei siste åra er nettoinntekt frå premieavvik og fond blitt redusert frå kr 4,7 mill i 2011 til kr 1,6 mill i 2015.


## Finansplassering

Samnanger kommune har 39 147 aksjar i Nordisk Areal as. Aksjane hadde ein verdi pr 3.kvartal 2015 på kr 31,50 pr aksje, ein reduksjon på kr 19,50 pr aksje frå 2014. Det er ført eit urealisert tap i 2015 på kr 763 36. Det vart i 2015 betalt ut utbytte på til saman kr 861 234 (kr 22 pr aksje). I 2014 var utbytte på kr 14 pr aksje. Styret i Nordisk Areal Invest as har i desember 2015 anbefalt sal av den siste eigeidomen i porteføljen. Etter at salet vert gjennomført, vil Nordisk Areal Invest as ha forpliktingar dei neste 6 – 12 månadane for deretter bli lagt ned og tilgjengeleg eigekapital vert tilbakebetalt til aksjonærane.

Kommunen har bokført eit samla tap på aksjane på kr 2,7 mill i perioden etter kjøp i 2007. Det er utbetalt utbytte på til saman kr 1,9 mill, noko som gir eit netto tap på kr 0,8 mill. For meir informasjon vedr. finansplassering sjå note 3 og 7



## Driftsutgifter



Den største delen (67,48 %) av kommunen sine driftsutgifter er knytt til lønn og sosiale utgifter. For 2014 var den på 66,59 % og i 2013 på 67,9 %.

Driftsutgiftene i Samnanger kommune vart i 2015 redusert med kr 0,4 mill samanlikna med 2014. Den største summen er reduksjon i overføringer til andre som vart redusert med kr 3,9 mill. Hovudårsaka er at samhandlingsreforma (medfinansiering) vart avvikla 01.01.2015. I 2014 betalte kommunen kr 2,7 mill til staten for medfinansiering somatiske


tenester. Kommunen må framleis betala for evt. ekstra døgn på sjukehus. I 2015 betalte me for 10 døgn, til saman kr 43 987. I 2014 vart det og utbetalt kr 1,26 mill til tilskot til breibandsutgifter som var finansierte med tilskot frå fylkeskommunen.

Utgifter til lønn er auka med kr 1,47 mill som er ein auka på 1,13 % frå 2014. 2015 er eit mellomoppgjer på lønn, noko som kan forklare den låge veksten. I 2015 fekk dei fleste tilsette ein lønsauke på mellom 1,5 og 2,5%. Verknadstidspunkt for endringa var 1.5.2015. Ein annan årsak er at pleie- og omsorg har brukt vikarbyrå i mykje større grad enn tidlegare. Her er det utgiftsført 9,37 mill. kroner, noko som er 2,7 mill. kroner meir enn i 2014. Planen var å redusera bruk av personell frå vikarbyrå på respirator og i staden nytta eige personell. Dette klarte dei ikkje å få til og i tillegg vart det brukt personell frå vikarbyrå til å dekkja ledige

sjukepleiarstillingar. Denne utgifta vert ført som kjøp av tenester. Bruk av vikar er på om lag same nivå som i 2014 sjølv om sjukefråveret har auka med 0,2 % til 7,9 % i 2015.

Kjøp av varer og tenester i eigen produksjon har auka med kr 0,7 mill i 2015. Kjøp av konsulenttenester, som inkluderer tolketenester og revisjonstenester, er redusert med kr 1,2 mill. samanlikna med året før. I 2014 hadde me ekstraordinære utgifter på kr 0,46 mill til juridisk bistand i samband med avslutting av barnevernssaka og til konsulent ved innføring av eigedomsskatt (ca 200.000 kroner). I 2015 har sjukeheimen vore i mellombels drift og det er mellom anna leigd lokale på Vaksdal. Utgift til dette har i 2015 vore på kr 2,65 mill. Straumutgiftene vart kr 175 000 lågare i 2015 enn i 2014. Andre utgifter er naturleg nok noko redusert med tanke på at det var innkjøpsstopp store delar av året. Utgifter til kurs har for eksempel vore kr 450 000 lågare enn budsjett, og inventar og utstyr kr 250 000 lågare.

### Driftsutgifter fordelt på kostraart:



I 2015 mottok kommunen 5,37 mill kroner i refusjon sjukeløn og fødselspengar mot 4,96 mill kroner i 2014. Kommunen betaler lønn dei første 16 dagane og får deretter refundert utgift avgrensa oppad til 6 G og 1 år. Kommunen får ikkje refundert kostnad til pensjon.

*Oversikt over lønsutgifter i driftsrekneskapen inkl. sosiale utgifter korrigert for sjukepengerefusjon, premiefond og premieavvik (tal i 1 000 kr)*

	2012	2013	2014	2015
lønn	123 098	125 748	129 621	131 088
Lønnsutgifter	126 991	129 351	133 306	132 735
Sjukepengar	5 501	4 348	4 961	5 368
Netto lønn	121 490	125 003	128 345	127 367
% auke	2,1 %	2,9 %	2,67 %	- 0,76 %

### Brutto driftsutgifter; Samnanger og samanlikning med andre.

Oversikten viser korleis kommunen har prioritert dei forskjellige områda over tid og samanlikna med kostragruppe 3 (KG 3) og landet utan Oslo. "Helse og omsorg" omfattar tenestene i pleie og omsorg og helsetenestene. I KG 3 finn ein små kommunar med middels bunde kostnader, men med høge frie disponible inntekter pr innbyggjar.


Samnanger kommune prioriterar spesielt barnehage, skule og helse og omsorg meir enn snittet i KG 3. Også til kyrkja, som inkluderer utgifter til kyrkjegard og til brann har Samnanger ein større del av utgiftene enn i KG 3 kommunane. Utgifter til administrasjon og styring, inkluderer også utgifter til politikarar, er lågare enn for KG 3 og området har også redusert sin del av utgiftene frå 2014. I 2014 vart det ein del ekstra kostnader på politikarane knytt til arbeidet med utgreiing av teieplikt og barnevern.

Samanlikna med landsgjennomsnittet brukar me meir pengar på administrasjon, skule, helse og omsorg, barnevern, kyrkja, næring og brann. Noko av forklaringa her vil liggja i smådriftsulemper når me samanliknar med landsgjennomsnittet. I ein liten kommune kan små endringar i prioritering gje store utslag, Prioriteringar kan vera både styrte og situasjonsbestemte.

*Oversikta viser %- vis fordeling av brutto driftsutgifte til dei ulike områda, målt i høve til totale brutto driftsutgifter*

	Samnanger				KG 3 2015	Landet utan Oslo 2015
	2012	2013	2014	2015		
<b>Adm. og styring</b>	7,7	8,2	8,1	7,9	8,3	6,3
<b>Barnehage</b>	12,6	12,4	11,8	11,5	8,6	12,0
<b>Skule</b>	20,5	20,4	20,5	20,9	18,4	20,3
<b>Helse og omsorg</b>	35,0	36,0	36,5	35,6	32,8	31,7
<b>Sosial</b>	2,8	2,4	2,2	2,1	3,3	4,4
<b>Barnevern</b>	2,8	3,7	3,5	3,4	3,0	3,2
<b>Kultur</b>	2,2	2,3	2,2	2,4	3,6	3,6
<b>Kyrkja</b>	1,4	1,4	1,4	1,4	1,0	0,9
<b>Næring</b>	0,9	0,8	0,6	0,6	1,8	1,0
<b>Samferdsle</b>	2,7	1,8	1,6	1,9	2,0	1,6
<b>Brann</b>	1,7	1,9	1,7	1,9	1,4	1,3

## Finansutgifter - lånegjeld og renter




nytt kr 22 mill av desse midlane i 2016 i tillegg til å ta opp eit nytt lån på kr 2,7 mill.

Kommunen si lånegjeld har auka vesentleg dei siste år. Grafen viser utviklinga dei siste 5 åra der lånegjelda har auka frå 91 mill kroner i 2010 til 244 mill kroner i 2015. Lånegjelda er inkludert unytta lånemidlar som pr 31.12.2015 var på 24 mill kroner. Av dette er kr 1,9 mill kroner unytta startlån. Unytta lånemidlar er lån som er tatt opp, men som pga av forseinking i prosjekt ikkje er nytta til finansiering. Kommunen må betala renter og evt. avdrag på unytta midlar. Kommunen har budsjettert med å

Det er i 2015 tatt opp 4 lån på til saman kr 85 mill. Av dette gjeld kr 48 mill bygging av sjukeheim, i tillegg kjem kr 20 mill som er eit byggelån til sjukeheimen som skal betalast tilbake i 2016 når kommunen får utbetalt statstilskotet. Det er og tatt opp eit lån til generelle investeringar i 2015 som for eks VVA Bjørkheim, og eit lån til bibliotek på kr 4 mill . No er

avtala om kjøp av bibliotek signert, og kommunen skal først betala når bygget står ferdig i 2017.

Samanlikna med andre kommunar har kommunen no ei svært høg lånegjeld pr innbyggjar, kr 88 338 mot kr 72 640 pr i KG 3.




Samnanger kommunen har tre typar lån. Startlån vert tatt opp i Husbanken og skal lånast vidare til innbyggjarar som byggjer eller kjøper seg hus. Utgiftene til desse låna skal betalast av låntakar, men sidan det er ei viss tidsforskyving mellom når kommunen tar opp lånet og når det vert lånt ut vidare, vert delar av rente- og avdrag på startlån ei driftsutgift for kommunen. Alternativt kan kommunen låna midlane ut til ein litt høgare rentesats og på den måten få dekkja tap og omkostningar. Dette er ei ordning Samnanger kommune ikkje har nytta seg av. Kommunen tek og risiko ved tap.

Kommunen tek og opp lån til sjølvkostområdet vatn og avløp (VA). Brukarar av desse tenestene skal betala kostnaden med å produsera f.eks. drikkevatt, men betaler ikkje direkte rente- og avdragsutgifter. Brukar sine utgifter er uavhengig av korleis nyinvesteringar vert finansierte.

For kommunen vil nedbetalings-tid kontra avskrivningstid og rentedifferanse mellom lånerente og kalkulatorisk rente, kunne gje driftsutgifter utover sjølvkost.

Grafen til høgre viser renter og avdrag knytt til nybygg og andre investeringar. Startlån og lån til VA er ikkje med her. Renteutgifter på kr 1 517 340 (kr 470 500 i 2014) er finansierte i investeringsrekneskapan (byggjelånerente). Kommunen har i 2015 tatt opp lån på kr 85 mill kroner. Det største lånet er på kr 48 mill til bygging av sjukeheimen. Lånet er tatt opp med 2 avdragsfrie år og med ei bunde rente på 1,83 % i 5 år. Det viste seg og nødvendig å finansiera forventa



tilskot frå Husbanken med eit byggelån på kr 20 mill som skal nedbetalt våren 2016. Husbanken betaler ikkje ut a konto tilskot.

Pr 31.12.2015 har me lånt 75,64 mill kroner som me ikkje har begynt å betala avdrag på. Dette inkluderer byggjelånet på kr 20 mill. Kommunen betaler i 2015 minimumsavdrag og ligg lågare enn fylkesmannen si tilråding på 3,5 % av gjeld pr 31.12. I 2015 ligg Samnanger på 2,18 % (3,12 % i 2014), dvs kr 3,2 mill lågare enn det som er tilrådd. Årsaka er at me har vore inne i ein byggeperiode med både sjukeheim og vatn til Frøland og det er ikkje naturleg å betale avdrag før byggeperioden er avslutta. Kommunen sin strame økonomiske situasjon er årsaka til at det er vedtatt å betala minimumsavdrag både i 2014 og 2015. Dette kan ikkje fortsetta på sikt, og kommunen må så snart byggeperioden er avslutta betala avdrag på nivå med tilrådinga frå fylkesmannen.

Kommunen får rente- og avdragskompensasjon frå Husbanken på fleire område. I 2015 har kommunen fått kompensasjon til skule, omsorgsbustader og lån til Soknerådet. Totalt har kommunen mottatt kr 689 341. Av dette gjeld kr 102 493 omsorgsbustader på Tysse, og desse pengane vert vidareformidla til Samnanger eigedom.


Det var for 2015 lagt til grunn ei flytande lånerente på 2,2 % . Renta i kommunalbanken kor dei fleste låna med flytande rente er, har vore på snitt ca 1,8 %. (sjå note 14). Renta på innskot er på 1, % pr 31.12.2015 på fondskontoen (Sjå note 7a). Den låge renta har gitt innsparing på renteutgift og redusert inntekt på renteinntekt. Netto har kommunen redusert renteutgiftene med kr 370 000.

Kommunen fører renteutgifter på lån som gjeld prosjekt og som er under bygging i investeringsrekneskapan (byggelånsrente). I 2015 er det ført byggelånsrente på sjukeheimen med kr 1 430 000 og på vassleidning til Frøland med kr 87 340. Dette siste prosjektet vart avslutta i 2015, og renta er i samsvar med budsjettramma for prosjektet.

## Driftsinntekter

Kommunen sine inntekter har auka med 2,22 mill frå 2014 til 2015. Dette er ein auke på 1,12 %. I 2014 auka inntektene med 8,56 mill kroner (4,52%). Kommunen får 68,4 % av inntektene frå rammetilskot og skatt. Eigedomsskatt utgjer 8,2 % av inntektene og salsinntekter, som inkluderer konsesjonskraft, utgjer 10,3 %.

Rammetilskotet er redusert med kr 0,46 mill, medan inntekt frå skatt er auka med kr 4,7 mill. Ein av årsakene til at rammetilskotet ikkje har auka er at samhandlingsreforma medfinansiering) vart avvikla 01.01.2015. Dette vart i 2014 finansiert via rammetilskotet. Statsbudsjettet estimerte også med låg pris og lønsvekst.






Salsinntektene som inkluderer konsesjonskraft, er redusert med kr 3,2 mill. Kommunen fekk i 2015 kr 2,38 mill lågare inntekter frå konsesjonskraft enn i 2014. I tillegg var 2014 eit tømme-år for private septiktankar, og inntekta vart kr 0,47 høgare enn i 2015. Frå og med 2015 vert dette fakturert a konto slik at brukarane får utgifta fordelt på to år. Kommunen har og mindre arbeid med å gjera det på denne måten.

Inntektene for opphald på sjukeheimen er kr 0,69 mill lågare enn i 2014 noko som skuldast at det har vore færre pasientar i tillegg til at det er betalt ut kr 0,4 mill i refusjon for dobbeltrom.

Kommunen har og mottatt kr 1 mill meir i refusjon frå andre kommunar enn i 2014. Dette er i hovudsak knytt til gjesteelevar. Sum statstilskot er redusert med kr 1,9 mill. Frå og med februar 2015 får ikkje kommunen dekkja ekstra utgifter til flyktningar med særskilde behov, og tilskotet er redusert med kr 2,78 mill. Sjukerefusjon er auka med 0,4 mill. Totalt er inntekter frå refusjon og tilskot redusert med kr 0,89 mill frå 2014 til 2015.


Andre overføringar er reduserte med kr 1,98 mill frå 2014. Andre overføringar inkluderer og andre direkte og indirekte skattar som naturressursskatt og konsesjonsavgift. Tilskot til flyktningar vert gradvis trappa ned etter kor lenge dei har vore i landet, og tilskotet vart redusert med kr 0,59 mill frå 2014. I 2014 fekk kommunen tilskot på kr 1,2 mill frå Fylkeskommunen til breibandsutbygging.

Frå og med 2014 er investeringsmomsen ført som inntekt i investeringsrekneskapen. Det kom og ei endring i 2014 om korleis inntekt frå konsesjonskraft skal førast. Frå 2014 er dette ført som salsinntekt, tidlegare år er dette ført som "andre overføringar". Begge desse endringane er det tatt omsyn til i grafen og tala for perioden 2012 og 2013 er korrigert.



### Inntekter frå kraftproduksjon

Samnanger kommune får tildelt årleg 22 321,1 MWh i konsesjonskraft. I 2015 selde kommunen krafta på spotmarknaden. Prisane i 2015 har vore svært låge. Det har i løpet av 2015 kome 45 TWh meir nedbørsenergi enn normalt i Norge og Sverige, og ved årsskiftet vart det notert høgste målte fyllingsgrad i vassmagasin i fleire av prisområda. I tillegg har pris på olje og kull vore låge noko som påverkar prisen negativt. Systemprisen har vore låg, og i 4 mnd. i sommar/haust hadde me utgifter på konsesjonskraft på til saman kr 74 992.




I 2015 fekk kommunen inntekter på kr 1,5 mill mot opphavleg budsjettert kr 3,6 mill. Budsjettet vart i løpet av året nedjustert til kr 2,5 mill. Prisane dei siste åra viser at me bør vurderer om dagens måte å selja krafta på er den rette. Eit alternativ kan vera å bruke krafta sjølv. Eit anna kan vera om kommunen skal gå inn på meir langsiktige avtalar.

### Eigedomsskatt


I Samnanger kommune er det utskriven eigedomsskatt på alle eigedomar i 2015. Den generelle satsen er på 7 promille. Samnanger har fastsett satsen for bustadhus og fritidsbygg til 2,4 promille.

Kommunen fekk i 2015 inn kr 16,37 mill i eigedomsskatt; av dette kjem kr 11,4 mill frå verk og bruk og næring. Kr 10,8 mill av det er eigedomsskatt som er knytt til kraftproduksjon og leidningsnett for kraft. Eigedomsskatt er ein frivillig, kommunal skatteordning og inngår ikkje i inntektssystemet til kommunane, dvs inntekta vert ikkje utjamna mellom kommunane.

Eigedomsskattegrunnlaget for nett, anlegg og bygningar m.m. vert fastsett etter takst (sist taksert i 2012 for verk og bruk), medan grunnlaget for kraftanlegg vert fastsett av Sentralskattekontoret for Storbedrifter (SFS) kvart år. BKK har dei siste åra hatt større vedlikehaldarbeid ved produksjonsanlegga i Samnanger. Dette har ført til at grunnlag for eigedomsskatt har blitt kraftig redusert. Samnanger kommune oppmoda SFS i 2015 om å sjå på grunnlaget for eigedomsskatt på nytt. Dette vart gjort på bakgrunn av at LVK (landssamanslutninga av vasskraftskommunar) kom med informasjon om at den store reduksjonen for nokre kraftverk kan skuldast at kostnader til dam-renovering etc feilaktig er frådragsført direkte. Kommunen har i januar 2016 fått melding om at SFS har vurdert oppmodinga, men har konkludert med at det ikkje er noko som tyder på at dette er rehabilitering, og det vil ikkje bli gjennomført noko ytterlegare kontroll av driftskostnadane ved Grønsdal kraftverk for 2013. Samnanger kommune har saman med andre LVK-kommunar i Hordaland og Sogn og fjordane bedt Stortinget gi kommunane innsyn og klageadgang ved eigedomsskattetaksering av kraftanlegg. Finansdepartementet har laga eit forslag til ny skatteforvaltningslov i prop 38 L (2015-2016). Det er derfor viktig at det vert arbeidd politisk for at kommunane får innsyn og klageadgang ved eigedomsskattetaksering.







I tillegg til at grunnlaget er blitt redusert som følge av vedlikeholdsarbeid, har prisane på kraft dei siste åra vore låge. Samla sett er grunnlaget for eigedomsskatt knytt til BKK sine anlegg i Samnanger blitt redusert frå 1 182,4 mill kroner i 2014 til 1 015,5 mill kroner i 2015. Dette gir ein reduksjon i eigedomsskatt på 1,17 mill.

Kommunen får og inntekter frå kraftstasjonane til Kraftkameratane, Dyrhovden energi og Kleivane energi.

Grafen viser eigedomsskatt frå kraftstasjonar i kommunen.

LVK arbeider framleis for å forsøka å få fjerna makstaket som påverkar skattegrunnlaget for kraftverk. Makstaket er blitt indeksjustert dei siste åra, men så lenge eigedomskattelova gir eit makstak, vil kommunen gå glipp av store inntekter. Det er og på dette området viktig at det vert arbeidd politisk dersom kommunane sitt krav skal få gjennomslag.

### **Naturressursskatt**

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftverk og er heimla i skatteloven §18-2. Den vert pålagt det einskilde kraftverket og vert utrekna på grunnlag av gjennomsnittleg produsert kraft dei siste sju åra, og den vil normalt ikkje variera mykje frå år til år.

Naturressursskatten utgjer 1,1 øre/kWh til kommunen og 0,2 øre/kWh til fylkeskommunen.

Denne satsen har stått uendra sidan 1997. LVK arbeider for å få satsen indeksjustert.

Naturressursskatten medfører ikkje noko auka skattebelastning for kraftføretaket, men sikrar at kommunen får ein meir stabil skatteinngang. Naturressursskatt inngår i staten si inntektsutjamning. I 2015 fekk kommunen 4,28 mill kroner i naturressursskatt (4,38 mill kroner i 2014).

### **Konsesjonsavgift**

I einkvar konsesjon for erverv av fallrettar eller regulering av vassdrag vert konsesjonæren pålagt å betala dei kommunane det gjeld, konsesjonsavgift. Avgifta er basert på ein berekning av kraftverket sin teoretiske produksjonskapasitet som vert fastsett ut frå fallhøgde og vassføring gjennom kraftverket. Summen er fast og blir indeksregulert kvart 5. år. I 2015 fekk Samnanger kommune kr 979 457. Konsesjonsavgifta vart sist indeksjustert i 2014. Midlane er sett av på næringsfondet i samsvar med lokale vedtekter som er godkjent av fylkesmannen. Vedtektene må og vera i samsvar med reglane om offentleg støtte i samsvar med EØS-avtala.

Konsesjonsavgift vert pålagt utbyggjar når konsesjon for utbygging er gitt etter vassdragsreguleringsloven. Småkraftverk får ikkje slike pålegg.

*Samla oversikt over inntekter knytt til kraftproduksjon og leidningsnett:*

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Konsesjonskraft	6 395 351	5 100 772	2 673 976	4 225 317	3 908 283	1 524 015
Konsesjonsavgift	898 443	898 443	898 443	898 443	979 457	979 457
Naturressursskatt*	4 420 658	4 420 658	4 399 241	4 369 981	4 387 537	4 275 205
Eigedomsskatt knytt til kraftproduksjon og leidningsnett	8 815 604	8 884 266	9 736 051	11 762 049	11 787 934	10 806 458
<b>Sum inntekter</b>	<b>20 530 056</b>	<b>19 304 139</b>	<b>17 707 711</b>	<b>21 255 790</b>	<b>21 063 211</b>	<b>17 585 135</b>

\*inngår i inntektsutjamninga mellom kommunane

## Fond

**Disposisjonsfondet** er kommunen sin buffer for å kunna møta uføresette utgifter eller sviktande inntekter. Dette er pengar som kommunen disponerer fritt. Saldo pr 31.12.2015 er 100 357,66 kroner. Av dette er det 100 000 kroner disponert til arbeid med arealplan jfr KS vedtak 4/13.


Kommunen er no for andre år på rad utan margin til å takle uføresette hendingar. Dette er svært alvorleg og det må snarast tas grep for å korrigere situasjonen.

For meir detaljert informasjon sjå note nr 8 i rekneskapen.

**Fond Sima-Samnanger** Samnanger fekk 8.2 mill. kroner i kompensasjon for ulemper påført i samband med bygging av kraftleidning mellom Sima og Samnanger. Det er gjennom

Fylkesmannen avklara med departementet at desse midlane er å sjå på som øymerka midlar som kan nyttast både til drift og investering. Fylkesmannen tilrår at midlane blir brukt til framtidige investeringar. Kommunestyret gjorde i sak 15/12 vedtak om bruk av midlane. Oversikt viser vedtak, bruk av fondet, omdisponering av opphavleg vedtak og nye vedtak / lån av fondet. Det er gjort vedtak om lån av midlar frå fondet på til saman kr 2,656 mill. Det er pr 2015 ikkje ført noko tilbake til fondet.

Samnanger fekk i oktober 2015 melding om at me ville få tildelt midlar som kompensasjon for at me stiller areal til disposisjon til akvakulturnæringa. Dette er ei ny ordning, og det er kommunar med selskap som får nye konsesjonar som vart omfatta av ordninga. Midlane – ca. 10 mill. kroner – kan berre nyttast til investeringar. Pr. mars 2016 har kommunen ikkje motteke midlane.



	Vedtaks KS 15/12	Omdisponert	2 012	2 013	2 014	2 015	Sum	Rest
Mottatt fond							<b>8 213 509</b>	
Bruk:								
KS 15/12 Asfaltering	2 000 000		-1 689 981	-310 019			-2 000 000	0
KS 15/12 Musikkbinge	500 000	-225 000		-158 563			-158 563	116 437
KS 69/14 Omdisponert til veg til Totræna		225 000				-225 000	-225 000	
KS 15/12 Breiband, omdisponert KS 31/14	800 000	-690 000			-10 814		-10 814	99 186
KS 31/14 VVA-Bjørkheim		690 000			-164 544	-94 544	-259 088	430 912
KS 15/12 Førebyggande ungdomsarbeid	1 500 000	-145 000			-43 523	-140 000	-183 523	1 171 477
KS 69/14 Motorcrossbane		145 000					0	145 000
KS 15/12 Kunstgrasbane	1 400 000						0	1 400 000
KS 15/12 Veg til idrettsanlegget; endra finansiering til næringsfondet (KS 28/14).	2 000 000	-589 000			0		0	1 411 000
KS 28/14 meirforbruk drift 2014		589 000			-589 000		-589 000	0
KS 63/13& 57/14 Innføring eigedomsskatt (lån)*					-1 188 000	-112 000	-1 300 000	-1 300 000
KS 12/15 17.06.15 Innføring av e-skatt (lån)						-280 000	-280 000	-280 000
KS 63/13 KLP EK-tilskot					-1 076 000		-1 076 000	-1 076 000
Udisponert	13 509						0	
Sum vedtak/ bruk	<b>8 213 509</b>	<b>0</b>	<b>-1 689 981</b>	<b>-468 582</b>	<b>-3 071 881</b>	<b>-851 544</b>	<b>-6 081 988</b>	<b>2 131 521</b>
<b>Resterande sum</b>							<b>2 131 521</b>	

## Næringsfond

Pr 31.12.15 er kommunen sitt næringsfond på kr 1 498 872,05. Kr 544 704 er ført tilbake til fondet fordi kostnaden med prosjektet ikkje vart så høg som forventa og/eller overført til 2016. Det er brukt kr 1 961 796 i 2015. Det er gitt eit tilskot til Samnanger næringsforum på kr 5 000 som er dekkja av midlar til budsjett/drift. Det er netto disponert kr 912 543 i budsjett 2016. Dette inkluderer eit budsjettert sal på Lønnebakken på kr 300 000. Dersom det ikkje vert realisert, vert den disponerte summen tilsvarende høgare.

På kort sikt er det små moglegheiter til å styrkja fondet ut over årleg konsesjonsavgift som skal avsetjast og evt. tilbakeføring av forskotterte midlar på Lønnebakken. Det siste er avhengig av tomtsalet. I 2015 vart det selt 1 tomt på Lønnebakken og det vart ført tilbake netto kr 126 033,40 til næringsfondet. Saldo lån av fondet til Lønnebakken er pr 31.12.2015 på 1,6 mill kroner.

Bruk av næringsfondet	2015
Tilskot til private	5 000
Budsjett/ drift	216 870
Planarbeid	37 500
VA Bjørkheim	1 702 426
<b>Sum bruk</b>	<b>1 961 796</b>

## INVESTERINGSREKNESKAPEN



Samnangerheimen tek form - august 2015

Investeringsrekneskapen i 2015 viser utgifter på 102 mill kroner mot budsjettert 119 mill kroner. Avviket skyldes m.a at det vart budsjettert med at Samnanger kommune skulle betale del av investeringskostnadane i Eikedalen. Oppgjeret med Kvam herad som har stått for arbeidet er ikkje avslutta, og Samnanger kommune har ikkje teke nokon del av kostnaden. Det er inngått avtale om å kjøpa biblioteklokale på Bjørkheim, og i fylgje avtalen skal kommunen først betala når bygget står ferdig i 2017. Det er og andre prosjekt som ikkje er komne så langt som forventa, mellom anna oppstart av bu- og aktivitetssenteret , VVA Bjørkheim og. Rolvsvåg industriområde.

Det vart betalt inn ekstraordinært avdrag på startlån med kr 627 181. Dei er etter gjeldande reglar innbetalt til Husbanken. Kommunen hadde utlån av startlån til 22 kundar pr 31.12.2015, fire lån er nedbetalt i løpet av året. Det er betalt ut 1 nytt lån på kr 155 468. Det har ikkje vore tap på startlån i 2015. Sparebanken Vest varsla tidleg i 2015 at dei ikkje lenger ynskte å ta på seg å krevja inn startlåna for kommunen. Frå 01.01.2016 har kommunen avtale med Lindorff om denne tenesta. Saldo på unytta startlån var pr 31.12.15 på kr 1 895 591. Det er ikkje tatt opp nye startlån i 2015 eller budsjettert med opptak av startlån i 2016.

## Investeringar i 2015

For 2015 vart det budsjettert med 10 små og større investeringsprosjekt. 7 prosjekt var med i opphavsleg budsjett Det vart kjøpt inn elevmaskiner og ny datalagringsløyising som er ført i investering og delvis finansiert med lånemidlar for å frigi driftsmidlar.

### Investeringsprosjekt , rekneskap og budsjett

	Kostnadsramme		rev. budsjett 2015	Rekneskap			Avvik	
	Opphavleg	Justert		Sum 2011-2013	2014	2015	Mot kostnadsramme	Mot budsjett 2015
Samnanger barneskule*	35 000	40 964	0	43 729	46	0	-2 811	0
Samnangerheimen*	67 000	122 930	92 231	6 541	9 732	91 905	14 752	326
Samnangerheimen 95-bygget	875	875	875	0	0	0	875	875
Bu- og aktivitetssenter(oppstart)	1 250	1 250	1 250	0	0	18	1 233	1 233
Bibliotek	5 000	5 000	5 000	0		0	0	5 000
VVA-anlegg Bjørkheim	391	14 090	13 191	253	646	2 381	10 810	10 810
Vassforsyning Frøland	7 721	7 721	3 562	684	3 476	4 633	-1 071	-1 071
VA Eikedalen	7 725	7 725	7 725	0	0	157	7 568	7 568
Avløp septiktank	1 000	1 000	1 000	0	0	0	1 000	1 000
Industriområde Rolvsvåg	3 760	3 760	3 249	1 578	1 187	149	846	3 100
Datalagringsløyising	241	241	241	0	0	180	61	61
Elevmaskiner	158	158	158	0	0	158	0	0
<b>Sum</b>	<b>130 121</b>	<b>205 714</b>	<b>128 481</b>	<b>52 785</b>	<b>15 087</b>	<b>99 580</b>	<b>31 172</b>	<b>28 901</b>

\*Opphavleg ramme var eks. moms. (Tall i 1000, meirforbruk i -)

Prosjekt som går over fleire år vil ha ei vedtatt kostnadsramme. Når eit år vert avslutta, skal resterande kostnadsramme overførast til neste års budsjett. Budsjettet for år 2 blir vedtatt fleire månadar før rekneskapen for år 1 er avslutta, og det er viktig at det i løpet av første halvår i nytt budsjettår vert tatt ein gjennomgang av budsjett for å sjå at den totale ramma for prosjektet er rett.

Avviket mellom budsjett og rekneskap er i 2015 mindre enn det har vore dei siste åra. Dette skuldast i hovudsak at Samnangerheimen, som utgjer 72% av budsjettet, har gått som forventa med unntak av renovering av 95-bygget som er utsett til 2016. Det er og prosjekt som er forseinka eller der føresetnadane har endra seg i løpet av 2015 som for eks VA i Eikedalen og kjøp av bibliotek.

### Bu- og aktivitetssenter KS vedtak 69/14

Planlegging av bu- og aktivitetssenter er knapt starta opp. Det vart laga ei skisse for å finna ut om tomte var stor nok. Arbeidet fortset, og det er lagt til grunn at byggearbeidet skal starta opp i løpet av 2016. Kommunestyret ynskjer i 2016 i tillegg ei utgreiing på eventuelle innsparingar/ effektivisering med å bygga på Haga.

### Samnangerheimen KS vedtak 63-64/2010, KS 30/12, KS KS 63/13, KS 69-70/14, KS 69/14 og KS 24/15

Utbygging av sjukeheimen har vore ei krevjande sak for kommunen, og eit prosjekt som har gått over mange år. Utfordringane har stort sett vore å få eit tenleg bygg til ein forsvarleg kostnad. Framdrifta i 2015 har stort sett gått som planlagt, sjølv om me valde å utsetta renoveringa av 1995-bygget til starten av 2016. Totalramme for sjukeheimen er kr 122 mill, i



tillegg kjem renovering av 95-bygget med kr 875 000 og kjøp av tomt i 2011 kr 930 000. Sum totalt kr 123 805 000 inkludert moms. Det har vore ein krevjande prosess både å halde framdrifta og å halda kostnaden nede. Me er ikkje nøgd med prosjekteringa, og det har vore mange diskusjonar med konsulentfirmaet om deira arbeid og deira val. Budsjettet er i 2016 utvida med kr 2 mill mellom anna for å kompensera for mindre statstilskot til dagsenteret enn føresett. 31.03.2016 vart sjukeheimen teken i bruk.

### **Vassforsyning Frøland – Totland KS vedtak 68/2011, KS 63/13, KS 24/15**

Kostnadsramma for prosjektet var på 7,721 mill kroner, og rekneskapen viser ei overskriding på 1 mill. kroner. Arbeidet har gått over fleire år og vart ferdigstilt i 2015. Kommunen sitt anbod var delvis inkludert i vegvesenet sitt anbod for området. Det er kopla til 28 nye abonnentar på vatn i dette området. Talet er forventna å auke til ca 50.



Prosjektet var dels initiert av BKK og dels med bakgrunn i innspel frå grunneigarane på Frøland som hadde dårleg vasskvalitet og dels pga at prosjektet kunne gjennomførast saman med utbygginga av gang- og sykkelveg frå Tysse til Frøland bru. BKK har leveringsplikt på vatn for nokre hus på Totland, noko som det er problematisk for dei å ivareta. Dei tok for fleire år sidan kontakt med kommunen for å høyra om kommunen sine planar for VA i området. Det vart då snakk om at BKK skulle vera med å finansiera delar av prosjektet. Dette har kommunen rekna med sjølv om det ikkje er gjennomført formelle tingingar med BKK. I rekneskapen er det lagt til grunn eit tilskot/betaling frå dei på kr 1 mill.

### **Rolvsvåg industriområde KS vedtak 86/12**

Reguleringa av det øvste arealet i Rolvsvåg industriområde har tatt fleire år. Kommunen har ikkje hatt ledig areal å tilby, og det har hasta med å få ferdig planen og området. I 2015 er planane for vegen inn i området arbeidd fram, og me vil starta arbeidet med den offentlege infrastrukturen i 2016. Det er firma som etterspør råtomt, og det er solgt ei stor tomt, og kommunen er f.t. i dialog med to andre interessenter.

### **VVA-anlegg i Bjørkheimsområdet Form. vedtak 26/2013, KS 31/14, KS 69/14 og KS 24/15**

Formannskapet vedtok i sak 26/13 å løyve kr 374 000 frå næringsfondet til plan og prosjektering av veg, vatn og avløp for Bjørkheimsområdet. I sak KS 31/14 vart det vedtatt ei ramme på inntil 12 mill kroner til VVA på Bjørkheim eks moms. Kostnadsramma inkludert moms er på kr 14,09 mill. Prosjekteringsarbeidet vert avslutta våren 2015 og anlegget skal ut på anbod. Me reknar med at anlegget vil vera ferdig i 2016.

### **Tomter**

Det er selt ei tomt på Lønnebakken i 2015. Tomta skal brukast til garasjeanlegg. Etter avtale med Vestlandshus skal ikkje dei lenger disponera alle tomtene, dvs. kjøparane står fritt til å velja husleverandør.

Ikkje alle attverande tomtene i feltet er mogleg å byggja på slik dei ligg no. Kommunen har ved ulike høve vurdert om og evt kva tiltak som kan gjerast for å få avslutta feltet. I Rolvsvåg industriområde er det selt ei større tomt i 2015 til kr 2,1 mill. Nettobeløp er sett av til ubunde investeringsfond, og skal nyttast i samband med bygging av veg inn i området.

For meir detaljert oversikt over tomtar, eigendelar og anlegg sjå balansen i rekneskapen.


*Oversikt over finansiering av investeringar i 2015: (tal i heile tusen)*

			Finansiering					
	Utgift	Avsett	Lån	Tilskot/ refusjon	Moms- kompensasjon	Fond	overført frå drift	salg
<b>Bygg</b>								
Samnangerheimen	91 905	0	74 088	0	17 817	0	0	0
Bu- og aktivitetssenter, oppstart	18		14	0	4	0	0	
<b>Eigedom</b>								
Lønnebakken	92	126	0	0	18	0		200
Industriområde Rolvsvåg	149	2 025	0	0	7	0		2 167
		0						0
Bjørkheim VVA	2 381		555		29	1 797		
Vassforsyning Frøland	4 633		3 633	1 000	0	0		0
Vassforsyning Eikedalen	157		157					
Datalagringsløsning*	180	0	89		48		43	0
Elevmaskiner	158		126		32	0		
Sum	99 673	2 151	78 662	1 000	17 956	1 797	43	2 367

*Sjå og note 12 i rekneskapen*

Frå og med 2014 vert kompensasjon for investeringsmoms ført direkte som inntekt i investeringsrekneskapen. Overføring frå drift vil då naturleg nok bli redusert samanlikna med tidlegare år. Det var i rev. budsjettet for 2015 budsjettert med å overføra 157 000 kroner frå drift til investering for å dekkja delar av utgifter til eigenkapitaltilskot KLP.

Driftsrekneskapen gjekk i 2015 med meirforbruk og overføringa vart stroke i årsoppgjeret. Det vart i staden nytta ubunde investeringsfond. Totalt er det brukt kr 2,2 mill av fond, og det er avsett kr 2,15 mill. Netto bruk av fond får derfor ikkje utslag på grafen.




## Samnanger kommune samanlikna med andre

Samnanger kommune er frå 2014 plassert i KOSTRA gruppe 3 (KG 3); kommunar med under 5.000 innbyggjarar med middels bundne kostnader per innbyggjar og høge frie disponible inntekter. I KG 3 er det 38 kommunar. Oversikt over kommunane i KG 3 er presentert i vedlegg. På bakgrunn av informasjon om ressurstilgang og ressursbruk i Kostra-statistikken er rådmannen noko spørjande til den nye plasseringa, men me har likevel vald å samanlikna oss med denne gruppa. I meldinga for 2015 har me i tillegg vist statistikk for Fusa, og for nokre område har me vist til andre nabokommunar. Det interessante med å samanlikna seg med Fusa kommune er at dei har ein heil anna profil på ressursbruken, og det gir grunnlag til ettertanke om ressursbruken vår.

Dei minste kommunane har generelt noko meir frie inntekter målt pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mindre kommunar har ”smådriftsulemper” og treng meir midlar for å kunne gje innbyggjarane sine gode tenester. Samnanger kommune er berekna til å ha eit utgiftsbehov i 2015 som er 13 % høgare enn landsgjennomsnittet.

Kommunar med folketal under 3.000 får eit eige småkommunetilskot. Dette har stått fast dei seinare åra, og tilskotet var i 2015 på 5.3 mill. kroner.


Figuren under viser at me bruker 13 659 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet på drifta. Det utgjør ein differanse på 25%, jmf. punktet over om berekna utgiftsbehov. Me ligg vesentleg lågare enn KG 3 og også ein god del lågare enn Fusa kommune. Veksten i utgiftene våre har flata ut siste året, og auken er mindre enn dei me samanliknar oss med.



Samnanger hadde ein vekst i inntektene (målt som korrigerede brutto driftsutgifter pr. innbyggjar) frå 2014 til 2015 på 1,3%. Det er langt lågare enn t.d. landet der inntektene auka med 4.3%.

Målt i kroner pr. innbyggjar hadde me i 2015 ein vekst i brutto driftsinntekter på kr 909 og ein tilsvarende auke i utgiftene på 890 kr. Med den utfordrande økonomiske situasjonen Samnanger kommune er i er det ikkje tilstrekkeleg å ha tilpassa auken i utgiftene til auken i inntektene, me må ytterlegare ned.






Tilrådd **netto driftsresultat** er på 1,75% av brutto driftsutgifter. Eit negativt resultat gir stor grunn til uro. Det er andre året på rad at Samnanger har negativt netto driftsresultat, og utan reserver slik situasjonen vår er kan dette ikkje halda fram. Kommunen måtte utsetta å dekkja underskotet frå 2014 til i 2016, og rådmannen ser det ikkje som realistisk å dekkja inn underskotet frå 2015 før tidlegast i 2017.

Samnanger har vesentleg større **frie inntekter** pr. innbyggjar enn mange andre (vel 7.000 kroner meir enn landsgjennomsnittet). Til tross for dette ender me opp med negativt driftsresultat. Ei forklaring på dette kan vera stor aktivitet med tilsvarende høg gjeld. Som tabellen under viser har Samnanger svært høg lånegjeld både målt i høve til driftsinntekter og pr. innbyggjar. Sjølv med låg rente vil dette påføra store driftsutgifter. Dei mange store låna som er tekne opp og som me ikkje fullt ut har starta å betala på vert ei stor utfordring allereie i 2017.


	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
<b>Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter</b>	- 0,4	2,9	0,7	2,9	2,8
<b>Frie inntekter i kroner per innbygger</b>	57 921	57 770	56 792	49 057	50 618
<b>Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter</b>	243,7	229,2	201,8	202,2	204,2
<b>Netto lånegjeld i kr pr innbyggjar</b>	88 338	72 640	54 125	51 488	44 846



## Skatt og rammetilskot

Kommunane sine "frie" inntekter er i hovudsak skatt og rammetilskot. I 2015 fekk Samnanger litt meir enn landsgjennomsnittet og Hordaland frå desse to inntektskjeldene samla, men det er ein vesentleg skilnad ved at me frå ein god del mindre frå skatt. M.a.o er me meir avhengig av regelverket knytt til rammetilskotsordninga. Jmf. forslag til ny finansieringsordning for kommunane som har vore ute til høyring. Gjennom denne ordninga får me m.a. kompensert for dårlegare skatteinngang enn gjennomsnittet, og me får småkommunetilskot. Som regel har dei minste kommunane ein mindre del av inntektene sine frå skatt på inntekt og formue og tilsvarande meir frå rammetilskotet, jmf. KG 3. Det er inntekter frå kraftproduksjonen (sal av konsesjonskraft og eigedomsskatt) hovudsakleg frå BKK som gjer at me har større inntekter enn mange andre kommunar.

I skattedelen til Samnanger ligg også naturressursskatten som er knytt til kraftproduksjon, og som derfor berre eit fåtal kommunar har. Den utgjer for Samnanger sin del i 2015 2,1 % og 1,4% for KG 3. Med sine vel 8 % utgjer eigedomsskatten ei vesentleg og stadig viktigare inntektskjelde for Samnanger.



For Samnanger utgjer eigedomsskatt på bustad og fritidseigedomar ein mykje mindre del enn for dei andre då med unntak av KG 3 som i stor grad består av kommunar med kraftproduksjon.

	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland
Samla eigedomsskatt	8,2	7,1	4,5	4,1
Her av frå verk og bruk	5,7	6	2,6	2,5
Her av frå bustader og fritidsbustader	2,5	1	1,9	1,6

## Andre type inntekter

Prisane på kraft har gått vesentleg ned, og prognosane tilseier at slik vert det dei næraste åra. Det har stor innverknad på kommunen sine inntekter. I 2015 selde me denne i spotmarknaden. For 2014 valde me i februar å selja til fastpris. Me vurderer fastløpande korleis me skal selja krafta framover, men førebels vel me å sjå utviklinga frå eit år til neste.

I tabellen under er det grunn til å merka seg at Samnanger mottek relativt sett lite statlege tilskot. Dette er noko som bør sjåast nærare på.

<b>%-vis fordeling av dei øvrige inntektskjeldene</b>					
	Samnanger	Fusa	KG 3	Hordaland	Landet
<b>Andre statlige tilskudd til driftsformål</b>	0,8	2,6	3,4	2,5	3,6
<b>Naturressursskatt (del av skatteinntektene)</b>	2,1	0	1,3	0,3	0,2
<b>Sals- og leigeinntekter</b>	10,3	8,8	14,2	13,1	12,7

### **Bruk av midlane – prioritering**

Ulikskapar i bruken av midlane mellom kommunar kan skuldast medvetne prioriteringar, men det kan og skuldast lokale tilhøve. Ulik samansetting av innbyggjarane t.d. i høve til alder, vil gje ulik etterspurnad etter kommunale tenester.



*%-del av folketalet fordelt på aldersklasser.*

	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
<b>0 åringar</b>	1,1	1,0	0,8	1,3	1,1
<b>1-5 år</b>	6,0	5,2	5,8	6,2	6,0
<b>6-15 år</b>	11,9	11,9	14,3	12,3	12,0
<b>16-18 år</b>	3,6	3,9	3,9	3,7	3,7
<b>19-24 år</b>	6,6	7,6	7,1	8,4	7,9
<b>25-66 år</b>	54,2	52,9	50,6	54,5	55,0
<b>67-79 år</b>	11,0	12,1	11,6	9,4	10,1
<b>80 år og over</b>	5,6	5,5	5,9	4,2	4,2

Tabellen over viser at det er ein del variasjonar. Kommunane gir flest tenester til barn og unge fram til 15 år og til dei eldste. Dei mindre kommunane har gjennomgåande ei eldre befolkning. Det er med eit unnatak (Fusa) små skilnader på barn i grunnskulealder, men for Samnanger sin del har me få unge vaksne samanlikna med dei andre.

I figurane under er det gjort eit forsøk på å samanlikna bruken vår av midlar på ulike tenester med andre kommunar. Det kan vera mange grunnar til ulikskapar. Særleg for dei minste kommunane kan einskildtilfelle, det vera seg elevar med store tilpassings- eller læreproblem eller klientar med omfattande hjelpebehov, få stor innverknad. Særleg innan skule kan ”uheldig” elevtal føra til ”dyrare” teneste når me delar kostnaden ut pr. elev. Døme på dette er at det t.d. ikkje treng vera fleire lærarårsverk i ei klasse med 28 elevar enn i ei klasse med 20.

## Netto driftsutgifter til ulike tenester i kr. pr innbyggjar



Grafane over viser at Samnanger bruker fleire kroner enn både landsgjennomsnittet og Hordaland på dei fleste områda. KG 3 har høgare utgifter enn Samnanger med unntak av for barnehage, skule og plo. Det er særleg innan pleie og omsorg me har størst skilnad i høve til landsgjennomsnittet. Delar av det relativt sett store forbruket til plo kan skuldast at me har fleire eldre innbyggjarar.

%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger		Fusa	KG 3	Hordaland	Landet
	2014	2015	2015	2015	2015	2015
<b>Adm. og styring</b>	9,5	8,2	9,5	9,7	6,5	6,5
<b>Barnehage</b>	13,6	12,7	10,4	11,0	16,1	14,8
<b>Skule</b>	24,4	23,5	28,7	24,0	25,8	24,1
<b>Helse og omsorg</b>	42,6	40,3	41,5	38,3	34,9	34,2
<b>Sosial</b>	2,8	2,5	0,1	3,6	5,4	5,7
<b>Barnevern</b>	2,9	3,7	1,1	3,3	3,5	3,4
<b>Kultur</b>	2,3	2,6	2,5	4,3	3,8	3,8
<b>Kyrkja</b>	1,8	1,8	1,6	1,5	1,3	1,1
<b>Samferdsle</b>	1,9	2,2	1,8	2,6	1,3	1,4
<b>Brann og ulukke</b>	2,0	2,7	1,9	1,7	1,5	1,4

Tabellen summerer seg ikkje til 100% då ikkje alle områda er med


Tabellen seier først og fremst noko om prioritering av midlar sidan det er ulik kronesum bak kvar prosent mellom dei ulike kommunane. Som vist tidlegare har Samnanger og særleg KG 3-kommunane vesentleg meir midlar enn landsgjennomsnittet og Hordaland. Den seier også ein del om struktur. Samnanger ligg no under landsgjennomsnittet i % forbruk på skule, mens vi før samanslåing av barneskulen låg langt høgare.

Som det vert påpeika i meldinga har Samnanger relativt lite tilskotsmidlar, noko som og har ein viss innverknad på storleiken på ressursane me nyttar sidan me her ser på netto utgifter.

Mindre kommunar bruker større del av ressursane på administrasjon og styring. Dei mindre kommunane bruker og vesentleg meir på helse og omsorg og mindre på sosial. Samnanger ligg fortsett lågt på kultur. Utover i meldinga kjem ein attende til ein del av desse skilnadene.

### Produktivitet

Medan netto driftsutgifter seier noko om kommunen si prioritering av midlane gir brutto driftsutgifter ein peikepinn på produktivitet. Det er ikkje alle områda som er like enkle å samanlikna ut frå KOSTRA- statistikken, men det er likevel grunn til å merka seg at Samnanger har like eller høgare utgifter enn både KG 3 og landsgjennomsnittet for alle tenestene med unntak av for heimetenestene. Innan plo har me på den andre sida høgare kostnad til sjukeheim. Dvs. at me har gjennomgåande høge kostnader pr. produsert teneste. Det kan vera mange grunnar til det, nokre av dei er strukturelle, men her bør det vera mogleg å kutta kostnader.



## Kommentarar til dei enskilde tenesteområda

I denne delen av meldinga går me inn på dei ulike tenesteområda og gir kommentarar til drifta. Me legg ein god del vekt på å samanlikna ressursbruken og tenesteproduksjonen vår med andre kommunar. I ei tid me har stram økonomi og der det må gjerast kutt i drifta dei komande åra er dette ein måte å finna fram til innsparingsområde. Me prøver også å få fram utfordringane våre, det vera seg på kompetanse eller på kapasitet.

Einingsleiarane har i sine årsmeldingar i meir detalj gjort greie for aktivitetane sine i 2015. Desse ligg ved som vedlegg til rådmannen si årsmelding.

I kommuneplanen er det gitt ei rekke mål; ikkje alle er like operative. I tillegg til målformuleringane er det og i kommuneplanen lista opp kva me gjer/skal gjera for å nå måla. Mykje er gjort sidan planen vart vedteken, men på nokre område er det eit stykke igjen før me kan seia oss tilfredse

Styrande for arbeidet vårt er at me skal

- ✓ *ha god kvalitet på tenestene*
- ✓ *gi god sørvis og rask sakshandsaming*
- ✓ *ha høg etisk standard*
- ✓ *vera til å stola på*


Sentralt i vurderingane om me har nådd måla våre er tenestemottakarane si oppfatning av kvalitet. Den systematiske måten å få informasjon om tenestemottakarane si oppfatning er gjennom brukarundersøkingar. Det er ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2015, og me har derfor ikkje grunnlag for å seia noko om kva brukarane meiner om tenestene våre. Einskildklager på vedtak og tenester er ein annan måte innbyggjarane kan uttrykka misnøye med tenestene på. Me mottek svært få om ingen slike klager. T.d. har klagenemnda ikkje hatt saker dei siste åra.

Samnanger kommune må redusera driftsutgiftene. Auka effektivitet er viktig, men skal me koma ned på ønskja målsetting om eit netto driftsresultat på rundt 1,75%, må nivået på tenestene våre ned. Tenesteomtale og sørviserklæringar er i så måte viktige reiskap sidan det her vert omtala kva tenester innbyggjarane kan forventa av kommunen og underforstått også kva ein ikkje kan forventa. Vidare arbeid på dette området er derfor sentralt i arbeidet med å få betre kontroll på økonomien. I 2015 vart det i regi av kontrollutvalet gjennomført ein forvaltningsrevisjon av internkontrollsystema i kommunen. Rådmannen har grepe fatt i ein del av funna, og på fleire område har me gjennomført tiltak for å styrka internkontrollen. Tenesteomtalar er utarbeidde, det same er stillingsomtalar for svært mange stillingar.

Ny organisjonsmodell for administrasjonen er gradvis blitt innført i 2015. Det er for tidleg å seia om me har oppnådd ønska effekt – m.a. større fokus på leiing og styring og lokalsamfunnsutvikling. Sjølv om 2015 har vore eit år der ny og gamal organisering har eksistert side om side, vert meldinga presentert ut frå ny modell.

## Sentrale styringsorgan og fellesutgifter

Det vart gjort endringar i den administrative organiseringa i kommunen i 2015. Ei av endringane var at rådmannskontoret og tidlegare eining for interne tenester vart omorganisert. Organiseringa er no som følgjer:



Eit av føremåla med omorganiseringa var å styrka rådmannskontoret. Dette vart primært gjort ved å etablera fire sektorleiarstillingar ved rådmannskontoret. Sektorleiarane har overteke ein del oppgåver som tidlegare var fordelt mellom rådmannen og assisterande rådmann. Dette gjeld mellom anna oppfølginga av einingane. Det er nok for tidleg å konkludera med omsyn til kva effekt omorganiseringa har hatt. Det bør gjerast ei evaluering av dette i løpet av 2016 eller 2017.

Rådmannen var i 2015 (som i 2014) barnevernsleiar. Dette var ei mellombels ordning i påvente av etablering av interkommunal barnevernsteneste, som truleg vil skje i 2016. Fram til sommaren 2015 hadde rådmannen også eit særleg ansvar for resten av sosial- og helseeininga, sidan einingsleiarstillinga var vakant. Dette meirarbeidet førte til at ein del ”ordinære” gjeremål for rådmannen måtte gå ut.

### Næring m.m.

Samnanger har ikkje eigne tilsette til å arbeida med næringsutvikling. Direkte kontakt med næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande skjer i stor grad med ordførar og rådmann. Til ein viss grad også med teknisk – då hovudsakleg med førespurnad om ledige tomter. Landbrukskontoret er og viktige medspelar for næringsdrivande med tilknytning til landbruket.

Ein av satsingsdråpane til kommunen er

**Arbeid/næring – nyskaping og bygdeutvikling.** I fylgje delmåla i kommuneplanen skal Samnanger kommune

#### ✓ *ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid*

Siste året har ikkje Samnanger hatt ledige tiltrettelagde tomter, men me var komen så langt i planlegginga at me kunne selje ei større tomt i området i Rolvsvåg. Det krev at kommunen får bygd infrastrukturen i løpet av 2016.

✓ *nytt næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling*

Næringsfondet er nytta til å finansiera ein god del av infrastruktur i Rolvsvåg, på Bjørkheim og på Ytre-Tysse. Alle desse plassane er viktige for utvikling av næringslivet i kommunen. Fondet er lite, og det er avgrensa kor mykje støtte som kan ytast som direkte støtte til næringsdrivande. Kommunen har og henta inn midlar frå fylkeskommunen til m.a. infrastruktur som utbygging av breiband.

✓ *ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet*

Gjennom medlemskap i Business Region Bergen har me eit godt rådgjevingsorgan. Dei skipar til fleire aktuelle kurs særleg for personar som er i ferd med å etablera seg. Denne delen av verksemda er ytterlegare forsterka, og frå 2015 fir Hordaland fylkeskommune vesentleg meir midlar til etablerarverksemd gjennom m.a. BRB. Dei næringsdrivande frå Samnanger bør i enda større grad gjera seg nytte av desse tenestene. Her må kommunen jobba meir for å gjera tilbodet kjend.

Samnanger kommune har ein god dialog med Samnanger næringsforum. Øyvind Røen frå kommunestyret er kommunen sin representant i styret.

✓ *leggja til rette for bygdeutvikling*

Landbrukskontoret prioriterer arbeidet med å gje råd til bønder som skal etablera seg eller gå inn på nye forretningsområde. Bøndene vert hjelpt vidare til t.d. Innovasjon Noreg. Ved landbrukskontoret er det god kompetanse på bygdeutvikling. I tillegg må kommunen gjennom arbeidet med arealplan tenke bygdeutvikling.

**Felles næringsarealplan** for kommunane Fusa, Os og Samnanger vart ferdigstilt i 2015. Planen inneheld m.a. ein del prinsipp for lokalisering av verksemdar. Sjølvarealbruken vil inngå i den ordinære arealplanen til den ein skilde kommunen.


Samnanger kommune v. rådmannen har dei siste åra vore sekretær i Bjørnefjorden næringsutvikling -BNU. Hovudjobben til BNU er å vera styret for regionalt næringsfond. BNU mottok ikkje lenger midlar til vidare fordeling, men det står fortsatt att ein del frå tidlegare løyvingar. Det er strenge krav til kva type tiltak midlane kan nyttast til, noko som har gjort at BNU har pengar ståande på "bok". Som sekretær for BNU møter rådmannen på regionleiar møte med Hordaland fylkeskommune.

**Kommunalt næringsfond**

Av fondet kan det ytast tilskot til investeringstiltak både til etablerte verksemdar og verksemdar under etablering. I 2015 vart det gitt støtte til Samnanger næringsforum til produksjon av ei

brosjyre. Det vart og brukt pengar av fondet til andre næringsretta tiltak m.a i kommunal regi.

Fondet vert også nytta til å betala medlemskapsavgift i næringsretta organisasjonar. Til saman vart det i 2015 brukt kr 54.074 på denne måten. Kommunen er medlem i Business Region Bergen, Bergensalliansen, Vest Norsk Brusselkontor, Samnanger næringsforum og Interesseselskapet for Rv 7.



Os, Fusa og Samnanger kommunar  
Interkommunal næringsarealplan




## Barnevern

I påvente av ordning med interkommunalt samarbeid på dette område er det ein del stillingar som er haldne ledige. For å løysa oppgåvene er det inngått avtale med to røynde konsulentar.

Samnanger kommune har tradisjon for å ha høge utgifter til barnevern, særleg til barn som er plasserte i fosterheimar eller i institusjon.

Me har brukt meir pr. barn i 2015 enn året før. Særleg stor auke ser me for barna som er plassert av barnevernet. Me bruker noko mindre ressursar på sakshandsaming enn landet, og vesentleg meir på oppfølging av barn som er i opphavleg familie.



I tabellen under har me også teke med informasjon om Bergen sidan det er snakk om å inngå eit samarbeid her. Fusa er også tekne med. Dei har uvanleg små kostnader målt pr. innbyggjar/ pr innbyggjar i alderen 0-17 år.

	Samnanger	Fusa	Bergen	Hordaland	Landet
Netto driftsutgifter pr innbyggjar	2452	685	1936	1826	1808
Netto driftsutgifter pr innb 0 – 17 år	11 368	2 902	9 460	8 213	8 363
Barn med melding ift. Innb. 0-17 år	1,5	3,6	3,5	3,7	4,3
Andel meldinger som går til undersøking	87,5	83,3	88,9	82,2	80,4
Andel meldinger med behandlingstid innan 7 dagar	100	100	99	99	99
Barn med undersøking ift. innb 0-17 år	2,1	3,6	4	4	4,5
Andel undersøkingar som førte til tiltak	55,6	46,9	40,8	42,9	41,7
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk	30	16,9	14,2	14,7	16,2
Andel undersøkingar behandlingstid innan 3 mnd	100	97	82	82	83
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb 0-17 år	5,9	4	4,6	4,2	4,8
Andel barn med barnevernstiltak ift. innb 0-22 år	4,7	3,2	3,5	3,2	3,7

Samnanger mottok i 2015 svært få meldingar både samanlikna med dei andre men også med tidlegare år. Alle meldingar og undersøkingar er handsama innan fristen .

Barnevernet har eit negativt avvik i høve til justert budsjett på kr 181.000, men eit mindreforbruk i høve til opphavleg budsjett på 125.000.

## SEKTOR FOR ORGANISASJON


Sektorleiar for organisasjon, Jan Erik Boge kom frå stillinga som einingsleiar for interne tenester. Han fungerte første halvdel av 2015 i begge rollane, og også etter etablering av eining for sørvis har han måtte ta ansvar for nokre arbeidsoppgåver for eininga og for staben i påvente av å få på plass tilstrekkeleg kompetanse.

Som ledd i å få frigjort tid for sektorleiar til overordna arbeidsoppgåver vart stilling som personalsjef oppretta (omgjort frå annan stilling). Om me får den ønska effekten er for tidleg å seia noko om då personalet på løn og personal var nye i kommunen hausten 2015.

### Personalstatistikk


#### Tilsette i kommunen

Kommunen hadde ca. 183 årsverk pr. 31.12.2015, fordelt på om lag 262 tilsette. I perioden 2007 – 2015 har det vore ein auke på om lag 13 årsverk i kommunen (om lag 8 prosent). I perioden 2010 – 2015 har talet på årsverk i kommunen vorte redusert med om lag 6.




#### Aldersfordeling

Aldersfordelinga for dei tilsette i kommunen viser mellom anna at det er relativt mange som vil nå pensjonsalder dei komande åra. Det har ikkje vore større endringar i aldersfordelinga dei siste åra.




### Tilsette i aldergruppa over 55 år (personar per årstrinn)




### Likestilling

Det er eit stort fleirtal av kvinner blant dei tilsette i Samnanger kommune, slik det har vore i mange år. Dette er ikkje særmerkt for Samnanger. Det bør vera ei målsetting å få ei jamnare kjønnsfordeling innanfor ein del tenesteområde, til dømes barnehage, pleie/omsorg, kommuneadministrasjon og teknisk drift/vedlikehald. Kommunen hadde i 2015 ikkje spesielle tiltak eller verkemiddel knytt til likestilling.

### Tal tilsette menn/kvinner



### Fordeling av årsverk menn/kvinner





### Sjuefråvær

Kommunen si målsetting for sjukefråværet i 2015 var at det samla sett ikkje skulle vera høgare enn 6,5 prosent. I tillegg vedtok kommunestyret i budsjettet for 2015 (jf. rådmannen sine budsjettmerknader) separate målsettingar for sjukefråværet i dei ulike einingane i kommunen.

### Samla sjukefråvær i heile kommunen


I 2015 var det samla sjukefråværet i kommunen 7,9%. Dette var om lag identisk med 2013 og 2014, då sjukefråværet var høvesvis 7,8% og 7,7%.



Det var aldersgruppa 60 - 69 år som hadde det høgaste sjukefråværet i 2015. I 2012, 2013 og 2014 var det aldersgruppa 20 – 29 år som hadde høgast sjukefråvær.

## Sjukefråværet i einingane

Nedanfor følger ei samla oversikt over målsettingane for sjukefråværet i einingane i 2015, og det faktiske sjukefråværet.



\*) Frå 2016 vil det verta teke ut sjukefråværsstatistikk i forhold til den nye organisasjonsstrukturen i kommunen.

## Tilgang på arbeidskraft

Kommunen hadde i 2015 tilstrekkeleg tilgang på arbeidskraft innanfor dei fleste fagområde. Det var problem med å få fagutdanna søkjarar til små stillingar/helgestillingar i eining for pleie og omsorg. Dette har vore eit problem i mange år.

Det er ei utfordring for kommunen at fagmiljøa våre innanfor ein del område er små. Dette gjer at me på ein del arbeidsstader er svært sårbare dersom nokon til dømes vert langtidssjukemelde, samt når tilsette i nøkkelposisjonar sluttar.

## Jubilantar i 2015

I 2015 var det 4 tilsette som vart takka for 25 år i kommunal teneste. Dette vart markert med ei tilstelling på kommunestyresalen, der 3 av dei hadde høve til å vera til stades.



Frå venstre: rådmann Tone Ramsli, Tor Jellestad, Erna Aadland Jellestad, Reidun Vinje Nydal og ordførar Knut Harald Frøland. (Synnøve Aasebø Lien var ikkje til stades under markeringa av 25-årsjubilantane).

### Opplæring for tilsette

Det vart ikkje gjennomført fellesopplæring på tvers av einingane i 2015. Unnateke frå dette er nokre opplæringstiltak for tilsette i skule/barnehage, i regi av Midthordland kompetanseregion. Det vert vist til skulane og barnehageeininga sine årsmeldingar for nærmare informasjon om dette.

Det vert elles vist til einingane sine årsmeldingar for informasjon om kva opplæring som vart gjennomført for tilsette i 2015.

### Lokale lønsforhandlingar 2015

Det vart i 2015 berre gjennomført lokale lønsforhandlingar for dei gruppene av tilsette som får heile løna/lønsutviklinga si fastsett lokalt i kommunen. Dette utgjer om lag 10% av dei tilsette i kommunen. Det vart ingen brot i forhandlingane.

Dei sentrale lønstillegga som vart gitt i mellomoppgjeret 2015, var til ein viss grad styrande for kor store lønstillegg som vart gitt i dei lokale lønsforhandlingane i Samnanger i 2015.

<b>Oversikt lokale lønsforhandlingar i Samnanger kommune i 2015</b>	
<b>1.</b>	<b>Forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 3 i hovudtariffavtalen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Gjeld sektorleiarar og einingsleiarar.</li><li>• Tilsette i kapittel 3 får ikkje lønstillegg i dei sentrale tariffoppgjera.</li><li>• Ingen forhandlingspott.</li><li>• Det vart ikkje brot i forhandlingane med nokon av fagforeiningane i kapittel 3.</li></ul>
<b>2.</b>	<b>Forhandlingar for tilsette som er løna etter kapittel 5 i hovudtariffavtalen</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Gjeld legar, ingeniørar, jordmor, økonomisjef, planleggjar, IKT-konsulentar og biblioteksjef. (totalt 13 tilsette i 2015).</li><li>• Tilsette i kapittel 5 får ikkje lønstillegg i dei sentrale tariffoppgjera.</li><li>• Ingen forhandlingspott.</li><li>• Det vart ikkje brot i forhandlingane med nokon av fagforeiningane i kapittel 5.</li></ul>

### Fellesarrangement for tilsette

Folkehelsekoordinatoren og hovudverneombodet har vore pådrivarar for å få til fysiske aktivitetar for dei tilsette. I 2015 deltok mange frå ulike arbeidsplassar i eit trimarrangement i regi av *dytt.no*. Målet var 10.000 skritt pr. dag og tilbakelegga strekninga Lisboa – Istanbul i luftlinje i løpet av eit par vårmånader. Alle kom i mål. Det var og tilbod om felles turar til ulike turområde i Samnanger. Nokre få var flittige, men det hadde vore gledeleg om fleire hadde gått med.

Budsjettmidlane som var sett av til velferdstiltak for tilsette i 2015 (40.000 kroner), vart brukt til arrangement i einingane (primært juleavslutningar/tilsvarande).



## **Bedriftshelseteneste**

Samnanger kommune hadde i 2015 avtale med Bedriftshelse1. Kostnaden til kjøp av bedriftshelsetenester i 2015 var om lag 90.000 kroner. Utgiftene gjaldt både faste helsekontrollar for grupper av tilsette som etter lov/forskrift skal ha dette, andre planlagde tiltak samt arbeid med saker og problemstillingar som ”dukka opp” i 2015. Utgiftene var noko lågare enn budsjettert budsjettert med 120.000 kroner). Årsaka til dette er primært at bedriftshelsetenesta måtte utsetja eit par tiltak som låg inne i aktivitetsplanen for 2015. Bedriftshelse1 kjem òg til å vera leverandør av bedriftshelsetenester til Samnanger kommune i 2016.

## **Internkontroll og etikk**

I fylgje § 48 i kommunelova skal det i årsmeldinga ” redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten.”

Kapittel 2 i personalvedtektene for Samnanger kommune omhandlar etiske prinsipp både for tilsette og folkevalde. Disse prinsippa har vore relativt uendra i mange år, og det er behov for å revidera prinsippa. Som ein del av revisjonen bør det og vurderast om det er rett å ha felles etiske prinsipp for tilsette og folkevalde. Bakgrunnen for dette er at kommunen har langt mindre styringsrett/instruksjonsmynde overfor folkevalde enn tilsette. Kommunen kan i liten grad påleggja folkevalde andre ”etiske prinsipp” enn dei som er heimla i lovverket.

I tillegg til dei etiske prinsippa har Samnanger kommune og retningslinjer og rutinar for ein del område som skal vera til hjelp for dei tilsette. Døme på slike rutinar er:

- Alle ledige stillingar skal lysast ut anten eksternt eller internt.
- Det skal vera to underskrifter når rekningar for innkjøp av varer og tenester skal betalast (attestasjon og tilvising).
- Reglar for kva gåver dei tilsette kan ta imot/akseptera.

Når det gjeld innkjøp, vert nok lov og forskrift om offentlege innkjøp i ein del tilfelle opplevd som krevjande å etterleva. Dette gjeld mellom anna fordi lova i mange høve gjer innkjøpa dyrare og at ein kjem i situasjonar der ein ikkje har fleksibilitet til å finna fram til dei beste løysingane. Dette siste gjeld kanskje i størst grad teknisk, men og andre einingar opplever slike utfordringar.

Samnanger kommune ynskjer å ha høg etisk standard også på mellommenneskjelege relasjonar. Det vera seg mellom tilsette og brukarane, mellom tilsette og politikarar, med kollegaer og også mellom brukarane (til dømes elevar). Mobbing er og eit spørsmål om etikk. Leiarane har eit særleg ansvar for at dette vert etterlevd. AMU vedtok hausten 2015 retningslinjer og rutinar for handtering av konflikhtar, trakassering/mobbing og utilbørleg åtferd.

Kommunen sitt revisjonsselskap Deloitte gjennomførte i 2015 forvaltningsrevisjon for internkontroll i kommunen. Det vart der avdekka at kommunen har eit vesentleg forbettringspotensiale innanfor internkontroll. I rapporten sin foreslo Deloitte fleire tiltak for å betra internkontrollen. Kommunestyret slutta seg til desse forslaga i oktober 2015 (kommunestyresak 23/15). Arbeidet med gjennomføring av tiltaka starta opp hausten 2015, men vil ikkje vera slutført før tidlegast ved utgangen av 2016.


Samnanger kommune deltok i 2014 og 2015 med 4 personar på KS sitt nettverk for internkontroll for rådmenn. Det var ei samling i 2014 og tre i 2015. Spørsmål om etikk var vesentlege tema på desse samlingane. I tillegg var samlingane nyttige med tanke på arbeidet med oppfølging av tiltak knytt til funn i forvaltningsrevisjonen for internkontroll, jf. førre avsnitt.



Spesielt i første kvartal av 2015 vart det brukt mykje interne ressursar i samband med innføring/utskrivning av eigedomsskatt på alle typar eigedomar i 2015. Kommunen hadde frist til 31. mars til å skriva ut eigedomsskatten for 2015. Det måtte gjerast mykje ekstraarbeid for å klara å halda denne fristen. Dette gjorde at andre oppgåver måtte forskyvast noko, mellom anna arbeidet med årsrekneskapen for 2014.

Lønssystema i kommunen er omfattande og krevjande. Hausten 2015 vart det skifte på lønsmedarbeidarane, og det har vore mykje for dei å sette seg inn. Me har derfor måtte prioritera å auka opp ressursane her med 50% stilling. Denne er omdisponert frå konsulent rådmannen. Det er bestemt å ha denne ekstra ressursen fram til sommaren 2016, men truleg må dette området ha meir ressursar så lenge me ikkje har andre datatekniske løysingar.

KOSTRA-tala (sjå tabell på neste side) tyder på at Samnanger brukar litt mindre ressursar til administrasjon pr. innbyggjar enn gjennomsnittet for kommunar i KOSTRA-gruppa me tilhøyrer (gruppe 3). Samnanger sine brutto driftsutgifter til administrasjon pr. innbyggjar var 5.131 kroner i 2015. Gjennomsnittet for kommunar i KOSTRA-gruppe 3 var 6.118 kroner. Det er her viktig å vera merksam på at det kan vera vanskeleg å samanlikna KOSTRA-tal for kommunar på dette området. Årsaka er mellom anna store skilnader i korleis kommunar har organisert seg (2-nivå, 3-nivå m.m.), og variasjonar i kva kostnader kommunane fører som utgifter til administrasjon. KOSTRA-tala viser ein reduksjon i utgifter til admnistrasjon frå 2014 til 2015. Dette skuldast at utgifter til breibandsutbygging vart ført som administrative utgifter i 2014.



Administrasjon av små kommunar som Samnanger har nokre utfordringar (”smådriftsulemper”) som det er viktig å vera merksam på:

- Fagmiljøa våre er små og sårbare for sjukemeldingar/anna fråver. På fleire område har me i svært liten grad ”backup” dersom nøkkelpersonar vert fråverande over lang tid. Dette gjeld mellom anna innanfor for løn og økonomi.
- Det er ikkje mogleg å ha nødvendig fagkompetanse innanfor alle område administrasjonen har ansvar for/arbeider med. Ein del av dei tilsette i administrasjonen må ofte arbeida med saksområde der dei ikkje har (nødvendig) fagkompetanse.



- Samnanger har i prinsippet same krav som større kommunar når det gjeld kva planar, reglement etc. me er pliktige til å ha. Arbeidet knytt til planar, reglement m.m. i små kommunar vil utgjera ein større del av kommunen sine samla kostnader/sin samla ressursbruk enn for større kommunar.


Det bør sjåast på moglege tiltak for å auka den samla faglege kompetansen og redusera sårbarheita innanfor løn, økonomi og IKT. Mellom anna bør det sjåast på om interkommunalt samarbeid på desse områda kan vera alternativ til noverande driftsform. Uavhengig av dette må det arbeidast med kontrollrutinar og kvalitetssikring innanfor både desse og andre område.

Kommunen bør òg få på plass fleire digitale løysingar for å effektivisera drifta. Dette gjeld mellom anna elektronisk overføring av timelister m.m. til lønssystemet.

## KYRKJA

Kyrkjelova av 1996 gjorde kyrkja meir sjølvstendig, men lova legg framleis det økonomiske ansvaret på kommunane. Kommunen sitt bidrag skal som eit minimum gje grunnlag for at det i kyrkjene kan haldast dei gudstenestene som biskopen fastset, at det blir tilbode dåp, vigsel, konfirmasjon, sjelesorg og gravferd, at arbeidsforholda for dei kyrkjeleg tilsette er greie og at sokneråd og kyrkjeleg fellelsråd har tilstrekkeleg administrativ hjelp. (KL § 15)

Samnanger kommune har vesentleg høgare netto driftsutgifter pr. innbyggjar til kyrkja enn landsgjennomsnittet, men ligg om lag på same nivå som gjennomsnittet i KG 3. Med ”berre” to kyrjer skulle det i utgangspunktet ligge til rette for å kunne ha ei effektiv drift. Me har ei formeining om at vesentleg del av dei høge kostnadene er knytt til kyrkjegarden.



	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
Netto driftsutgift. funksjon 390, 393 i % av samla netto driftsutg	1,8	1,5	1,6	1,3	1,1
Netto driftsut. Funksjon 390, 393 i kr pr innb	1141	946	919	604	553
Brutto investeringsutgifter til funksjon 390, 393 pr. innbyggjar	-	321	193	168	149

Stell av kyrkjegarden utgjer ein vesentleg kostnad. Sjølv om ansvaret for det praktiske er lagt til eining for teknisk drift, vert utgiftene rapportert i KOSTRA på ein funksjon som vert summert opp for kyrkja.

Tabellen under inneheld diverse KOSTRA-tal vedrørende kyrkja og aktiviteten der. Som ein ser er det stor aktivitet i kyrkja. Kyrkja lager også eiga årsmelding.

	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
Medlem av Dnk i prosent av tal innbyggjarar	86,0	82,6	87,2	76,3	72,7
Døypte i prosent av tal fødte	111,5	87,4	119,4	61,3	57,8
Konfirmerte i prosent av 15-åringar	95,8	81,8	89,3	70,0	61,5
Kyrkjelege gravferder i prosent av tal døde	103,0	100,2	100	89,6	90,3
Kyrkkelige handlinger pr. 1000 medlem	43,8	38,5	44,1	32,5	31,2
Deltaking gudstjenester søn- og helligdag pr. innb.	1,8	1,3	1,8	0,9	0,9
Gudstenester pr. 1000 innb	23,7	22,3	20,6	11,7	11,9
Konsertar og kulturarrangement pr. 1000 innb	3,3	2,9	1,5	2,6	2,4
Deltakarar konsertar og kulturarrangement per innb.	0,4	0,3	0,2	0,3	0,3
Kyrkjeofringar pr. medlem	220	87	455	74	79
Del av kyrkjeofringar til eiga verksemd, prosent	48,2	50,6	70,1	53,1	61,4
Medlem i trus- og livssynssamfunn i % av tal innb	4,6	4,8	3,1	8,3	10,7

## SEKTOR SAMFUNN OG UTVIKLING OG TEKNISKE TENESTER

Sektoren kan delast i to hovudområde.

Teknisk forvaltning og drift av kommunal infrastruktur og eigedom som ligg til einingsnivået, og samfunn og utvikling som i større grad vedkjem den overordna utviklinga av kommunen og ligg direkte til rådmannsnivået.

Eining for teknisk forvaltning har oppåver i stor grad knytt til plan-, bygge- og delingssak, samt kart, oppmåling, natur- og miljøforvaltning og brann. Medan teknisk drift har oppgåver knytt til drift av vassleidningar og vassverk, avløp, veg og eigedom.

Tenesteområdet samfunn og utvikling er ofte knytt til område som gjeld for alle sektorar. I 2015 har det spesielt vore arbeidd med kommuneleiinga si beredskap, internkontroll og kvalitet- og avvikssystem i alle sektorar. På Bjørkheim har kommunen starta gjennomføringa av områdeplanen. Det er kjøpt og makebyta areal for å kunna etablere kommunal infrastruktur i området. Kommunen har og følgd opp arbeidet med å få nytt biblioteklokale på Bjørkheim.

### Organisasjon og medarbeidarar

Innanfor sektoren er det totalt 23,36 årsverk fordelt på 41 personar. Prosjektstillinga er oppretta i samband med bygging av ny sjukeheim. Den skal stå ferdig i mars 2016. Stillingane knytt til brann utgjer 12 personar fordelt på 30% stilling. Me kjøper tenester frå Bergen Brannvesen; dette inkluderer stilling som brannsjef. Landbruk er eit interkommunalt samarbeid, der kommunen betalar tilskot til Fusa som er arbeidsgjevarkommunen i samarbeidet.

Årsverk	Sektor samfunn og utvikling og tekniske teneste	Tal personar	Nærvær årsverk	Kompetanse behov
5,38	Teknisk forvaltning ekskl landbruk	5	-100	Dekkar alle områda
0,30	Brann/feiring	12		1 Brannbefal
7,07	Teknisk drift VVA og eigedom	10		Sertifikatfornyng
8,56	Eigedom-reinhald	11		Fagbrev- teamleiar
0,75	Samfunn og utvikling (inkl	1		
1,30	leining) Prosjektstilling (Samnangerheimen)	2		
<b>23,36</b>	<b>Totalt</b>	<b>41</b>		

I teknisk forvaltning var det i mest heile 2015 sjukefråvær i sentral stilling. Fagkompetansen måtte i denne perioden dekkast inn gjennom andre i sektoren og ved kjøp av teneste frå andre. Det er behov for å fornya ei rekkje sertifikat innanfor VVA og eigedomsområdet. Reinhaldet vart frå januar 2015 samla i eiga avdeling under teknisk drift. 3 av reinhaldarane har fagbrev, men det behov for fleire med fagbrev som kan gå inn som teamleiarar på dei ulike bygga. I 2015 er det utarbeidd stillingsomtalar for alle stillingane i sektoren, og leiaravtalar for dei to einigsleiarane.

## Tenestene

Mål – God kvalitet på tenestene og god sørvis

### • Forvaltning

Tenestene sektoren leverer er i hovudsak retta mot alle innbyggjarane i Samnanger. Teknisk sektor hadde i alt 1567 inn- og utgåande journalpostar som vart sakshandsama i 2015. Det vart handsama 20 byggesøknader og utferda 41 målebrev. Det er sett krav til sakshandsamingstid for byggesakssøknader og søknader om oppmåling. Kommunen heldt fristen både på 3 og 12 veke for dei fleste søknadene i 2015. Oversitting av fristen gjev søkjar reduksjon i gebyret for byggesak og oppmåling.

<b>Teknisk sektor - forvaltning</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b><u>Tal tilsette</u></b>				
Forvaltning (på kommunehuset)	5	5	5	5
Teknisk drift (utanfor kommunehuset)	10	10	10	21*
Prosjektstillingar				1,3
<b><u>Sakshandsaming</u></b>				
Journalpostar inn og ut			1794	1567
Talet på byggesaker	45	2	35	20
Talet klager mottatt og formidla Fylkesmannen	5	2	2	3
Talet ferdigattestar handsama	18	7	15	38
Gj.snitt sakshandsamingstid byggesak, 3 vekerfrist (dagar)	25	30	35	20
Gj.snitt sakshandsamingstid byggesak, 12 vekerfrist (dagar)	45	21	14	72
Sakshandsamingsgebyr byggesak	7 400	15 000	10 000	10 300
Gj.snitt sakshandsamingstid oppretting av grunneigedom (dagar)	95	70	63	72
Talet utstedte målebrev nye eigedommar	31	29	39	31
Talet utstedte målebrev seksjonering				18
Gj.snitt sakshandsamingstid oppretting av eigedom, 12 vekerfrist (dagar)	95	70	63	61
Sakshandsamingsgebyr oppmåling	11 875	11 900	12 250	12 620

\*)reinholdsavdelinga vart oppretta

### • Avfall og renovasjon

Kommunen er med i interkommunal renovasjonsordning –BIR. Innbyggjarane i Samnanger leverte i 2015 litt over 1 000 tonn med avfall, kor 461 tonn var hushaldsavfall.

Renovasjonsgebyret for Samnanger er redusert til 1.700 kroner i 2015.

<b>Teknisk sektor - Avfall og renovasjon</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Talet hytteabonnentar	740	757	770	-
Talet årsinnbyggjarar	2 618	2 623	2 633	2 443
Totalt levert i alt (tonn)	999	1 057	1 107	1 148
Leverert usortert husholdavfall (tonn)	438	441	495	461
Leverert bilvrak	76	125	125	-
Årsgebyr BIR (kr)	1 964	1 982	1 874	1 700

Naturutvalet takk nei til å vera med i prøveprosjekt med BIR om forsøpling i 2015. Sektoren har i 2015 ikkje hatt kapasitet til å gjennomføra dette i eigen regi, og hadde derfor ikkje hatt ein aksjon for m.a. å fjerna bilvrak. Utvalet har no valt å gå inn på prøveprosjektet i 2016.

- **Landbruk**

Både talet på landbrukseigedomar og storleiken på produktivt areal held seg ganske stabilt i Samnanger. Det var ikkje søknader om omdisponering av dyrka mark i 2015.

<b>Teknisk sektor - Landbruk</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Landbrukseigedomar	242	257	257	257
Produktivt skogareal (dekar)	56 849	56 675	56 675	56 675
Jordbruksbedrifter	28	29	26	29
Jordbruksbedrifter med husdyr	26	27	23	28
Jordbruksareal i drift (dekar)	2 595	2 632	2 575	2 727
Talet jordlovsaker og konsesjonssaker	1	1	1	0
Søknader om dispensasjon for motorferdsel i utmark	2	2	2	0
Kjøp av interkommunal teneste			424 613	526 000

- **Drift av kommunaltekniske anlegg**

Dei kommunaltekniske anlegga i kommunen gjeld vassverk, vass- og avløpsleidningar, slam- og septikanlegg. Kommunen har eit vassverk i Myra og eit i Rolvsvåg. 70,4% av innbyggjarane er tilknytt det kommunale vassverket og 45,3% er tilknytt kommunalt avløp. Driftsutgiftene til kommunaltekniske anlegg vert dekkja gjennom gebyr (100% sjølvkostgrad). I 2015 er det lagt ny vassleidning til Frøland, og på nyåret i 2016 vart fleire nye abonnentar kopla til. Desse vil først visa i neste års Kostra-tall.

<b>Teknisk sektor – Drift av kommunaltekniske anlegg</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Talet på anlegg for kommunal vassforsyning	2	2	2	2
Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt vassforsyning		1 433	1 433	1 433 70,4%
Vassledninglengde (meter)			10 610	10 610
Årsgebyr vassleveranse	6 829	7 034	7 210	7 210
Tilknytingsavgift vatn	10 949	11 277	11 615	11 615
Talet på innbyggjarar knytt til kommunalt avløpsnett	1 086	1 086	1 106	1 106 45,3%
Talet avløpsanlegg	6	6	6	6
Lengde spillvassledning (meter)			11 400	11 400
Gebyrinntekter pr innbyggjar	1 080	1 136	1 137	1 192
Årsgebyr avløp	2 246	2 337	2 430	2 503
Tilknytingsgebyr avløp	10 228	10 535	10 851	11 176

Alle prøveresultata for e.coli har tilfredstillande resultat. Sektoren har starta kartlegging med sikte på å få fleire abonnentar tilknytt vassverket, og ein reknar med ytterlegare nye

abonnetar i løpet av 2016. Parallelt er det og arbeidd med å kartlegga kva delar av avløpsnettet som må fornyast. Mykje av dette nettet har ein alder opp mot 65 år. Det er særleg på Indre -Tysse det har vore fleire brot på både vass- og avløpsleidingar. Kommunen har søkeutstyr som kan spora opp leidningsbrot. Brot på avløpsleidingar resulterer ofte i miljøforureining med risiko for helse og miljø. Responstida for utbetring er låg. På kalde dagar er det avdekka ein del frosttapping og tapping i brønn. Dette fører til stor slitasje på vassverket i Myra, og det vert arbeidd med tiltak for å forhindra dette.

- **Samferdsle**

Kommunen driftar 22 km veg med 100% fast dekke. Kvaliteten på vegane og dekket er varierende. Kommunen har også ansvar for 8 km gang- og sykkelveg. Desse er i stor grad knytt til gangveggar rundt skulane og langs fylkesvegen på Haga og Indre- Tysse. Det er 88 km med private veggar i kommunen, og kommunestyret vedtok i 2015 å få utgreidd forslag på kva kommunale veggar som kunne verta nedklassifiserte. På nyåret vart det vedteke med nokre unntak å ikkje gå vidare med denne saka. Kommunen har ansvaret for og betalar for 730 lyspunkt langs både kommune-, fylkes- og riksvegane og nokre private veggar. Lyspunktta er ikkje i tråd med nye reglar og må verte skifta med leddlys i neste økonomiplanperiode.

<b>Teknisk sektor - Samferdsle</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Kommunal veg (km)	22	22	22	22
Gang og sykkelveg (km)	8	8	8	8
Fylkesveg (km)	74	74	74	78
Private veggar (km)	45	45	88	88
Kommunal veg med fast dekke	100%	100%	100%	100%
Talet personbilar	1 286	1 309	1 346	1 362
Talet parkeringsløyve forflytningshemma		6	6	16
Talet km dekkelagt kommunal veg dette året				2
Bro.driftsutgifter i kr pr km kommunal veg	198 864	149 864	131 955	160 636
Talet lyspunkt kommunal veg	320	320	320	320
Talet lyspunkt langs riks- og fylkesveg kommunen betalar for	410	410	410	410
Bro. driftsutgifter vegbelysning kommunalveg	112 000	114 000	168 000	311 000
riks- og fylkesveg	168 000	196 000	163 000	334 000

- **Drift av kommunale eigedommar**

Samnanger har 13 901 m2 med kommunale bygg (inkl. sjukeheimen). Bygningsmassen har vore relativt stabil etter at passivhusbygget på barneskulen vart bygt i 2012. Opning av ny sjukeheim i 2016 vil føra til ei auke på bygningsmassen. Kommunen har 26 utleigebustader/omsorgsbustader og næringslokale til utleige. Hagamulen som hadde to utleigeleilegheiter som vart seld i mars 2016. Næringslokala vil verta sanerte når leigetakarane flyttar i nytt lokale hos privat utleigar. Det er tildelt mindre resursar til løpande vedlikehald dei siste fire åra.

<b>Teknisk sektor - Drift av kommunale eigedommar</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Areal eigd adm.sjonslokale (m2)	1 712	1 712	1 712	1 712
Areal eigd førskulelokale (m2)	2 629	2 629	2 629	2 629
Areal eigd skulelokale (m2)	5 352	6 462	6 462	6 462
Areal eigd institusjonslokale (m2)	2 658	2 658	2 658	*)mellombels
Areal eigd idrettsbygg (m2)	440	440	440	440
Areal eigd kulturbygg (bibl. K-hus) (m2)				100
Samla areal totalt komm.eigde bygg (m2)	12 791	13 901	13 901	13 901*
Komm. disponert bustader pr 1000 innb	15	16	16	15
Komm.bustadar tilgj for rullestolbrukarar	30%	29%	31%	31%
Energikostnadar kommunale eigedommar	1 438 000	1 220 000	1 211 000	1 062 000
Utgifter løpande vedlikehald	2 583 000	2 581 000	2 130 000	1 718 000
Netto driftsutgifter eigedomsforvaltning	11 083 000	10 785 000	11 759 000	12 519 000

\*)inkl sjukeheimen

## Økonomi

Teknisk sektor har i 2015 forvalta totalt 17.371.308 millionar kroner. Tenesteområdet hadde dette året eit overforbruk på 3,5%.

<b>Teknisk sektor</b>	<b>2014 rekneskap</b>	<b>2015 rev. budsjett</b>	<b>2015 rekneskap</b>	<b>Avvik i kr.</b>	<b>Avvik i %</b>
<b>Teknisk forvaltning</b>		5 641 041	5 808 954	-167 933	3,0%
<b>Teknisk drift</b>	6 349 603*	11 142 193	11 562 354	-420 160	3,8%
<b>Totalt</b>		<b>16 783 234</b>	<b>17 371 308</b>	<b>588 093</b>	<b>3,5%</b>

\*) reinhald vart ført på ulike einingane.

Avviket er knytt til ein kombinasjon at lågare sjukerefusjon enn utgåande lønnsutgifter og kjøp av fagkompetanse. Teknisk drift har fått ekstra utgifter i samband med ekstremver og ras på veg. Eininga har forsøkt å dekkja desse kostnadane innanfor sitt budsjett utan ekstraløyving, men det viste seg umogleg å dekkja inn alle kostnadene.


- **Andel av kommunen sine total nettoutgifter**

Innanfor dei ulike forvaltningsområda er det få økonomiske nøkkeltal der kommunen kan samanlikne seg med andre. Samanlikninga går meir på sakshandsamingstid og tal saker innanfor dei ulike forvaltningsområda. På eigedom, vatn, avløp er der kostra tal kor kommunane kan samanlikna produktivitet, prioritering og gebyr.

Andelen ut frå kommunen sine totale nettoutgifter seier noko om korleis kommunen prioriterar ressursane til eigedomsdrift, veg, plan, natur og miljø. Samnanger tildeler mindre ressursar til eigedomsdrifta og veg enn KG3, særleg gjeld det ressursar til eigedomsdrift som




får 7,8% mot 9,7% for KG3. Ressursar til forvaltninga innanfor plan, miljø og natur (1,66%) ligg litt over KG3 (1,09%). Til plan er det og inntekter knytt til gebyr, og eininga bør sjå om desse står i høve til arbeidet kommunen har. 2,2% av ressursane vert prioritert til veg, medan KG3 tildeler 2,6%



- **Årsgebyr**

Det vert kravd inn gebyr knytt til vatn, avløp, avfall og feiing. Kva innbyggjarane totalt betalar i kommunale avgifter gjennom året er vesentleg når kommunen vert samanlikna med andre. I tabellen under viser me i tillegg til KG3 også informasjon frå Fusa, Os og Bergen, samt kommunen med høgaste kommunale gebyr (Berg) og Lunner som har lågaste gebyr.




Fusa 2014-tal

Samnanger har høgast gebyr på vatn (7210 kr.), medan Berg har høgaste gebyr på avløp (kr. 9845). Renovasjonsgebyret er høgare for innbyggerane både i Lunner på Hadeland og Berg på Senja. Totalt betalar innbyggerane i kommunen med høgaste årsgebyr 17.619 kroner i året, medan dei med lågast gebyr betalar 4.439 kroner. I Samnanger betalar ein 11.845 kroner og i Fusa 11.485 kroner. Denne samanlikninga seier ikkje noko om standarden eller kvaliteten på dei kommunaltekniske teneste. Eller noko om sjølvkostgraden. Samnanger har 100% sjølvkost. I 2016 vil det verta fleire abonnentar på vatn og med det auka inntekter. Kommunen må då ta stilling til om desse skal investerast i rehabilitering av gamle leidningar, eller settast av på fond til seinare investeringar evt. setta ned gebyr.

- **Tilknytning og etableringsgebyr**

Samnanger ønskjer fleire innbyggerar til kommunen. For dei som skal bygga hus er det ein del eingongskostnader som gebyr for oppmåling av tomt, tilknytning til vatn og avløp og eit sakshandsamingsgebyr for oppføring av bustaden. I Samnanger må ein betala 48.031 kroner til saman for desse tenestene, i Fusa 65.630 kroner. Medan ein innbyggerar som vil bygge hus i Os kommune må ut med 134.124 kroner i gebyr.




**Gebyr privat reguleringsplan**

Private utbyggerarar i Samnanger må betala 24.960 kr for handsaming av sin reguleringsplan. Fusa sitt gebyr er på 56.412 kroner. I Os betalar utbyggaren 110.000 kroner, medan Bergen har høgaste kostnad på kroner 257.000. Samnanger bør vurderer på nytt om denne tenesta er prisa rett.


- **Andel nettoutgifter brukt til eigedomsforvaltning**

Samnanger har 5,7 m2 kommunale eigedommar pr innbyggjar. I KG3 er tilsvarende tal 7,3 m2 pr innbyggjar, Fusa har 5,1 m2 og Vaksdal 7,9 m2. Nedanfor viser kommunen si prioritering og forvaltning av kommunale eigedomar. I 2010 brukte kommunen 9,8% av totalutgiftene i kommunen til eigedomsforvaltning, medan det i 2015 er sett av 7,8% til dette. Kommuner har satsa på nybygg og investert i å oppgradera barneskulen og barnehagane. Helsetunet og omsorgsbustadane er og relativt nye bygg. Ungdomsskulen med bassenget og kommunehuset er dei bygga som det er størst utfordring å drifta framover. Einskilde rom og utvendig fasade er oppussa, medan HMS, ventilasjon, andre miljøkrav og universell utforming ikkje tilfredstiller dagens krav. Dette er kostnadskrevjande tiltak. Det er stipulert eitt etterslep på vedlikehald på 18 millionar. Ein eigen plan for eigedomsvedlikehaldet er under arbeid.



- **Energikostnad**      **Mål: energiplan – føregangskommune på energi**

Energikostnadane i dei kommunale bygga utgjer ofte ein stor utgift og kan vera indikator for kva tiltak som bør verta sett i gang. Det er gjort ei rekkje energisparande tiltak noko som viser att i t.d. energibruk pr m2.




Nybygget på barneskulen vart bygt som passivhus i 2012. Varmepumper og ei rekkje enøk-tiltak er sett inn i dei bygg det let seg gjera. Frå 2010 har energikostnadane gått frå 138 kroner pr m2 til 76 kroner i 2015. Reduserte straumprisar forklarar ein del av dette. Men som ein ser av samanlikninga med andre bruker Samnanger minst utgifter til strøm i bygga sine i 2015. Den nye sjukeheimen vil og ha ei rekkje nye energisparande tiltak. Målet er å halda fram med låge energikostnader.

- **Samferdsle**

Samferdsel i kommunen er all drift av veg, brøyting, veglys og trafikkisikringstiltak. Det kjem ikkje fram i kostratala kva vegstandar og brøyteomfang kommunane har. I samanlikninga har me lagt inn informasjon om nabokommunane Fusa og Vaksdal.

I tabellen nedanfor er det samanlikna kommunane sine nettoutgifter til samferdsle pr. innbyggjar gjennom dei siste 8 åra. I 2015 brukte Samnanger 1.422 kr til samferdsel pr innbyggjar. Lågaste var landsgjennomsnittet med 771 kroner. Medan Vaksdal brukte mest med 1.988 kroner til samferdsle.



Det er stor skilnad mellom kommunane i kor mange km veg ein har ansvar for. Å sjå på kostnad pr. innbyggjar seier derfor lite om produktivitet. Statistikken viser at Samnanger i 2015 nytta 160.636 kroner pr. km. kommunal veg mot kr 131.955 i 2014. Landsgjennomsnittet låg på kr 123.110, medan Fusa brukte under halvparten av det me brukte ( kr 61 089). Delar av den høge kostnaden vår i 2015 skuldast dei mange uføresette hendingane.

Fleire av dei kommunale vegane i Samnanger treng opprusting. I vegrapport over vedlikehaldsbehovet er det vist til eit etterslep på 13 millionar kroner. Det er dyrt å flikka på desse vegane, og fleire av dei er rasutsett. I 2015 vart vegen til Nyutløtræ stengt for brøyting

av verneombodet grunna HMS. Meir ekstremver gjer vegane i dårlegare forfatning og er med å påføra kommunen meir ekstraavgifter til løpande vedlikehald.

### **Samfunn og utvikling**

Samnanger hadde i 2015 tilsyn på internkontrollsystemet til rådmannen. Det vart gjort ei rekkje funn som vart arbeidd med i 2015. Samfunn og utvikling starta arbeidet med å innføra eit kvalitetstyringssystem. Det skal gje betre rapportering til politisk nivå og til rådmannen, samt handtera avviksrapportering og ROS-vurdering. Det vart og laga mal for prosjektstyring, prosjekt og byggjerekneskap. Arbeida skal vera implementerte og tekne i bruk i løpet av 2016.

Ny organisasjon og fleire nye leiarar vart etablerte i løpet av 2015. Det var i løpet av året laga leiaravtalar for alle einingsleiarane, og laga stillingsomtarar for nærast alle stillingane i kommunen. Kommuneleiinga si beredskap og plan for dette vart revidert, og det ble etablert eit system for dette arbeidet.


Kommunen inngjekk i 2015 ei rekkje avtalar om grunnverv og makebyte på Bjørkheim. Dette var svært krevjande prosessar som tok mykje tid. Prosjektering av vatn, avløp og veg på området vart gjennomført i samarbeid med Asplan Viak. Dette er no lyst ut på anbod med oppstart våren 2016 og ferdigstilling i desember 2016. I tillegg var det nødvendig å gjennomføra ei mindre reguleringsendring på områdeplanen for å få inn alle avtalane som er gjennomførte, retta opp feil og få meir detaljerte trafikkkløysingar på området.

Samnanger vedtok og å kjøpa lokale av Bjørkheim eigedom til framtidig bibliotek. Hausten 2015 inngjekk kommunen avtale og har seinare delteke i prosjektet med å utforma lokalet. Fylkesbiblioteket vil vera rådgjevarar når det gjeld innreiing.

Sektoren har starta arbeidet med å lage ein ny hovudplan for vatn og avløp som skal gjelda for dei neste 20 åra. Planen vil verta eit grunnlag for framtidig kommuneplanarbeid og den framtidige infrastrukturen i kommunen.

Utfordringane er særskilt etterslepet på vedlikehald av vegar med 13 millionar og kommunale eigedomar med 18 millionar. Kva tiltak skal kommunen prioritera og kor går grensa for storleiken på gebyr kommunen kan pålegga innbyggjarane å betale.

## SEKTOR FOR HELSE OG OMSORG



Ovannemnde struktur kom gradvis på plass etter vedtaket i januar 2015, den siste eininga – helse – kom først på plass 1.3.2016. Grete Lill Hjartnes vart tilsett som sektorleiar i juni 2015, og var fram til desember også einingsleiar for plo.

### Pleie og omsorgstenestene

Pleie og omsorgstenestene omfattar i tillegg til tenester primært til eldre – sjukeheim, heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen - også tenester til funksjonshemma. Kommunen har ansvar omsorgsbustader i privat eige, dvs. at eininga må dekkja husleiga når husværa evt. ikkje er utleigde slik situasjonen var for delar av 2015.



2015 var eit krevjande år for pleie og omsorg. Gamle Samnangerheimen vart tømt på slutten av 2014, og i heile 2015 har eininga hatt mellombels drift. Sjukeheimdrift på Vaksdal og Hamnahaugen, heimetenesta på Vassloppa (administrasjonsdel til barnehage), psykiatri på Frøland og omsorgsbustadar drifta som sjukeheim.


Mellombels drift har gått over all forventning og både pasientar og tilsette melder attende om ei god tid. Me har klart å halda kvaliteten på tenestene på eit minst like høgt nivå som ved

ordinær drift. For å få det til har ein vore nødt til å sette inn ekstra mannskap, noko som igjen har medført økonomiske overskriddingar.

Det var eit slete personale som flytta ut av sjukeheimen. Dårlege fysiske arbeidsforhold og ein lang prosess fram mot vedtak om bygging av sjukeheimen hadde teke på. Med så store endringar for personalet som den mellombelse driftsfasen medførte kunne ein forventa stressrealtert fråvær. Statistikken viser eit rekordlågt sjukefråvær på 8,5% for pleie og omsorg samla og 7,38% for institusjonsdrifta.


Økonomien vart utfordrande i mellombels drift. I budsjettet vart det lagt til grunn mindre bruk av vikarbyrå på respirator. Dette vart prøvd, men ikkje mogeleg å gjennomføra. I tillegg synte det seg problematisk å gje fagleg forsvarlege tenester med drift både i Samnanger og på Vaksdal. Det var t.d. ikkje mogleg berre å ha ei sjukepleiar på vakt. Ei anna utfordring me ser er resultat av at kommunen over lang tid har hatt fokus på å ta vekk uønska deltid. Når fleire tilsette har den stillingsstorleiken dei ønskjer, er det ferre vikarar til å ta ledige vakter som kjem knytt til sjukdom, permisjonar mm. For å dekkje desse vaktene er kommunen avhengig av personell gjennom bemanningsbyrå. Me trur dette vil verte betre med ny sjukeheim.

Samnanger bruker mykje midlar på pleie og omsorgstenestene. Ei forklaring på det er at me har fleire over 80 år, ei anna er at me har langt fleire sjukeheimplassar enn dei andre, og drift av sjukeheimplassar er mykje dyrare enn relativt omfattande tiltak i heimetenestene. Ved handsaming av budsjettet for 2016 er driftsbudsjettet til plo redusert m.a. er det fatta vedtak om færre sjukeheimplassar. Dette skal gi nedgang i plo sin andel, men kapitalkostnaden med ny sjukeheim gir nye utgifter f.o.m. 2017.



Samnanger har ein større del av befolkninga over 80 år enn KG 3 og ein litt mindre andel for dei mellom 67 og 80 år, men me ligg over landet for begge desse aldersgruppene. Veksten har kome i aldersgruppa 70 – 74 år og 90 år og eldre.

Me har vesentleg høgare brutto driftsutgifter pr brukar enn dei andre, med me ligg lågare enn dei andre når me ser på netto kostnader pr. innbyggjar over 80 år. Ei forklaring på det er at det er færre som får tenester, og dei som får får svært mykje.



**Tal personar i ulike aldersgrupper pr. 1.1. - Samnanger**

	2005	2010	2012	2013	2014	2015	Endring 05-15
<b>70-74 år</b>	86	47	73	80	95	117	31
<b>75-79 år</b>	85	78	72	63	47	55	-30
<b>80-84 år</b>	78	65	60	62	72	59	-19
<b>85-89 år</b>	52	48	49	52	45	48	-4
<b>90 år og eldre</b>	20	29	34	31	35	31	11
<b>Sum over 70 år</b>	321	267	288	288	294	310	-11
<b>Sum over 80 år</b>	150	142	143	145	152	138	-12



Som tabellen under går heile 60% av driftsutgiftene i pleie og omsorg til sjukeheimen, mot 45 % for landet. Som vist over har kommunestyret tatt grep om dette ved å halda ei avdeling på sjukheimen stengt og at det er planlagt å selja plassar til andre.

*%-del av midlane i plo på ulike føremål*

	Samnanger			Fusa	KG 3	Landet
	2013	2014	2015	2015	2015	2015
<b>sjukeheim</b>	59	61	60	37	49	45
<b>heimeteneste</b>	35	33	35	48	47	50
<b>aktivisering</b>	5,8	5	5	4	4	5

76% av årsverka i brukarretta tenestene i plo er fagutdanna. Gjennomsnittet for landet er 75%. Lønsutgiftene våre pr. årsverk er på linje med KG 3 (kr 675.000), men noko lågare enn for landsgjennomsnittet. Me bruker i gjennomsnitt 0,58 årsverk pr. brukar, ein god del meir enn dei andre (0,49). Mykje bruk av vikarbyrå verker inn på denne siste indikatoren. Sidan me ikkje har oversikt over bruken hjå dei andre er det ikkje mogleg å seia om kva innverknad det har på personellbruk pr. brukar.

### Sjukeheim

Samnanger har høg sjukeheimsdekking samanlikna med andre. I statistikken er det lagt til grunn at me har 27 sjukeheims plassar, noko som tilseier 26,8% plassar i institusjon i høve til tal innbyggjarar over 80 år. For KG 3 var talet 20,8 og for landet 18,7. Tal sjukeheims plassar hjå oss omfattar fleire fleirsengsrom. Både på Samnangerheimen men ikkje minst i den mellombelse fasen har me hatt ein dårlegare kvalitet på plassane – fleire på same rom/husvære - enn me hadde ønska. For å betra på dette har me ikkje nytta alle plassane. I 2015 har me hatt 25 plassar på Vaksdal og Hamnahaugen, av dei har det i gjennomsnitt vore minst 2 ledige. Det ga ei kapasitetsutnytting i høve til 27 plassar på 63% (i 2014 på 74%) mot 97% for landet samla, noko som i realiteten tilseier at me ligg om lag som dei andre kommunane i sjukeheimsdekking.

I 2015 har det vore tildelt færre langtidsopphald, men fleire har fått tilbod om korttidsopphald. Korttidsopphalda er ofte knytt til behandling eller rehabilitering etter sjukehusopphald

Dekkingsgrad	Samnanger	Gruppe 3	Landet
Plassar i % av innb 80 år og over	26,8	20,8	18,7
Andel av innb. over 67 år på institusjon	?	6,3	11,5
Andel av innb. over 80 på institusjon	12,3	15,5	13,4
Andel av plassar til korttid	25,9	19,9	18,1
Andel plassar i skjerma plassar demens	22,2	29,5	25,4
Andel plassar avsett til rehabilitering	18,5	8,5	7,3

Brutto kostnad for ein sjukeheims plass var i 2015 knapt 1.030. mill kroner i Samnanger mot 1.035 mill kroner for landet. Det gir oss ein døgnkostnad på kr 4 303 kroner. Kostnaden vår er nok vesentleg høgare pr plass sidan me har hatt låg kapasitetsutnytting og det er kostnad delt pr. oppretta plass som er vist. Noko av forklaringa på høg kostnad pr plass er at me har ein brukar som krev omfattande hjelp.

Brukarbetalinga i høve til korrigererte brutto driftsutgifter i Samnanger er langt lågare enn landsgjennomsnittet (10,5% vs 15,4%). Det kom inn vel 2,9 mill. kroner i brukarbetaling.

Dette inkluderer refusjon på kr 444.000 til pasientar på dobbeltrom. Det er ulik betaling for korttidsplass og fast plass og eigne betalingsreglar for den første tida ein er inne på institusjon. Det gjer det vanskeleg å seia noko om kva gjennomsnittsbetalinga ligg på.


Institusjon	Sk	Kg 3	Hordaland	Landet	Fusa
Korrigerte brutto driftsutgifter, pr. plass	1 031 296	1 054 599	1 021 491	1 034 542	1 176 714
Brukerbetaling i % i høve til korrigerte brutto driftsutgifter	10,5	12,9	18,1	15,4	10,5

Pleie og omsorg - kvalitet	Samnanger	KG 3	Hordaland	Landet	Fusa
Legetimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,49	0,49	0,64	0,53	0,56
Fysioterapitimar pr. veke pr. bebuar sjukeheim	0,26	0,35	0,54	0,42	0,41
Plassar i institusjon i % av mottakarar av tenester plo	26,2	18,5	20,6	17,9	17,7

### Heimetenestene

Heimetenestene omfattar både tilbud til eldre – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen - også tenester til dei funksjonshemma. Samnanger gir heimetenester til færre over 80 år, noko som kan forklarast med god sjukeheimsdekking. I aldersgruppa under 67 år er det stort sett snakk om tenester til personar med nedsett funksjonsevne. Her er det få brukarar, og me ligg om lag på nivå med dei andre. Me har ein del fleire brukarar enn landsgjennomsnittet i aldersgruppa 67 – 79 år.


Sjølv om me har relativt sett god sjukeheimsdekking, definerer me at vesentleg fleire av brukarane våre av heimetenestene har omfattande hjelpebehov. I høve til landsgjennomsnittet kan dette forklarast med at me har fleire brukarar blant dei yngste eldre.



Som eit ledd i å få ned kostnadene vart det i budsjettet for 2016 bestemt å redusera på tilbudet om praktisk hjelp. Me låg i 2015 om lag på landsgjennomsnittet, men ein del over KG 3 og mykje over Fusa kommune.

	Sk 2015	KG 3	Fusa	Landet
%- av brukarane med omfattande hjelpebehov	29,6	24,7	30,5	24,5
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, praktisk hjelp	9,4	7,6	2,0	9,3
Gjennomsnittlig tildelte timer pr veke, heimesjukepleie	5,0	5,1	10,3	4,6

Utgiftene pr. brukar har variert mykje frå eit år til eit anna, og i 2015 gjekk kostnaden vesentleg ned frå året før. Delar av dette kan forklarast med endringar i utgiftsfordeling mellom sjukeheim og heimesjukepleien. Det er berre i liten grad kome til nye brukarar, og ein skulle forventa at dårlegare sjukeheimdekking førte til meir omfattande tenester til heimebuande. Andelen som var definerte som brukarar med omfattande hjelpebehov gjekk ned frå 36% til knapt 30% noko som gir slike utslag.



### Tenester til funksjonshemma

Me har i mange år vist til at med heildøgnsdrift to stader i kommunen, vert kostnaden høg. Dette er og ein av grunnane til at me arbeider for å få til eit samla bufellesskap. Samnanger kommune har frå november 2014 hatt eit senter for funksjonshemma. Samlokalisering av to senter har ført til reduserte utgifter.

Me har ikkje fått til ei optimal løysing, men leiinga og dei tilsette har sett at dette må til, og dei ser sjølvstøtt fram til at det vert bygd eit nytt senter.

Bebuarane i bufellesskapet er på verna arbeidsplassar delar av tida. Slike plassar kjøper me i Kvam, Fusa og Bergen. Avlastning driftar me sjølve.

	2 012	2 013	2013	2 014	2015
<b>Netto utgifter</b>	9 088 848	9 384 713	10 529 658	9 693 654	8 312 648

	2012	2013	2014	2015
<b>Bukollektiv</b>	7 226 096	7 646 040	6 772 138	5 598 996
<b>Arbeid</b>	527 747	608 539	764 964	884 765
<b>Dagtilbod</b>	1 630 869	2 411 609	2 156 552	1 828 887

### Aktivisering av eldre


Dagsenter er ikkje ei lovpålagt teneste. Me tilbyr i dag dagsentertilbod til heimebuande eldre ein, evt. to dagar i veka. Brukarane vert henta i heimen og køyrd til Samnangerheimen der tilbodet fram til utflyttinga vart gitt på daglegstova. I samband med mellombels drift var det svært viktig for oss å oppretthalde tilbodet. Kyrkja var meir enn viljuge til å stilla lokale til dagsenteret i kyrkja på Haga. Med opning av stort og flott dagsenter reknar me med at aktiviteten skal auka og me satsar på at mange friviljuge vil hjelpa til.

Statistikken er laga slik at me ikkje får ut tal berre for aktivisering av eldre. Me har derfor lite grunnlag for å seia noko om ressursbruken vår samanlikna med andre.

## Sosialtenesta – NAV Samnanger

Stillinga som einingsleiar har vore vakant i sidan 2014 i påvente av avklaringar om ny struktur og interkommunalt samarbeid om barnevern. Straks etter formelt vedtak om ny struktur var gjort, starta dåverande leiar av NAV stat uformelt også som einingsleiar for NAV kommune. Av ulike grunnar vart dette først formelt avklara hausten 2015.

Innan desse tenesteområda kjem det ofte uføresette hendingar som har økonomiske konsekvensar. Det kan gjera det vanskeleg å budsjettera rett, særleg gjeld dette for økonomisk sosialhjelp. I 2015 har det ikkje vore spørsmål om auka ressursar til desse områda.



Dei minste kommunane har mindre utgifter til dette området enn dei større. Utgiftene våre har gradvis blitt redusert noko som har resultert at me i 2015 ligg klart lågare enn KG 3 og på same nivå som Fusa. Me har lenge hatt ei målsetting om å få redusert talet på personar som vert gåande lenge på økonomisk sosialhjelp. Me ser ein positiv tendens for dei yngste, men diverre ikkje for dei over 25 år. Tal brukarar er så lite at det kan vera særlege hendingar som påverkar talet. Me har fram til no ikkje sett negative konsekvensar på budsjettet av ein strammare arbeidsmarknad.

### Tal personar som har fått økonomisk sosialhjelp

	2011	2012	2013	2014	2015
Totalt	58	49	49	49	42
Meir enn 6 mnd.	18	14	20	20	18
Gjennomsnittleg stønadslengd 18 -24 år	4,5	4,3	7,6	6,3	5,7
Gjennomsnittleg stønadslengd 25 – 66 år	4,5	4,8	5,0	4,7	5,5

Gjennomsnittleg stønad pr mnd var i 2015 på kr 6 564 ein auke på 1.000 kroner frå 2015.

Det er viktig å ha tilstrekkeleg og kompetente medarbeidarar både for å halda kostnaden nede, men ikkje minst for å gje brukarane av NAV høve til å koma seg over i andre ordningar enn økonomisk sosialhjelp. Dei tilsette kan både gje gode råd og arbeida aktiv ute for å finna fram til arbeidsplassar og praksisplassar for dei som står utan arbeid.



Det er ein god del fleire klientar i større enn i mindre kommunar relativt sett. I Samnanger er det 2,9% av innbyggjarane i alderen 20 – 66 år som er sosialhjelpsmottakarar, medan talet for landet er 4,2%. I tabellen under er totale kostnader, dvs. ytingar til den einkilde og kostnader med drift av kontoret vist. I tillegg er det vist gjennomsnittleg yting til brukaren. Tabellen under viser at me har færre brukarar enn landsgjennomsnittet, og me bruker også mindre ressursar pr. brukar.

	Samnanger	Fusa	KG3	Landet
Brutto driftsutg. pr. sosialhjelpsmottakarar i kr	71 548	93 641	72 069	99 468
Brutto driftsutg. til øk. sosialhjelp pr mottakar i kr	36 714	22 308	30 529	43 886
Andel sos.hjelpsmottakerar	1,7	1,0	2,8	2,6
Andel mottakarar med øk. sosialhjelp som hovudinntektskjelde	40,5	66,7	45,7	48,1

## Helsetenester

Samnanger har alltid brukt mykje til desse tenestene samanlikna med andre kommunar. Innan helse og då særleg for legetenestene har dei minste kommunane smådriftsutlempar. Mange oppgåver krev like mykje tid om ein er mange eller få innbyggjarar.

Det er innan diagnose, behandling og rehabilitering – dvs. legetenester, fysioterapi og førstehjelpsbil me bruker meir enn landsgjennomsnittet.





Vaktordningar er dyrare for dei mindre kommunane. Me har felles legevakt med Os. Me betalar ein større del av kostnaden enn innbyggjartalet vårt samanlikna med Os skulle tilseia. Eiga legevakt ville nok ha kosta noko meir, og sannsynlegvis ville det har vore vanskeleg å få til. Dagens og komande krav til legevaktbemanning og – kompetanse gjer det ikkje mogleg å ha eigen legevakt for dei minste kommunane i framtida.

Samnanger er ein av få kommunar som driftar førstehjelpsbil i det omfanget me gjer. I 2015er det utgiftsført kr 672.000 til førstehjelpsbilen,. Det utgjer ca 275 kr pr innbyggjar. For heile helsetenesta bruker me ca 1.000 kroner meir pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Mesteparten av utgiftene på bilen er til løn til personellet og då hovudsakleg til beredskap. Det er derfor relativt lite å spara på å ha ei meir restriktiv haldning til når bilen skal rykka ut.

Fastlegane sine lister med pasientar er om lag på det halve av gjennomsnittet for landet. Det viser at det er god kapasitet på legekantoret, men det må også forklarast med at me har legar i ”deltidsstillingar”. Me har lågare ressursbruk på det førebyggjande arbeidet blant barn og unge. I 2015 er dette området styrkja ved at helsesøster har fått utvida stilling med 10%. Dei obligatoriske undersøkingar av småbarna er gjennomførte, med nokre mindre forskyvingar. Det er likevel grunn til å sjå nærare på kva som er grunnen til forskyvinga i høve til helseundersøkingane og evt. kor lang forskyvinga er.

	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
Legeårsverk pr 10.000 innb	11,1	13,8	10,3	10,1	10,4
Fysioterapiårsverk pr. 10000 innb	8,2	10,1	11,7	8,7	9,0
Gj.snittleg listelengde fastlege korrigert for kommunale timer	524	779	788	1149	1128
Andel nyfødte med heimebesøk innan 2 veke etter heimkomst	92	96	97	93	84
Andel spedbarn med fullført helseundersøking innan utg av 8. leveveke	81	103	100	99	97
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 2-3års alder	81	97	99	97	99
Andel barn som har fullført helseundersøking ved 4 års alder	100	96	91	99	96
Andel barn som har fullført helseundersøking innan utgangen av 1 klasse	114	102	91	95	97



## SEKTOR FOR OPPVEKST OG KULTUR

Sektoren sitt ansvarsområde er barnehage, barneskulen, ungdomsskule, vaksenopplæring og kultur. Sektorleiar, Håvard Ragnhildstveit starta i jobben i august 2016. Fram til då hadde ass. rådmann hatt ansvaret for å fylgja opp einingsleiarane.

Sidan hausten 2015 har sektorleiar prioritert å arbeida saman dei tilsette, først og fremst med einingsleiarane for å oppnå den effekten som ligg til grunn for ny organisasjonsmodell. Det er etablert ulike fora der fokus er på det tverrfaglege samarbeidet. Arbeidet med ein strategiplan for sektoren vart starta opp i haust og pågår no for fullt. Det har vore særleg positivt å sjå kulturen sin plass i dette arbeidet.

I 2015 har det vore arbeidd med å få etablert eit system for tverrfagleg samarbeid for barn og unge. Folkehelsekoordinator saman med konsulent knytt til skule og barnehage har vore sentralt i dette arbeidet, men personell frå alle fagområda som arbeider med barn og unge har medverka aktivt for å få systemet operativt. Vedtak vart fatta av rådmannen i oktober 2015. Sektorleiar for oppvekst og omsorg har ansvar for å fylgja dette opp.


**Visjon for Tverrfagleg samarbeid**  
- Saman for ein meiningsfull oppvekst

**Overordna mål for Tverrfagleg samarbeid**  
Kvalitativt betre teneste for born og unge i Samnanger kommune

### Barnehage – Saman om ein god start

Barnehagelova definerer barnehagen sitt formål og samfunnsmandatet. Rammeplanen definerer barnehagen sine oppgåver og innhald. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagane har ansvar for å gje eit pedagogisk tilbod til barn i førskulealder. Samnanger kommune har to kommunale barnehagar og gjev driftstilskot til ein privat barnehage.

### Prognose barn i førskulealder (1-5 år)



Frå 2015 og utover er tala i prognosen uttrekk frå SSB sine tal for høg befolkningsvekst. I 2015 var det 144 barn i alderen 1-5 år i Samnanger. Barnehagane i Samnanger, inkludert den



private, har kapasitet til om lag 200 barnehagebarn. I dag nytter 84% av alle 1-5 åringane i Samnanger seg av eit barnehage tilbud i kommunen.

### Brukarar


I forskrift til Barnehagelova vert norm for pedagogisk bemanning definert. Det skal vera ein pedagogisk leiar pr 18 barn når barna er over 3 år, og ein pedagogisk leiar pr 9 barn når barna er under 3 år. Pedagognorma er ikkje ei norm for gruppestorleik, men skal vera oppfylt for barnehagen sett under eitt. Gardsbarnehagen har godkjenning for 32 korrigerede 3-5 årsplassar, og har ikkje areal til ytterleg utviding. Dei kommunale barnehagen har areal til ytterlegare utviding ved behov, og særskilt i Vassloppa kan ein heil avdeling verte teken i bruk ved behov .

Årsmelding, BASIL pr 15.12.15	Dråpslottet bhg	Vassloppa bhg	Aadland gardsbhg	Totalt
Tal barn <3 år	13	19	6	40
Tal barn >3 år	30	32	21	82
Barn totalt	43	51	27	122
Totalt korrigert Opphold pr uke	43,0	51,0	24,6	119,6
Godkjent leikeareal m <sup>2</sup>	406 m <sup>2</sup>	753 m <sup>2</sup>	174 m <sup>2</sup>	1379 m <sup>2</sup>

### Andel barn med barnehageplass

Barn som er fødte innan 1.9. har rett på plass i barnehage ved oppstart av nytt barnehageår. Regjeringa har nyleg sendt ut til høyring eit forslag som går på å utvida retten for dei som også er fødte innan utgangen av oktober. Det er snakk om at retten skal gjelde f.o.m. komande barnehageår.

I Samnanger har me eitt hovudopptak. Søknadsfrist er i mars. Dersom det har vore ledige plassar i løpet av året, har det vore teke inn barn. Nokre foreldre vel, ofte av praktiske grunnar, å ha barna i barnehage utanføre kommunen. Statistikken under omhandlar barn som går i barnehagane i kommunen og seier ikkje noko om bustadkommune. Figuren under viser at det er små avvik mellom kommunane for barn over 3 år, men Samnanger skil seg ut ved at vesentleg færre småbarn nytter barnehagen.




## Årsverk


Årsmelding i BASIL pr 15.12.15	Kommunal barnehage	Privat barnehage	Totalt
<b>Styrrar</b>	2,6	0,4	3,0
<b>Pedagogisk leiar</b>	8,2	2,05	10,25
<b>Assistentar</b>	16	3,20	19,10
<b>Adm/merkantilt</b>	0	0	0
<b>Assistent styrka</b>	2,5	0	2,5
<b>Anna personale</b>	0	0,32	0
<b>Sum</b>	<b>29,3</b>	<b>5,97</b>	<b>34,85</b>
<b>Andel pedagog u. godkjent utd.</b>	0	0,45	0,45

I tillegg hadde dei kommunale barnehagane 40%% stilling i tillegg til grunnbemanninga til styrka tiltak.

## Nøkkeltal




Figuren viser at me brukar mykje ressursar på barnehage i Samnanger kommune, og det har me gjort sidan 2011. Det har vore eit bevisst val ut frå eit syn om at det viktig med tidleg innsats for å gje barna ein god start. Det har medført at ressursbruken vår ligg markant over kommunar me kan samanlikna oss med. Dette utfordrar oss på å ta ned drifta utan at det går ut over kvalitet. Det er likevel ikkje nødvendigvis ein samanheng mellom økonomi og resultat, og dette må me sjå nærare på. Ei høgare totalbemanning kan skuldast måten me organiserer styrka tiltak og at bemanninga er høg i forhold til barnetal. Kommunestyrevedtaket 18.12.15 vil føra til reduserte utgifter.



Vel 10 % av utgiftene til barnehagane våre går til lokale. Dette er noko meir enn landsgjennomsnittet og viser den satsinga kommunen har gjort å få gode og tilpassa lokale. Resten er fordelt på bemanning (85%) og tilrettelagte tiltak (4,2%).

### Styrka tilbod

I Samnanger er det nokre få barn som får svært mykje styrka/ekstra ressursar i barnehagen. I 2015 hadde 9,9% av førskulebarna eit styrka tiltak til ein kostnad på ca 90.000,- pr barn. Figuren viser at me brukar meir ressursar på styrka tiltak sjølv om me har færre vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Me vil sjå nærare på om denne måten å gje tilbod på er den mest optimale. Målet må vera at det ordnære tilbodet i barnehagen er så godt at behovet for spesialpedagogisk hjelp vert lite. Deretter må ressursar knytt til styrka tiltak bidra til å hjelpa kvar enkelt barn, men også til barnehagen totalt. Mange barn har utfordringar knytt til språk, og me meiner at med annan organisering av t.d. ekstraressursane vil fleire få utbytte av dei.



### Teneste og brukarar i kommunale barnehagar

Dei kommunale barnehagane har godt utdanna personale. Det er godkjende pedagogar i alle pedagogiske stillingar. I Dråpeslottet har 77% av assistentane fagutdanning. 5 assistentar tar vidareutdanning.

### Økonomi

Barnehageeininga har god økonomistyring. Nok eit år leverte dei eit resultat med mindreforbruk. Mykje av dette skuldast høgare inntekter enn budsjettert, men mange av inntektene var knytt til sjukerefusjon noko som tilseier at det er spard på vikarbruken. Dette kunne dei gjera m.a. fordi dei har hatt lågare barnetal enn det var budsjettert med. Det er utfordrande å justera drifta i forhold til barnetal sidan dette vil vera avhengig av å ha vakansar.

Kommunale barnehagar	2013	2014	2015-budsjett	2015-rekneskap	Avvik 2015	Avvik %
Brutto driftsutgifter	18 840 937	19 361 954	18 529 706	18 444 632	85 074	0,5%
Brutto driftsinntekter	3 492 807	3 949 260	3 739 600	4 077 587	337 987	9 %
Netto driftsutgifter	15 468 062	15 412 694	14 790 106	14 367 045	423 061	2,9%

## Tilsyn

I september 2015 hadde Samnanger kommune som barnehagemynde tilsyn med dei 3 barnehagane i kommunen. Plan for gjennomføring av tilsyn i 2015 var utarbeidd i samarbeid med Midthordland kompetanseregion. Tema for tilsyna var innhaldet i barnehagen (Barnehagelova § 2 og rammeplanen), *Strategi for kompetanse og rekruttering* og Rutinar for politiattest, teieplikt, opplysningsplikt til barneverntenesta og helsekontroll av barn og tilsette (bhl § 23). Tilsyna viste avvik vedkomande rutinar for helsekontroll av barn og tilsette. Desse rutinane vart endra og avvika lukka innan desember 2015. Tilsynet viser også engasjerte tilsette med eit bevisst forhold til måla i einingane.


## Fellesutgifter barnehagane

Til forvaltninga av barnehagesektoren er det utgifter som ikkje høyrer under den einkilde barnehage. Dette gjeld:

- Kommunalt driftstilskot til private barnehagar
- Tilskot til barnehagar i andre kommunar med barn folkeregistrert i Samnanger
- Barnehageadministrasjon, PPT og kompetansemidlar til barnehagesektoren til fordeling på kommunale og private barnehagar
- Styrka tiltak i barnehagesektoren

## Hovudutfordring i barnehagane

Barnehagane i kommunen leverer god kvalitet, og har eit bevisst forhold til innhaldet i Rammeplanen. Det vert viktig å ha eit godt fagleg fokus samtidig som barnehagane vert utfordra på å justera drifta i forhold til barnetal. Strammare økonomiske rammer kan gjera at ein ikkje kan ha fleksibilitet når det gjeld fortløpande opptak. Det vil også vera behov for ein gjennomgang av korleis ein organiserer styrka tiltak. PPT vil vera ein viktig samarbeidspartnar her, der jakta på systemretta arbeid i ei inkluderande opplæring, vil vera sentralt. I løpet av 2016 vil ein vurdere om fullmakt til å fatta vedtak om spesialpedagogisk hjelp blir lagt ut til eininga. Målet er å få betre samsvar mellom vedtak, budsjett og organisering.




## Grunnskule – Ein god stad å vera , ein god stad å læra

Opplæringslova definerer skulen sitt formål og samfunnsmandat. Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskulen og vidaregåande opplæring definerer skulen sine oppgåver og innhald. Opplæringa i skulen skal, i samarbeid og forståing med heimen, opna dører mot verda og framtida og gje elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.

### Prognose elevtalsutvikling

Prognosetala er henta frå SSB for høg framskriving. Grunnskulane i Samnanger har kapasitet til to parallellar med om lag 40 elevar på kvart årstrinn. SSB si framskriving av 6-16 åringar er basert ut frå dagens vekst av barn og unge. Ei meir bevisst satsing på barnefamiljar og tilflytting må til om det skal verte ein høgare barnetal i kommunen dei næraste åra.




### Årsverk

Årsverk Tala er frå GSI pr. 01.10.15	Samnanger barneskule	Samnanger ungdomsskule	Totalt
Rektor	1,0	0,80	1,8
Inspektør og avdelingsleiar	0,55	0,40	0,95
Leiar for SFO	0,20	-	0,20
Sekretær/merkantilt	0,50	0,50	1,0
<b>Sum skuleleiing</b>	<b>2,25</b>	<b>1,70</b>	<b>3,95</b>
Lærarar m/godkjent undervisningskompetanse	18,05	8,56	24,65
Lærarar u/godkjent Undervisningskompetanse	0	1,00	1,00
Øvrige undervisningsårsverk	4,49	1,29	5,78
<b>Sum Pedagogisk personale</b>	<b>22,54</b>	<b>9,34</b>	<b>31,43</b>
Assistentar skule	6,15	1,27	7,42
Assistentar SFO	2,54	0	2,54
Reinhald	1,95	1,73	3,68
<b>Sum assistentar i alt</b>	<b>10,64</b>	<b>3,77</b>	<b>13,64</b>
Totalt årsverk	<b>35,43</b>	<b>14,81</b>	<b>49,02</b>
Tal tilsette	42	23	65

Me har godt kvalifisert og stabilt personell på dei fleste områda, men me ser at på nokre område er det behov for å styrkja kompetansen. Det har vore ein stor diskusjon om kompetansekrav til pedagogane. Skjerpa krav i norsk, engelsk og matematikk er no vedtekne. På fleire område og for fleire fag ser me som skuleeigar at det behov for at ein del av personalet må auka sin kompetanse.


## Ressursbruk



Grunnskulen sin del av totalbudsjettet har lagt relativt stabilt rundt 23 – 25 % dei siste åra. Som ein ser der skilnaden i den totale ressursbruken relativt lik uavhengig, men Fusa skil seg ut med ein vesentleg større andel. I desse tala er alle kostnader til grunnskulen med, dvs. skuleskyss, lokale, administrasjon og sjølve undervisninga

Ser me berre på utgiftene til undervisning og då målt pr. elev ser me at utgiftene våre har gått ned frå året før. Kvar elevplass i grunnskulen kosta Samnanger i 2015 kr. 98.876 . Utgifter til sfo-tilbod og skuleskyss kjem i tillegg. Elevkostnaden vil variere ut frå talet elevar og klassestorleik. Elevkostnaden i Samnanger avviker ikkje i stor grad frå dei andre vi no samanliknar oss med. Me ligg i 2015 lågast i %-del av totalbudsjettet som går til grunnskulen (undervisning).

Me ser litt av det same i tabellen under når me ser på andre faktorar enn pengar.



## Gruppestorleik

Kjelde: Skoleporten	S-2013	S-2014	S-2015	H-2015	L-2015
Tal elevar pr årsverk til undervisning	10,0	11,1	10,3	12,4	12,2
Andel elevar pr assistent i undervisning	31,6%	35,5 %	38,3%	77,0%	74,1%
Undervisningstimar totalt pr elev	71	64	69	58	58
Lærartettleik 1-7 trinn	11,6	11,7	11,4	13,3	13,3
Lærartettleik 8-10 trinn	10,3	12,7	10,9	14,7	14,0
Lærartettleik i ordinær undervisning	14,9	16,8	15,6	16,9	16,8

Lærartettleik bør sjåast i samanheng med forsvarleg pedagogisk gruppestorleik. Lærartimar til spesialundervisning er ikkje med her. Totalt undervisningstimar pr elev inkluderer alle typar undervisningstimar.


	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
Elevar per kommunal skole	142	122	76	220	229
Snitt gruppestorleik 1-10.årstrinn	11,2	10,4	12,8	13,9	13,7
Snitt gruppestorleik, 1.-4.årstrinn	12,2	10,1	11,1	13,7	13,5
Snitt gruppestorleik, 5.-7.årstrinn	10,2	9,8	9,9	13,2	13,3
Snitt gruppestorleik, 8.-10.årstrinn	10,9	11,2	19,2	14,9	14,3

Tabellen over viser at dei mindre kommunane har færre elevar pr. skule og også mindre grupper. Ved å slå saman dei to barneskulane auka gruppestorleiken vår mykje. Med fulldelt barneskule og med få klasser på ungdomsskulen ligg me over KG 3 og Fusa men noko lågare enn snittet for Hordaland og landet.

## Kvalitet

Elevane våre gjer det gjennomgåande bra, men det er ting å gripa fatt i.

Grunnskulepoeng er ein måte å måle resultat på, ein annan måte er nasjonale prøver. For dei minste kommunane som Samnanger og Fusa finn me store variasjonar frå eit år til eit anna. I 2015 har Samnanger grunnskulepoeng på 41,2 noko meir enn landet (40,8) og lågare enn Fusa med 42,7. Det vert vist til einingane sine meldingar om resultatata frå nasjonale prøver og til kvalitetsmelding for skule som årleg vert presentert i eigen tilstandsrapport.





## Spesialundervisning

Hausten 2015 hadde 28 av 284 elevar i grunnskulen enkeltvedtak om spesialundervisning (GSI), dvs 9,8 % av elevane. 4486 årstimar av totalt 19 643 årstimar totalt til undervisning, dvs 22 % av timetalet er knytt opp mot enkeltvedtak. Dette er ein nedgang i talet på enkeltvedtak, men ikkje i talet timar knytt opp til enkeltvedtak. Målet må vera å gjera den ordinære undervisninga så god at behovet for spesialundervisning



vert så liten som mogleg. Prinsippet om ei inkluderande opplæring må liggja til grunn. Ressursane vil då kunna bli brukt til beste for alle, der tilpassa opplæring og tidleg innsats er bærande element. I løpet av 2016 vil fullmakt om å fatta vedtak om spesialundervisning bli lagt ut igjen til einingane. Målet er å få betre samsvar mellom vedtak, budsjett og organisering til beste for alle elevane.



	Samnanger	KG 3	Fusa	Hordaland	Landet
<b>Skulelokale</b>					
Korrigerte brutto driftsutgifter til skulelokale, per elev,	24 408	21 852	16 717	17 663	15 186
Leie av lokaler og grunn per elev,	114	259	281	798	1 099
<b>SFO</b>					
Andel innbyggjare 6-9 år i SFO	45,7	48	39,8	63,1	61,5
Andel elevar i SFO med 100% plass	22,2	38,4	57,4	57,3	56,5
Netto driftsutgifter til sfo pr innbyggjar 6-9 år,	6 616	6 301	3 333	3 310	3 589
Brutto driftsutgifter til sfo pr brukar	31 761	28 095	24 293	25 642	26 897
<b>Skuleskyss</b>					
Andel elevar i grunnskolen med tilbod om skuleskyss	59,2	42,5	47,8	25,9	21,5
Netto driftsutgifter til skuleskyss, per innbyggjar 6-15 år,	3 897	3 755	4 879	2 325	2 064
Korrigerte brutto driftsutg. skuleskyss per elev som får skuleskyss,	6 750	8 455	10 219	9 014	9 780

Samnanger har satsa på gode skulelokale. Med det nye tilbygget er barneskulen der tiløva er lagt god til rette for både elevar og tilsette. Ungdomsskolen er mykje større enn tal elevar tilseier, men den er bygd for ein annan type skule og arealet er svært urasjonelt. Den er og krevjande å vedlikehalde. På begge skulane har me areal som kan ta imot vesentleg fleire elevar. Samla gjer dette at me har høge utgifter til skulelokale målt pr. elev.

Me har ein dyr SFO. Me veit at me har eit meir omfattande tilbod enn dei fleste, m.a. ved at me har ope i fleire ferier enn andre kommunar. Dette vert no sett nærare på og det vil i løpet

av våren 2016 laga forslag til nye vedtekter. Svært få nyttar Sfo på heil tid – 22 % mot landsgjennomsnittet på 56%.

I 2015 fekk nesten 60 % elevane våre tilbod om **skuleskyss**. Mange av dei vart skyssa kort noko som me ser av kostnad pr. elev. Det var fleire elevar som fekk mellombels skuleskyss i 2015 fram til tunellen bak Ytre-Tysse vart opna. Det er forventa at tal elevar med skuleskyss går ned i 2016.

### Økonomi

**Samnanger barneskule** hadde samla eit mindreforbruk på 289.000 i høve til korrigert budsjett. Skulen fekk redusert ramma si med 500.000 i høve til 2014, og dette vart handtert gjennom å redusera på assistentstillingar. Barneskulen fekk vesentleg meir i inntekter enn budsjettert og dette hjelpte nok på å halda budsjettet. Sfo hadde eit vesentleg meirforbruk, noko som er grepe fatt i m.a. ved å sjå nærare på vedtektene. Det gjekk også ut meir pengar til skuleskyss – kr 99.000.



**Samnanger ungdomsskule** har dreve vesentleg rimelegare enn det som låg til grunn for budsjettet. Rekneskapen viser eit mindre forbruk i høve til opphavleg budsjett på vel 1 mill. kroner. Rimelegare vikarar og noko større inntekter forklarar ein del, men som tidlegare år har det vore vanskeleg å funne rett nivå på løyvingane til ungdomsskulen.

### Vaksenopplæring

Samnanger vaksenopplæring har ansvar for grunnopplæring for vaksne etter Opplæringslova og for vaksne personar med rett og/eller plikt til norskopplæring etter Introduksjonslova.

**Norskopplæring for innvandrarar.** Også i 2015 vart denne tenesta kjøpt frå Bergen kommune, ved Nygård skole, og frå Folkeuniversitetet.

**Basiskompetanse i arbeidslivet – BKA-kurs:** Det vart halde eit 80-timars kurs i norsk munnleg/skriftleg og to 30-timars kurs i datakunnskap for tilsette i kommunen i 2015. Desse kursa vart gjennomførte i Samnanger ved hjelp av AOF Hordaland og Sogn og Fjordane, og med støtte frå VOX.

Deltakarar	Norsk kurs	Grunnskule/spes.	BKA-kurs
Våren 2015	9	4	10
Hausten 2015	8	3	24

Årsverk VO	2015
Leiar	0,10
Vernepleiar	0,31
Utøvande logoped	Kjøpt etter behov

## **Fellesutgifter grunnskule og Vaksenopplæring (VO)**

### **Ansvarsområde**

Her vert ført utgifter som ikkje skal vera ein del av driftsbudsjettet for den einskilde skule. Dette er utgifter/inntekter til:

Gjesteelevar (skulegang for elevar i andre kommunar )

Vaksenopplæring

Statlege kompetansemidlar til grunnskulen. To lærarar tok vidareutdanning 2014-2015 med vikarordning / stipend frå staten, og 2 lærarar tek vidareutdanning med statleg vikarordning på 37,5 % skuleåret 2015-2016.

Medlemsavgift i Midthordland kompetanseregion og SAPT.

Kjøp av PP-teneste frå Vaksdal kommune.

Spesialpedagogisk ekstraressurs i skule og barnehage

### **SK som lærebedrift:**

Våren 2015 var det 1 lærling og frå hausten 2015 2 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget, med instruktørar i barnehage/skule.

Dei siste 4 åra har me hatt eit samarbeid med Hordaland fylkeskommune/Osterøy **vidaregåande skule** om lokale og personell knytt til undervisning av ein elev med tilpassa opplæring på vidaregåande skule. Undervisninga har skjedd i delar av gamle Nordbygda barnehage.

### **Utviklingsmål for skulen - *Ein god stad å vera, ein god stad å læra.***

Planane "Strategi for oppvekst- og læringsmiljø" og "Strategi for barnehagane og skulane i Samnanger kommune 2012 – 2015" har vore grunnlaget for mål og tiltak i barnehage og skule. Desse er no evaluerte og elevråda og dei tilsette. Denne evalueringa vil vera grunnlaget for "Strategiplan for oppvekst og kultur 2016 – 2019."

Resultata sosialt og fagleg viser jamt over gode resultat. Resultata er tilgjengelege på [www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no), og vil bli omtala i Tilstandsrapporten våren 2016.


### **Hovudutfordringar i Samnanger skulen**

Skulane våre er lagt til rette for elevvekst og kan huse 2 parallellar. Både barneskulen, SFO og ungdomsskulen er "den einaste i sitt slag" i kommunen. Det føreset ei god samhandling på tvers av einingane, men også med andre kommunar. Hausten 2015 har vore prega av evaluering / avslutning av ein strategiperiode, og førebuing av mål og tiltak for ny strategiperiode. Den nye strategiplanen må ta opp i seg intensjonen med den administrative omorganiseringa der den raude tråden er samarbeid på tvers og rasjonell bruk av ressursane. . Skulane brukar mykje ressursar til spesialundervisning. Dette er eit tema som vert jobba aktivt med rundt om i kommunane. I løpet av 2016 vil fullmakt om å fatta vedtak om spesialundervisning bli lagt ut igjen til einingane. Målet er å få betre samsvar mellom vedtak, budsjett og organisering.

Ei utfordring for vaksenopplæring er at me ikkje har eigna lokale som er tilrettelagde for den delen av opplæringa som gjeld spesialundervisning for vaksne. Dette bør sjåast i samanheng med planlegging av dagsenter for vaksne. I tillegg må det vurderast om den administrative delen av VO kan administrerast på ein meir hensiktsmessig måte, t.d. vera knytt til ei eining.

## Kultur

Samnanger kommune bruker vesentleg mindre til kultursektoren enn gjennomsnittet av kommunane i landet. Når det er nemnd, må det og presiserast at det står fleire kroner bak 1% hjå oss enn for landet. Fordelt pr. innbyggjar brukte Samnanger kr 1687 til kultur, landsgjennomsnittet var på kr 2.023, KG 3 kr 2.814 og Fusa kr 1.485. Som vist seinare i meldinga bruker mange ein vesentleg større del til kulturbygg og idrettsanlegg, noko som gjer at skilnaden på den direkte støtta ikkje er så stor.




Det finst mykje statlege, fylkeskommunale og private midlar til kultursektoren som kommunen kan få del i. Ei målsetting for eininga har vore å få meir tilskot til kommunen, både i form av tilskot til kommunen men også til lag og organisasjonar i kommunen. Kommunen skal hjelpe laga med å søkja om midlar. I 2015 har tilskot auka med 100.000 kroner, ein god del av det er knytt til arrangement/tiltak.

	2014	Budsjett 2015	Rev. Bud	Rekneskap
Brutto drifts- og finansutgifter	4 850 739	4 952 523	4 818 848	5 252 400
Netto driftsutgifter	3 053 458	3 354 275	3 314 275	3 311 500
Tilskot til kommunen	221 673			327 103

### Prioritering mellom kulturaktivitetar

Sidan me ikkje har eit eige kulturbygg og eit relativt sett enkelt idrettsanlegg (ikkje hall), går ein vesentleg større del av kulturbudsjettet til dei andre føremåla. Samnanger har heller ikkje eige museum og ikkje kino, men desse postane utgjer for dei fleste ein svært liten del av budsjetta. Desse tilhøva påverkar sjølvsagt fordelinga elles. Samnanger prioriterer kulturskulen og sekkeposten andre kulturaktivitetar høgast. Når det gjeld bibliotek, ligg kommunen i stor grad likt med andre kommunar. Mest alle områda er retta inn mot barn og unge. I kategorien barn og unge vert ført tilskot frå kommunen til organisasjonar og lag som jobbar med barn og unge men som ikkje kan kategoriserast i ei av dei andre gruppene.



Det er også ei målsetting for kommunen å auka tal aktivitetar. Totalt sett har kulturkontoret no godt med ressursar og kan auke aktivitetsnivået innan ei rekke område.



Ny aktivitet - disko for dei unge

I 2015 vart det ikkje gitt tilskot til lagshus. Det forklarar nedgangen i tal lag som fekk tilskot.

Driftstilskot til frivillige organisasjonar	S-2013	S-2014	S-2015	Fusa 2015	KG3 2014	Landet 2014
Tal frivillige lag som mottek kommunale driftstilskot	13	11	4	17	742	13971
Kom.tilskot til lag og organisasjonar i	10 385	11 818	18 750	33 824	24 863	38 722



kr pr. lag som mottek tilskot					
Ungdomstiltak, idrett, mm	S-2013	S-2014	S-2015	KG3	Landet
% nettoutgifter barn og unge	7,9	5,4	4,6	5,3	9,4
Tilskot til frivillige barne og ungdomsforeiningar pr. lag som mottek tilskot	12 400	18 000	12 333	8 552	37 780
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod barn og unge pr innbyggjar 6-18 år.	789	508	495	956	1211

## Kulturskulen

Samnanger prioriterer kulturskulen høgt. Særleg viktig er den for arbeidet i skulemusikken der kommunen gjennom kulturskulen m.a. gir tilskot til dirigent. Me hadde ein markant auke i kostnad pr. brukar frå 2014 til 2015, noko som dels har si årsak i ressursbruken knytt til skulekorpset.

Nøkkeltal kulturskule	S-2013	S-2014	S-2015	Fusa 2015	KG3 2014	Landet 2014
Netto driftsutg. pr. innb 6 – 15 år	3 260	3 652	3 601	3 337	4 233	2 165
Korrigerte brutto driftsutg. pr brukar	13 593	13 303	18 863	14 066	19 274	18 054
Andel elevar av tal barn 6 – 15 år	31	24,2	22,9	28,1	24,0	13,9

## Bibliotek

Me ligg på same nivå som landsgjennomsnittet i netto driftsutgifter pr. innbyggjar og bemanning, og me har ein større tilvekst i media. Til tross for det har me dårlege resultat målt i tal besøk og utlån. Me har ei klar oppfatning av at hovudårsaken til det skuldast lokalisering av biblioteket. I neste omgang kjem sjølve lokala som er tronge og har dårleg – ikkje universell - tilkomst . Det er no fatta vedtak om nye lokale på Bjørkheim, og etter planen skal desse takast i bruk i byrjinga av 2017. Det vert arbeidd ein del med planlegginga av nytt bibliotek, og fylkeskommunen vil hjelpa til i arbeidet og gjerne med eit mindre tilskot.

Nøkkeltal bibliotek	S-2013	S-2014	S-2015	KG3	Landet
Netto driftsutgifter pr innb	298	235	278	422	265
Tal innb pr årsverk	3 164	1 380	3 173	2 455	3 030
Besøk pr. innb	1,5	1,0	1,1	3,9	4,6
Utlån alle media pr innb	6,1	3,6	3,5	4,6	4,4
Tal bokutlån barnelitteratur pr innb 0-13 år	11,9	7,2	8,7	12,2	10,2
Tilvekst alle media pr. 1.000 innb	653	532	487	379	216

## Friluftsområde

Samnanger er med i Bergen og Omland friluftsråd. Dei har ansvar for vedlikehald m.m. for friluftsområda i Rolvsvåg, Flesjane og Gjerde. Dei siste åra har det vore arbeidd for å få på plass eit frilufstområde/ badeplass i Ospevika. I samband med Tysse-tunellen vert det opparbeidd ny tilkomst til Ospevika, og tanken er at BOF også tek ansvar her. Kommunen har inngått avtale med fleire lag om vedlikehald for turvegar. I samband med arealplanarbeidet er det særleg fokus på parkering ved ei rekke turvegar og



Frå friluftsområdet i Rolvsvåg

tilkomst på vegar som er stengt med bom.

### **Folkehelse**

Frå 2013 har Samnanger kommune hatt 40% folkehelsekoordinator. Stillinga er lagt til kultur og vert kombinert med 60% kulturkonsulent. Koordinator legg fram eigen folkehelse rapport, og det er derfor ikkje teke med statistikk for dette i årsmeldinga.

### **Kulturminne, natur- og nærmiljø**

Samnanger har eigen plan for kulturminnevern.

Ein del frivillige har arbeidd lenge for å få redda Botnahytta. Den er eit minne etter krigen. I 2015 kunne dei sette strek for arbeidet. Kommunen har engasjert seg både ved å gje tilskot, hjelpe til med å søkje andre om tilskot og elles støtta opp under arbeidet.



Frå gjenopninga av Botnahytta- Arnfinn Haga fortel

### **Hovudutfordring**

Ei auke i kultursatsinga bør først og fremst skje ved å spisse tilbødet meir mot aldersbestemte gruppe og prioritere tilbød som det er stort ønskje om. Me har kanskje for lite aktivitetar for ungdom over 16 år. Me har ikkje vidaregåande skule i kommunen, og ungdomen våre er spreidd på fleire stader. Dette gjer det ekstra utfordrande å ha dialog med dei for å få fram kva denne gruppa etterspør. Ungdomsrådet er til hjelp i denne dialogen.

Me må leggja vekt på å få fram aktivitetar som har eit folkehelseperspektiv. Med avgrensa midlar til disposisjon er det viktig at kommunen har eit tett og nært samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Kommunen har no god bemanning på kulturområdet med 200% stilling i kulturadministrasjonen inkl. folkehelsearbeid. Me må fortsett ha fokus på å få til aktuelle aktivitetar, og me kan få inn enda meir tilskot.

Det er tenkt at dei nye biblioteklokala også skal vera sentral base for kulturen generelt, og me har stor tru på at med då kan få til mange nye og spanande aktivitetar for folk i alle aldersgrupper. Storstova på den nye sjukeheimen innbyr og til aktivitetar og arrangement som kulturkontoret kan vera pådrivar for.





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 232  
Arkivnr: 2016/79-4  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	20/16	20.04.2016

## Årsrapport frå skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 - Samnanger kommune

### Bakgrunn

Viser til utdrag frå brev av 21.02.2005, frå Skattedirektoratet:

*"Kommunenes behandling av skatteregnskapene etter at kontroll og revisjon er overtatt av staten.*

- *Staten er nå gitt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkreverfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatteregnskapet, mens oppfølgingen av den interne kontroll hos skatteoppkrever, utføres av regionale kontrollenheter lokalisert ved fem skattefogdkontor. Det er i denne forbindelse stilt spørsmål vedrørende kommunens behandling av skatteregnskapet.*

*Kommunestyret / kontrollutvalget skal etter det som er sagt over ikke lenger behandle selve skatteregnskapet, men får ved kontrollrapporten en tilbakemelding på om skatteoppkreverfunksjonen blir utført på en tilfredsstillende måte. Rapporten inneholder også eventuelle forslag til tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet stiller ingen krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret / kontrollutvalget, men forutsetter at kommunen følger opp eventuelle tiltak og forbedringspunkter. Skattedirektoratet anser det likevel som naturlig at skatteoppkrever oversender skatteregnskapet og kopi av sin halvårlege redegjørelse til kommunestyret / kontrollutvalget."*

Skattedirektoratet har vidare i brev dagsett 02.05.07 svara dette på førespurnad når det gjeld kontrollutvalget sin innsynsrett og tilsynsrolle knytta til skatteoppkrevjarfunksjonen:

*"Ut i fra en vurdering av de aktuelle hjemler mener Skattedirektoratet at kontrollutvalget kan kreve å få seg forelagt nøkkeltall som vist i vedlagte skjema fra skatteregnskapet. Til tross for at kontrollutvalget ikke har instruksjonsmyndighet over skatteoppkreverne bør kontrollutvalget ha adgang til å bemerke forhold vedrørende samlede restanser og arbeidsgiverkontroll så lenge dette er et ledd i utvalgets arbeid med kontroll av revisjon og den økonomiske forvaltning i kommunen og fylkeskommunen."*

Kommunal- og regionaldepartementet har i brev dagsett 01.06.07 kommentert skattedirektoratet sin uttale på denne måten:

*"Departementet har gått gjennom Skattedirektoratets vurdering av spørsmålene. Vi slutter oss til Skattedirektoratets vurdering og avklaring av de konkrete spørsmålene som er reist."*

### **Drøfting**

Med bakgrunn i disse utsegnene frå skattemyndigheitene vert rapportar vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune lagt fram til drøfting:

- Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune, datert 20.01.16.
- Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune, frå Skatteetaten, datert 15.02.16.

Samnanger kommune kjøper tenester frå Kvam herad når det gjeld skatteoppkrevjarfunksjonen. Frå 01.09.2014 er det oppretta avtale om skatteinnkrevjing, og sum årsverk som er avsett er 0,4 % stilling. I fylgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruks for skatteoppkrevjar. Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune er ikkje tilslutta kontrollordning av arbeidsgjevarkontrollar.

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Resultatet av den utførte kontrollen viser at det ikkje er gjeve pålegg eller tilrådingar innanfor desse ansvarsområda.

For Samnanger kommune er det i 2015 gjennomført 3 arbeidsgjevarkontrollar, som utgjer 5,4 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen. Det er krav om 5 % kontroll, og målsetjing for dette arbeidet er såleis oppfylt. Det vil og vidare framover vera viktig å ha fokus på at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet til gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar.

Kontrollrapport frå skatteetaten og årsrapport frå skatteoppkrevjar ligg som vedlegg til denne saka.

### **Konklusjon**

Kontrollrapporten frå Skatt Vest konkluderer med at Samnanger kommune totalt sett for 2015, og i det alt vesentlege, er i samsvar med gjeldande krav og regelverk. Kontrollutvalet bør såleis, med bakgrunn i framlagt årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren, og kontrollrapport 2015 frå Skatteetaten, gje sin uttale til arbeid som er utført ved skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune sin del.

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Samnanger kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Samnanger kommune i 2015 har nådd kravet om 5 % arbeidsgjevarkontrollar, ved at det er gjennomført 5,4 % kontrollar.
3. Kontrollutvalet vil peika på at det vil vera viktig for kommunen å sikra at skatteoppkrevjar har tilstrekkeleg ressursar til å oppfylle minstekravet når det gjeld gjennomføring av arbeidsgjevarkontrollar, også vidare framover.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2015 vert teke til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert sendt kommunestyret til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg:

- Årsrapport for 2015 frå skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune
- Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger kommune frå Skatteetaten.



Årsrapport for 2015

# Skatteoppkrevjaren i Samnanger kommune

## Innhald

<b>1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd.....</b>	<b>3</b>
1.1 Skatteoppkrevjarkontoret.....	3
1.1.1 Ressursar.....	3
1.1.2 Organisering .....	3
1.1.3 Ressursar og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll.....	3
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret.....	4
1.4 Skatteutval .....	4
<b>2. Skatterekneskapen .....</b>	<b>5</b>
2.1 Avlegging av skatterekneskapen.....	5
2.2 Margin.....	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2014 .....	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2015 .....	5
2.2.3 Kommenterar til marginavsetninga.....	5
<b>3. Innkrevjing av krav .....</b>	<b>6</b>
3.1 Restanseutvikling.....	6
3.1.1 Totale restansar og berostilte krav .....	6
3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar .....	6
3.1.3 Restansar eldre år.....	7
3.1.4 Kommenterar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år .....	7
3.2 Innkrevjinga si effektivitet .....	8
3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2015 .....	8
3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat .....	8
3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve .....	8
3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga .....	8
3.3 Særnamskompetanse .....	9
<b>4. Arbeidsgjevarkontroll .....</b>	<b>9</b>
4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen .....	9
4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar .....	9
4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen.....	9
4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen .....	9
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar.....	10
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	10

## 1. Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

### 1.1 Skatteoppkrevjarkontoret

#### 1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Tal årsverk ved skatteoppkrevjarkontoret som berre er nytta til skatteoppkrevjarfunksjonen i rekneskapsåret	0,4	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkrevjarkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatterekneskap	0,1	25 %
Innkrevjing av skatt og arbeidsgjevaravgift	0,2	50 %
Arbeidsgjevarkontroll	0,0	0 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og rekneskapsførarar/revisorar	0,0	0 %
Skatteutval	0,0	0 %
Administrasjon	0,1	25 %
(Andel fordelt skal være 100%)	Sum	100 %

#### 1.1.2 Organisering

Samnanger kommune har retta førespurnad til Kvam herad om hjelp til skatteoppkrevjarfunksjonen i Samnanger pga. manglande kapasitet.

Frå 01.09.2014 vart det oppretta ein ny avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad om skatteinnkrevjing i Samnanger.

I fylgje denne avtalen skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av instruksen for skatteoppkrevjaren.

#### 1.1.3 Ressursar og kompetanse

Skatterekneskap: Kompetansen er tilfredstillande. Når det gjeld ressursar er det sårbart i samband med ferie og andre fråvær.

Innkrevjing: Kompetansen er tilfredstillande. Ressursar er pressa i samband med tyngre innkrevjing og utleggsforretningar som vert haldne av skatteoppkrevjaren som særnamsmann.

Arbeidsgjevarkontroll: Er pålagt skatteoppkrevjaren i Kvam. I 2015 vart det utført arbeidslistekontroll.

Tilsette ved kontoret har delteke på kurs som har betydning for utføringa av arbeidsoppgåver.

## 1.2 Internkontroll

Alle bilag i samband med endre/registrere krav vert attestert av to personar. I samband med godskriving av annen aktør vert ekstern dokumentasjon lagt med når dette føreligg, utskrift av skjerm bilde og underteikna av to personar. Utbetalingar vert godkjent av to personar i SOFIE

og vedlagt dokumentasjon. Godkjenning i bank vert utført av tilsette ved økonomikontoret.

Det er fortida fire personar som har denne tilgangen.

Oppgåvene på kontoret vert utført forsvarleg og fylgjer lover og reglar. Resultatet for kontoret oppfyller dei krava som er sett. Rekneskapen er til kvar tid à jour på dei punkt som kontoret har styring på.

Det er oppretta eigne rutinebeskrivingar innanfor det enkelte arbeidsområde.

Det er oppretta rutine for månadlege og halvårlege rapportar som skal kontrollerast og signerast av den som utfører kontrollen

### 1.3 Vurdering av skatteinngangen

#### 1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

	2015	2014
Arbeidsgjevaravgift	-22 965 392	-23 034 928
Personlege skattytarar	-201 482 588	-184 769 898
Selskap	-11 191 239	-11 962 503
Renter	-257 913	24 413
Innkrevjing	12 885	-696
<b>Sum</b>	<b>-235 884 248</b>	<b>-219 743 612</b>

For 2015 syner skatterekneskapen at det er innbetalt totalt kr 235 884 248 i skatt og avgift. Dette er ein auke i forhold til 2014 på kr 16 140 636,- som utgjer 7,35%

#### 1.3.2 Kommunen sin del av skatteinngangen i rekneskapsåret

Fordeling til skattekreditorar

Ar	2014	2014
Samnanger kommune	62 066 594	57 433 144
Hordaland fylke	13 528 289	12 363 143
Staten	79 339 010	73 010 379
Folketrygd	80 957 501	76 936 966

For 2015 syner skatterekneskapen at det er fordelt skatt til Samnanger kommune med kr 62 066 594,- som er ein auke i høve til 2014 på kr 4 633 450,- som utgjer 8,07%.

Fordelingstall som vart nytta:

2014 Forskotspliktige 29,07% Etterskotspliktige 36,30%

2015 Forskotspliktige 28,67% Etterskotspliktige 37,50%

### 1.4 Skatteutval

Det er ikkje sendt saker til skatteutvalet i 2015.

Skatteutvalet har i 2015 ettergjeve kr 0,-.





### 3. Innkrevjing av krav

#### 3.1 Restanseutvikling

##### 3.1.1 Totale restansar og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2015	Herav berostilt restanse 31.12.2015	Restanse 31.12.2014	Herav berostilt restanse 31.12.2014	Endring i restanse	
					Reduksjon (-) Økning (+)	Reduksjon (-) Økning (+)
<b>Sum restanse pr. skatteart</b>	2 526 409	0	3 403 498	0	-877 089	0
Arbeidsgjevaravgift	5 640	0	136 052	0	-130 412	0
Artistskatt	0	0	0	0	0	0
Forsinkingsrenter	21 973	0	115 907	0	-93 934	0
Forskotsskatt	0	0	0	0	0	0
Forskotsskatt person	773 036	0	436 768	0	+336 268	0
Forskotstrekk	7000	0	113 747	0	-106 747	0
Gebyr	0	0	0	0	0	0
Innkrevjingsinntekter	38 184	0	36 699	0	1 485	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	0
Kildeskatt	0	0	0	0	0	0
Restskatt	134 858	0	839 857	0	-704 999	0
Restskatt person	1 545 718	0	1 724 468	0	-178 750	0
<b>Sum restanse diverse krav</b>	0	0	0	0	0	0
Diverse krav	0	0	0	0	0	0
<b>Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav</b>	2 526 409	0	3 403 498	0	-877 089	0

##### 3.1.2 Kommenterar til restansesituasjonen og utviklinga i restansar

Samla restanse er minka med kr 877 089,- frå 31.12.2014 til 31.12.2015 dette utgjer 25,77%

Berostilte krav er uendra frå 31.12.2014 til 31.12.2015.

Avskrivningar: Totalt i 2015 kr 410 357,-

På grunnlag av:

Avslutta konkurs i 2 selskap kr 410 357,-

Person:

Utlíkna skatt for 2014 kr 192 351 789,-

Utlíkna skatt for 2013 kr 182 828 501,-

Auke i utlíkna skatt utgjer 5,21%

**Upersonleg:**

Utlikna skatt for 2014 kr 10 797 604,-

Utlikna skatt for 2013 kr 12 113 091,-

Nedgong i utlikna skatt utgjer 10,86%

**Arbeidsgjevaravgift:**

Bokført arbeidsgjevaravgift i 2015 kr 23 202 974,-

Bokført arbeidsgjevaravgift i 2014 kr 23 036 616,-

Auke i arbeidsgjevaravgift utgjer 0,72%

Krav i konkurs: kr 422 216,-

Gjeldsordning: kr 217 328,-

**Aldersfordelt saldo**

Sum restanse	1 – 90 dagar	91 – 180 dagar	181 – 270 dagar	271 – 365 dagar	Sum siste 365 dagar	366 – 730 dagar	731-1095 dagar	Eldre enn 1095 dag.
2 526 409	553 067	838 411	165 544	98 900	1 655 922	315 087	217 923	337 477

**3.1.3 Restansar eldre år**

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2013	266 104	260 923
2012	161 034	161 034
2011	45 959	45 959
2010 – 1999	350 561	-----

**3.1.4 Kommentrar til restansar og restanseoppfølginga for eldre år**Kommentar til restansar for eldre år:

Forelda krav pr. 31.12.2015: 0

Samla beløp på forelda krav pr. 31.12.2015: kr 0,-

Kontoret har kontrollert rapporten «Restanse – forelda krav»

Kommentar til restanseoppfølging for eldre år:

Personlege skattytarar:

Er under gjeldsordning kr 190 499,-

Upersonlege:  
Har ikkje restanse for eldre år.

### 3.2 Innkrevjinga si effektivitet

#### 3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 31.12.2014

Skatteart	Resultat pr 31.12.2015	Krav
Restskatt personlege skattytarar 2013	94,0 %	93,0%
Forskotstrekk 2014	99,9 %	99,9 %
Utskreven forskotsskatt for personlege skattytarar 2014	99,1 %	99,0 %
Utskreven forskotsskatt for upersonlege skattytarar 2014	100,0 %	99,8 %
Restskatt for upersonlege skattytarar 2013	93,1 %	99,0 %
Arbeidsgjevaravgift 2014	99,9 %	99,9 %
Innkrevd restskatt, person 2013	56,6 %	55,0 %

Oppnådde resultat i høve til krav er gode med unntak av restskatt upersonlege skattytarar. Grunnen til dette er at ubetalte krav som er avskreve i samband med konkurs ikkje er teke omsyn til. Pr 31.12.2015 var det ikkje restanse på restskatt upersonlege skattytarar for 2013.

#### 3.2.2 Vurdering av samanheng mellom aktivitet og resultat

Det er utferda 15 krav om utleggstrekk, 5 skriftlege betalingsavtalar, 25 varsel om utleggsforretningar som førte til at 15 utleggsforretningar vart haldne, 3 motrekningar, 40 telefoninkassoar, 1 behandla forslag gjeldsordning, og 1 opna konkurs.

Det å komma tidleg i gong med innkrevjingstiltak verkar positivt på restansen.

DTI strategi verta utført snararast råd når det gjeld utlegg og vurdering  
:

#### 3.2.3 Omtale av spesielle tilhøve

Det er ubetalte krav på totalt kr 862 152,- som på grunn av konkurs kr 422 216,-, gjeldsordning kr 217 328,- og skattytar med ukjent adresse kr 222 608,- som ikkje er mogeleg å krevja innbetalt.

#### 3.2.4 Kontoret sitt eventuelle tiltak for å betre effektiviteten i innkrevjinga

Tidleg vurdering om det er grunnlag for tvangsinnkrevjing.

### **3.3 Særnamskompetanse**

Særnamskompetanse vert nytta av skatteoppkrevjaren. Dette har ført til snarare gjennomføring av utlegg og betre oppfylging av DTI strategiar.

Det er utsendt 25 varsel etter § 7-10. Det vart gjennomført 15 utleggsforretningar som førte til 6 tinglyste utlegg og 9 forretningar med ikkje noko til utlegg.

Det vart sendt 37 varsel om utleggstrekk som førte til 15 pålegg om trekk.

## **4. Arbeidsgjevarkontroll**

### **4.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollen**

I avtale mellom Samnanger kommune og Kvam herad gjeldande frå 01.09.2014 skal alt arbeid som fylgjer av skatteoppkrevjarinstruksen utførast av skatteoppkrevjaren i Kvam. Kvam har samarbeidsavtale med Kemneren i Bergen v/ Hordaland Kommunale Rekneskapskontroll om kontrollarbeid og det er planlagt at dette og skal gjelde for Samnanger, men dette vert ikkje avklara før i 2016.

### **4.2 Planlagde og gjennomførte kontrollar**

Tal planlagde kontrollar for 2015: 3

Som utgjør: 5,4 % av totalt tal LTO hos arbeidsgjevarane i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar 2015: 3

Som utgjør: 5,4 % av totalt tal leverandørar av LTO i kommunen.

Tal gjennomførte kontrollar i 2014: 0

### **4.3 Resultat frå arbeidsgjevarkontrollen**

### **4.4 Vurdering av arbeidsgjevarkontrollen**

Kravet om at 5% av arbeidsgjevarane skal kontrollerast kvart år er nådd i 2015.

I samband med at alle kontrollar no skal utførast i «KOSS» vil dette ha innverknad på framtidig organisering av kontrollarbeid.

#### **4.5 Samarbeid med andre kontrollaktørar**

Kontoret har ikkje delteke i felles aksjonar med skattekontoret.

#### **4.6 Gjennomførde informasjonstiltak**

Det er ikkje gjennomført organisert informasjon/veiledning til nye arbeidsgjevarar i 2015.

Norheimsund 19.01.2016

Steinar Vik

Skatteoppkrevjar (signatur)

**Vedlegg:** Årsrekneskapen for 2015 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsrekneskap for Samnanger kommune for rekneskapsåret 2015. Avlagt etter kontantprinsippet.

	2015	2014
Likvider	18 273 752	17 102 840
Skyldig skattekreditorene	-515 639	-484 873
Skyldig andre	0	0
Innestående margin	-17 758 110	-16 617 964
Udisponert resultat	-3	-3
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Arbeidsgiveravgift	-22 965 392	-23 034 928
Kildeskatt mv - 100% stat	0	0
Personlige skatteyttere	-201 482 588	-184 769 898
Upersonlige skatteyttere	-11 191 239	-11 962 503
Renter	-257 913	24 413
Innfordring	12 885	-696
<b>Sum</b>	<b>-235 884 248</b>	<b>-219 743 612</b>
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	22 965 392	23 034 928
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	57 992 109	53 902 039
Fordelt til Fylkeskommunen	13 528 285	12 363 143
Fordelt til kommunen	62 066 601	57 433 141
Fordelt til Staten	79 339 025	73 010 361
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	-7 164	
<b>Sum</b>	<b>235 884 248</b>	<b>219 743 612</b>
<b>Sum totalt</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Norheimsund 19.01.2016



Steinar Vik  
skatteoppkrevjar



## Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

## **Sumlinjene i årsregnskapet**

- **Likvider**  
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**  
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.  
  
Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**  
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**  
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere,\* kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**  
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**  
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.



Kommunestyret i Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse



## Kontrollrapport 2015 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Samnanger kommune

### 1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følgjer av "Instruks for skatteoppkrevjarar" av 8. april 2014.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt overfor skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og plikter å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 1. januar 2014.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.



## 2. Om skatteoppkrevjarkontoret

### 2.1 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen iht. skatteoppkrevjaren sine årsrapportar:

Tal årsverk 2015	Tal årsverk 2014	Tal årsverk 2013
0,4	0,2	0,7

I fylgje siste avtale, datert den 01.09.2014, mellom Samnanger kommune og Kvam herad skal skatteoppkrevjaren i Kvam utføra alle oppgåver som fylgjer av skatteoppkrevjarinstruksen.

## 3. Måloppnåing

### 3.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Samnanger kommune viser per 31. desember 2015 ein skatte- og avgiftsinngang<sup>1</sup> til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 235 884 248 og uteståande restansar<sup>2</sup> på kr 2 526 409, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 19. januar 2016.

### 3.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2015 for xx kommune.

Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (i %)	Resultatkrav (i %)	Innbetalt av sum krav (i %) førre år	Innbetalt av sum krav (i %) regionen
Restskatt personlege skattytarar 2013	4,1	94,0	93,0	95,0	95,8
Arbeidsgjevaravgift 2014	22,5	99,9	99,9	99,7	99,9
Forskotsskatt personlege skattytarar 2014	9,3	99,1	99,0	100,0	99,4
Forskotstrekk 2014	42,2	99,9	99,9	100,0	100,0
Forskotsskatt upersonlege skattytarar 2014	10,7	100,0	99,8	100,0	100,0
Restskatt upersonlege skattytarar 2013	1,9	93,1	99,0	88,2	99,2

<sup>1</sup> Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

<sup>2</sup> Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



### 3.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune er ikkje tilslutta kontrollordning av arbeidsgjevarkontrollar. Resultat for kommunen per 31. desember 2015 viser i følge skatteoppkrevjaren sin resultatrapportering:

Tal arbeidsgjevarar	Minstekrav tal kontrollar (5 %)	Tal utførte kontrollar i 2015	Utførte kontrollar 2015 (i %)	Utførte kontrollar 2014 (i %)	Utførte kontrollar 2013 (i %)	Utført kontroll 2015 region (i %)
56	3	3	5,4	0,0	1,9 %	4,0 %

### 4. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2015 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap og innkrevjing. Siste stadlege kontroll vart halden 25. mars 2015.

Skattekontoret har i 2015 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap og arbeidsgjevarkontroll.

### 5. Resultat av utført kontroll

- *Intern kontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll i det alt vesentleg er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- *Skatte- og avgiftsinnkrevjing*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- *Arbeidsgjevarkontroll*

Basert på dei kontrollane som skattekontoret har gjennomført, finn vi at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og vert utført i tilstrekkeleg omfang.



## 6. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2015 gjeve eit pålegg som er meddelt skatteoppkrevjaren i rapport av 21.04.2015.

Skatterekneskapen/årsrapport er avlagt av Kvam herad sin skatteoppkrevjar 19. januar 2016 og motteke hos skattekontoret 20. januar 2016.

Venleg helsing

Arnljot von Mehren  
avdelingsdirektør  
Skatt vest

Jan Kåre Strøm  
fagansvarleg

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Samnanger kommune
- Skatteoppkrevjaren for Samnanger kommune
- Riksrevisjonen



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217  
Arkivnr: 2015/131-7  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	21/16	20.04.2016

## Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte 1

### Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 23.02.16:

1. *Prosjektplan for overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

### Drøfting

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 1» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

*«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde, basert på eigen erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet. I denne prosessen vil vi ta i bruk eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.*

*I byrjinga av møtet vil revisjonen orientere om kva data som er samla inn så langt og ev. om det peiker seg ut nokre område som det kan vere knytt risiko til basert på undersøkingane som er gjennomførte.»*

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett før og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for selskapskontroll, jf. anna sak til dette møtet.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 1, tek analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 216  
Arkivnr: 2015/65-7  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	22/16	20.04.2016

## Overordna analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Prosessmøte nr. 1

### Bakgrunn

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 8/16 i møte 15.2.16:

1. *Prosjektplan for overordna analyse og plan for selskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med overordna analyse og plan for selskapskontroll.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

### Drøfting

I dette møtet har Deloitte lagt opp til å gjennomføre «Prosessmøte 1» som i den godkjende prosjektplanen vert omtala slik:

*«I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde, basert på eigen erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet. I denne prosessen vil vi ta i bruk eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmene høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.*

*I byrjinga av møtet vil revisjonen orientere om kva data som er samla inn så langt og ev. om det peiker seg ut nokre område som det kan vere knytt risiko til basert på undersøkingane som er gjennomførte.»*

Det er både naturleg og praktisk at dette prosessmøtet vert gjennomført rett etter og/eller parallelt med arbeidet som skal gjennomførast innan analyse og plan for forvaltningsrevisjon, jf. anna sak til dette møtet.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet, på bakgrunn av prosessmøte 1, tek analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, analysearbeidet for selskapskontroll så langt til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 146  
Arkivnr: 2016/81-1  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	23/16	20.04.2016

## Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2015

### Bakgrunn

Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for kontrollutvalet for 2015. Årsmeldinga skal gje eit oversyn over kva utvalet har arbeidd med i året som gjekk.

Føremålet med årsmeldinga skal og vera å melda tilbake til kommunestyret, som er kontrollutvalet sin oppdragsgjevar, resultata av utvalet sitt arbeid. Årsmeldinga peikar både på handsaming av saker som er slutført frå kontrollutvalet si side, og på kva som må følgjast opp vidare framover.

### Konklusjon:

Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett at kommunestyret godkjenner årsmeldinga i eiga sak.

### Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2015.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg:

- Årsmelding for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2015.



**ÅRSMELDING 2015**

**FOR KONTROLLUTVALET I**

**SAMNANGER KOMMUNE**



## 1 **Føremål og oppgåver for kontrollutvalet**

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgåver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

Kontrollutvalet har som oppgåve å føre tilsyn med den kommunale forvaltninga, på kommunestyret sine vegne. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Oppgåvene til utvalet omfattar alt innanfor tilsyn og kontroll, både rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein kva som er oppgåvene til kontrollutvalet.

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

**Kontrollutvalet har vore slik samansett i førre valgperiode, fram til hausten 2015:**

Medlemmer:

Jens Harald Abotnes – leiar (Krf)

Hans Solberg – nestleiar (Sp)

Elin Dyrseth Liøen (Ap)

Lena Tveit (Bygdelista)

Svein Verner Røseth (Frp)

Vararepresentant:

Brynjulv Hernes (Krf)  
Torill Abotnes Moss (Krf)

Anne Tandstad (Sp)  
Arne Jørgensen (Sp)

Nils Gåsdal (Ap)

Arne E. Holmefjord (Bygdelista)  
Rita M. Taule (Bygdelista)

Morten Røen (Frp)  
Arne Normann Tverlid (Frp)  
Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Samnanger kommune har vedteke at det skal vera to representantar frå kommunestyret som går inn i kontrollutvalet. Jens Harald Abotnes og Svein Verner Røseth har vore representantar i kommunestyret.

**Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:**

Medlemmer:

Brigt Olav Gåsdal – leiar (Ap)  
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar  
Øystein Foss (Bl)  
Svein Verner Røseth

Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)
2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)
3. Bjarne Hauge (Krf)

Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

1. Evelyn Frøland (Bl)
2. Roy Ove Eikedal (Sp)
3. Tor Henning Grønlien (Bl)
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Brigt Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

### 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2015**

- Kontrollutvalet hadde 4 ordinære møter i 2015, og handsama 46 saker.
- Kontrollutvalet har opne møter.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på nokre av møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

### 4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørge for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

*Forskrift om kontrollutval § 20 seier at kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har sekretariatsteneste som tilfredsstillir utvalet sitt behov. Sekretariatet skal til ei kvar tid yte kontrollutvalet den bistand som kontrollutvalet har trong for.*

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har vore sekretær på alle møta.

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, og Fitjar.

### 5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2016. Arbeid med utlysing av konkurranse og innhenting av tilbod er nå i ferd med å bli gjennomført. Kontrollutvalet vil våren 2016 koma med innstilling til val av revisor for ny avtaleperiode. Val av revisor skal iflg. Kommunelova § 78, pkt. 4 avgjerast av kommunestyret, etter innstilling frå kontrollutvalet. Etter at val av revisor er gjort, vil ny avtaleperiode for revisjonstenester ta til å gjelda frå 01.07.2016 og vara i 4 år, fram til 30.06.2020.

Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredsstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2015. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Bjarne Ryland, som i tråd med regleverket har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune, fram for kontrollutvalet. Unni Renate Moe hjå Deloitte har vore utøvande rekneskapsrevisor, og er den som har møtt i slike saker i kontrollutvalet.

### 6 **Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

## 7 **Opplæring**

Ingen frå kontrollutvalet i Samnanger kommune har delteke på eksterne kurs / opplæring i 2015. Dei fleste medlemmane i det nye kontrollutvalet melde seg derimot på folkevaldopplæring for kontrollutvala i Hordaland, som skulle haldast på Solstrand i januar 2016.

## 8 **Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Innkallingar og møteprotokollar frå møta er lett tilgjengeleg på heimesida.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

## 9 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

### **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.*

*Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter."*

I tråd med forskrifta vart det i 2012 utarbeida og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016. Denne planen vil vera gjeldande fram til ny plan vert utarbeida av kontrollutvalet i denne valperioden. Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2016 og leggst fram for kommunestyret i løpet av hausten. Dette vil då vera plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.

### 9.1 **Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.»

Kontrollutvalet i Samnanger kommune har berre fått gjennomført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt i 4-års-perioden 2012 – 2016. Kontrollutvalet vedtok alt i 2012 at det skulle gjennomførast prosjekt med å sjå på internkontroll i Samnanger kommune. Vedtak vart fatta i møte i kontrollutvalet i november 2012, og intensjonen var at arbeidet med forvaltningsrevisjonen skulle starte opp våren 2013. Men så kom sak vedr. barnevernstenesta opp, og kontrollutvalet valte å venta med å setja i gang prosjektet ut ifrå både kapasiteten til administrasjonen, og faren for at arbeid med forvaltningsrevisjonen skulle «tråkka inn i» det prosjektet ein såg var i ferd med å bli sett i gang av kommunestyret.

Det vart på ny vurdert å gjennomføre forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune» hausten 2014. Kontrollutvalet meinte dette framleis var det viktigaste prosjektet å få gjennomført, og utvalet gjorde vedtak om oppstart av prosjektet i november 2014.

Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 16.09.15. Kontrollutvalet gjorde slik innstilling til kommunestyret:

*«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune.*

*Kommunestyret ber rådmann syta for å:*

- 1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.*

2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.01.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Då saka vart handsama i kommunestyret 14.10.15 vart det gjort ei endring i forslag til vedtak. Det var å endra frist for å utarbeide handlingsplan med ein månad, til 01.02.2016. Etter denne endringa vart innstillinga frå kontrollutvalet samrøystes vedteke.

Kontrollutvalet har følgd opp forvaltningsrevisjonen ved å be om informasjon frå rådmann om kva oppfølgingsarbeid som er gjort. Dette presenterte rådmann for kontrollutvalet i møte 23.02.16. Informasjonsnotatet er og lagt fram for kommunestyret i møte 03.03.16. Rådmann gjer i notatet greie for korleis vedtaket er tenkt følgd opp. Det er skissert kva som skal gjennomførast i første halvår 2016, og vidare kva som er planlagt gjennomført i andre halvår 2016. Kontrollutvalet har gjort vedtak om å følgje opp og etterspørje informasjon om oppfølgingsarbeidet vidare, og har såleis bede om ny orienteringssak i første møte i 2017.

## 9.2 Andre saker som kontrollutvalet har arbeidd med

Våren 2015 kom det henvending til kontrollutvalet frå ein innbyggjar der det vart klaga på sakshandsaming vedr. ei sak i Samnanger kommune. Kontrollutvalet drøfta henvendinga og vedtok at ein ville be Deloitte om å gjera ei vurdering av saka, og at det vart lagt fram eit notat som resultat av gjennomgangen. Deloitte utførte bestillinga frå kontrollutvalet. Notatet konkluderte med at ein ikkje kunne finna grunnlag for dei påstandane i klagen som er sendt til kontrollutvalet. Kontrollutvalet tok dette til orientering og sende melding om denne konklusjonen til innbyggjaren som hadde klaga inn saka.

Likevel kom det fleire henvendingar frå same person, som og sende saka til Fylkesmannen. I svarbrevet frå Fylkesmannen vedr. saka finn ein m.a. følgjande uttale:

*«Fylkesmannen finn heller ikke grunn til å se nærmere på kontrollutvalgets avgjørelse i møte den 26.11.15 om ikke å ville gå videre med denne saken. Vi viser til at kontrollutvalget er kommunestyrets organ for kommunens egenkontroll. De bestemmer derfor i stor grad selv hvilke saker de ønsker å se nærmere på. Det er bare kommunestyret som kan pålegge kontrollutvalget oppgaver. Dette innebærer at ingen har rettslig krav på at kontrollutvalget går videre med en bestemt sak. Kontrollutvalgets avgjørelse om ikke å ville gå videre med en sak vil derfor ikke være et «enkeltvedtak» etter definisjonen i forvaltningsloven (fvl.) § 2 første ledd bokstav b. Avgjørelsen kan derfor ikke påklages etter forvaltningsloven sine klageregler, jfr. fvl. § 28.»*

Fylkesmannen avsluttar brevet sitt med at «Vi anser nå saken som avsluttet fra vår side».

Kontrollutvalet gjorde og på nytt vedtak i saka:

- «1. Kontrollutvalet har gjennomgått saka på nytt og finn at dette ikkje er ei sak kontrollutvalet vil prioritera å gjera meir med.
2. Kontrollutvalet seier seg med dette ferdig med saka.»

Denne saka medførde ein del ekstra ressursar for kontrollutvalet sitt budsjett, og som det ikkje var teke høgde for i ramma som kommunestyret hadde sett for budsjettet til utvalet for 2015.



## 10 **Arbeid med selskapskontroll**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*"Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegeres til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll."*

På bakgrunn av dette vart det i 2012 utarbeida og vedteke plan for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016. Denne planen vil og vera gjeldande fram til ny plan vert utarbeida av kontrollutvalet i denne valperioden. Dette arbeidet skal gjennomførast i løpet av 2016 og leggast fram for kommunestyret til hausten. Dette vil då vera plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

### 10.1 **Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk**

Kontrollutvalet gjennomførte i siste valperiode ein selskapskontroll. Saman med dei andre eigarkommunane vart det gjennomført selskapskontroll av Business Region Bergen AS (BRB). Etter at rapport frå selskapskontrollen vart lagt fram i 2013 har kontrollutvalet fått seg førelagt rapportar om oppfølgingsarbeid. I desember 2014 vart siste rapport framlagt. Alle tilrådingane som var gjevne etter selskapskontrollen var då følgde opp av BRB.

Våren 2015 sende kontrollutvalet i Kvam Herad førespurnad til Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune, om deltaking i gjennomføring av selskapskontroll av Storeholmen VTA AS. Selskapet er i hovudsak eigd av Kvam herad, Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune, samt ein eigardel tilhøyrande «Kvam og Jondal lag av NFU». Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde vedtak om deltaking i prosjektet. Kontrollutvalet i Samnanger gjorde vedtak om å takka nei til å delta. Grunngeving for dette var både at budsjettramma til kontrollutvalet ikkje var tilstrekkeleg til å delta, og at kontrollutvalet i Samnanger hadde gjennomført bedriftsbesøk i verksemda i 2014, der det vart gjevne orientering om drifta i selskapet.

## 11 **Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.**

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2015 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapen viser kr 147.880.321 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1.587.389.
- negativt netto driftsresultat var på kr 3.290.707.
- Netto driftsresultat omrekna i netto resultatgrad vart (minus) -1,66 % , sett opp mot sum driftsinntekter

Rådmannen skreiv m.a. slik i si årsmelding:

*«Me legg fram ein rekneskap med for oss eit heller stort underskot. Det er tilfelle hjå mange kommunar i 2014, og hovudgrunnen til det er svikt i skatteinntektene. Samanlikna med opphavelige budsjett så har me 3 millionar mindre i inntekter frå skatt og ramme. Forventa låge skatteinntekter for landet vart kjend relativt tidleg på året. Regjeringa ga klar melding om at det ikkje ville verta gitt kompensasjon for skattesvikten. Utviklinga i skatteinngangen vart derfor gitt ekstra fokus og naudsynte budsjettjusteringar vart gjort. Det gjer at rekneskapen berre viser eit lite negativt avvik på desse inntektene. For å få til justeringane vart det planlagt reduksjonar i driftsbudsjetta. Ikkje alle har klart å tilpassa drifta til den nye ramma. I tillegg var det og postar som var underbudsjetterte som det var vanskeleg å gjera noko med.»*

I kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen vart det konkludert med at rekneskap og årsmelding for kommunen er lagt fram på ein god måte.

**12 Skattoppkravfunksjonen.**

Kontrollutvalet har og hatt kommunen sitt skatterekneskap, årsmeldinga frå skatteoppkravjar og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2014 til handsaming.

Kontrollrapporten frå Skatteetaten konkluderer med at skatteoppkravfunksjonen i Samnanger kommune totalt sett for 2014, i det alt vesentlige vert utført på ein tilfredsstillande måte, og i samsvar med gjeldande regelverk. Unnataket er manglande arbeidsgjevarkontrollar.

**13 Tilsyn frå Fylkesmannen**

Når til dømes Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredsstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

I 2015 vart det gjennomført følgjande tilsyn i Samnanger kommune:

- Tilsyn med NAV Samnanger
- Tilsyn med dei 3 barnehagane i kommunen (kommunen er sjølv tilsynsmynde)

**14 Andre saker / orienteringssakene i kontrollutvalet i 2015:**

- o Orienteringssak om arbeid med etikk og etiske retningslinjer
- o Orienteringssak om prosess med utlysing av låneopptak for Samnanger kommune
- o Budsjettframlegg for kontrollutvalet sitt ansvarsområde, og
- o Budsjettstatus for KUV-budsjett undervegs i året
- o Tertialrapportar for kommunerekneskapen og finansforvaltning
- o Orientering om utbyggingsprosjekt i kommunen og rutinar for prosjektrekneskap
- o Utvalet har og som faste punkt på saklista - gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

**15 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet for valperioden 2011 - 2015**

Kontrollutvalet i førre valperioden hadde sitt siste møte 16.09.2015. Av sakene på dette møtet var «Evaluering av arbeidet i denne valperioden».

I første møte i kontrollutvalet for inneverande valperioden, 25.11.15, vart det gjort vedtak om å følgja opp nokre av punkta som kom fram i evalueringa. Kontrollutvalet ville særleg følgje opp desse punkta:

- Viktig med god opplæring, gjerne spreidd utover året. Opplæring i forståing av roller, oppgåver og ansvar både for KUV og KST.
- Ønsker å vidareføra at nokre møter vert planlagt utanfor kommunehuset.
- Kontrollutvalet ønsjer å delta på folkevaldopplæring saman med kommunestyret.
- Vil at det vert førebudd sak om korleis kontrollutvalet kan synleggjerast betre på heimesida til kommunen.

Samnanger, 20. april 2016

Brigt Olav Gåsdal  
Leiar i kontrollutvalet



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151  
Arkivnr: 2016/37-7  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	24/16	20.04.2016

## Konsekvensar for vedteke budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - søknad om ekstraløyving

### Bakgrunn

I møte 23.02.16 fekk kontrollutvalet førelagt budsjetttramme som er vedteke av kommunestyret for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016. Det vart gjeve følgjande opplysningar i saka:

«Kommunestyret vedtok budsjett for 2016 i sitt møte 17.12.15. På førespurnad om kommunestyret sitt vedtak vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid for 2016, har sekretariatet fått følgjande opplysningar frå økonomisjef:

«Budsjettet for 2016 vart vedtatt i sak 65/15 (sjå Samnanger kommune si heimeside / folkevaldportal). Kommunestyret vart i møtet informert om at budsjettet til kontrollutvalet er kr 49.100 for lågt i Formannskapet sitt framlegg (og rådmannen sitt). Det kom ikkje framlegg om å auka budsjettet.»

I kontrollutvalet sitt forslag til budsjett 2016 var det føreslått ei ramme på kr. 822.376,-. Ramme som nå er vedteke er på kr. 509.959. Det er og sett opp eit budsjett for kontrollutvalet sitt område som er detaljert på dei ulike postane, og ein del av desse postane er kraftig redusert, eller sett til kr. 0,-. Kontrollutvalet bad om auka ramme for 2016 grunna:

- Lovpålagt analyse- og planarbeid, både for forvaltningsrevisjon og for selskapskontroll, første året i ny valperiode.
- Oppretthalda vanleg standard med minst ein årleg forvaltningsrevisjon (lovpålagt) og ein aktivitet innan selskapskontroll kvart år.
- Folkevaldopplæring i starten av ny valperiode.
- Konkurransetsetting av revisjonstenester, ettersom gjeldande avtale går ut 30.06.2016.»

Frå protokoll etter møte i kontrollutvalet 23.02.16 står det følgjande:

### «Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjennomgjekk postane i budsjettet som er vedteke for kontrollutvalet for 2016, og samanlikna dei med forslaget til budsjett som kontrollutvalet hadde sett fram. Det vart reist spørsmål om kven som har utarbeida fordeling av postar som nå er vedteke, om det er rådmann eller formannskapet. Det vart peika på

at kommunestyret ikkje hadde fått teke stilling til prioritering og endring av postar i kontrollutvalet sitt budsjett, då budsjettsaka vart handsama 17.12.15. Kontrollutvalet vil ta dette opp, og be om at kommunestyret vedtek i eige punkt kva ramme kontrollutvalet skal ha i framtidige budsjettsaker.

Det er skore ned på postar som inneber at det vert vanskar for kontrollutvalet å gjennomføra oppgåver som er lovpålagde, og som kontrollutvalet har vedteke skal gjennomførast i 2016. Dette gjeld:

- Planarbeid i 2016 – det er lovpålagt at dette skal gjennomførast første året i ny valgperiode. Kostnad med dette er sett opp i kontrollutvalet sitt forslag med kr 144.921. I vedteke budsjett er dette stroke.
- Arbeid med konkurranseutsetting av revisjon er og sett til kr. 0,-. Her har kontrollutvalet fått i oppdrag av kommunestyret å gjennomføra dette arbeidet. Utvalet har deretter gjort vedtak om å be sekretariatet om å utføra konkurransen og evaluering av innkomne tilbod. Dette arbeidet er ein nå i gang med. Utvalet har i sitt budsjettforslag kalkulert med at dette vil kosta kr 33.800,-.

Kontrollutvalet konkluderte med at konsekvens for at kontrollutvalet sitt budsjett er vedteke slik det nå ligg føre, må vera at det vert førebudd sak til neste møte i kontrollutvalet. Saka skal legga opp til å søkja kommunestyret om ekstraløyving. Søknaden skal grunngjevast ut frå dei signal som kom fram i møtet. Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet ber sekretariatet førebu sak til neste møte ut frå dei signal som er kome fram i møtet.»

#### **Drøfting**

Konsekvensane av at budsjettframlegget frå kontrollutvalet er svært redusert, er at kontrollutvalet må ta stilling til kva oppgåver ein ikkje skal gjennomføra i 2016. Kontrollutvalet ønskjer å legga saka fram for kommunestyret, som må ta stilling til om noverande ramme skal vera gjeldande for kontroll- og tilsynsarbeid, eller om det kan tillegg-løyvast midlar som gjer at kontrollutvalet kan utføra eit minimum av oppgåver i 2016. Dei postane i budsjettet som ein ber kommunestyret ta stilling til er:

- A. Midlar til å utarbeida planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er stoke i vedteke budsjett. Dette er ei oppgåve som kontrollutvalet er pålagt å gjennomføra første året i ein valgperiode, og etter planen skal dei leggst fram for kommunestyret i eit av dei første møta til hausten. Planarbeidet kan gjennomførast med å bruka av konto 12700 – «Konsulenttenester revisjon forv.revisjon/selskapkontroll». Her er løyvd kr 170.201,-. Men dersom storparten av denne posten vert brukt til planarbeid, så vert det ikkje rom for andre saker som måtte koma undervegs i året. Det vil ikkje bli rom for å starte prosjekt innan forvaltningsrevisjon, ta opp saker som kjem som evt. henvending frå innbyggjararar, saker frå kommunestyret, eller som administrasjonen ønskjer at kontrollutvalet tek ein gjennomgang av.
- B. Den andre posten som er kraftig redusert er konto 13300 – «Kjøp fylkeskom.sekretariatstenester» og «Sekretariatstenester kjøp revisjon». Sistnemnde er sett til kr. 0. Kontrollutvalet drøfta dette på sitt siste møte og bestemte at dette arbeidet må gjennomførast. Det let seg ikkje gjera å stoppa saka om utlysing av revisjonstenester for ny periode. Saka er nå i sluttfasen og sak om valg av revisor vert lagt fram på dette same møtet, og går så vidare for avgjerd til kommunestyret. Kostnad med dette arbeidet må såleis takast av post «Kjøp fylkeskom. Sekretariatstenester», der der er vedteke å løyva kr. 103.000,-. Til disposisjon for sekretariatstenester for kontrollutvalsmøter i løpet av året er det såleis knapt kr 70.000,-. Forslag frå kontrollutvalet er at kostnad til sekretariatstenester bør vera kr. 118.000,- Dette er berekna ut frå at kontrollutvalet planlegg 5 møter i 2016 for å gjennomføra saker som er pålagt. Dersom løyving på kr 70.000,- vert ståande betyr det at kontrollutvalet må skjæra ned på antall møter. For å gjennomføra planlagde møter i 2016 er det såleis ein differanse på ca. kr 50.000,- for å greia dette.

## Konklusjon

Ut frå å peika på desse viktigaste postane for gjennomføring av kontrollutvalet sine oppgåver i 2016, må utvalet ta stilling til om ein skal be kommunestyret om ekstraløyving. Som vedlegg i saka ligg ark med oversikt som syner vedteke budsjett samanlikna med forslag frå kontrollutvalet.

Merk at i arket med forslag til budsjett frå kontrollutvalet er det ein reknefeil i kolonne for «Forslag til budsjett frå kontrollutvalet». Rett summert skulle totalsummen vore noko høgare. Men ein tek i denne saka utgangspunkt i dei postar som KUV har søkt kommunestyret om (ikkje totalsummen).

Kontrollutvalet bør søkja kommunestyret om tilleggs-løyving for å få gjennomført eit minimum av oppgåver i 2016.

## Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber kommunestyret vurdere kontrollutvalet sitt budsjett for 2016 på nytt ut frå konsekvensane som er skildra i saka.

- A. Skal kontrollutvalet kun gjennomføra pålagt arbeid med gjennomføring av planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i 2016 ?
- B. Skal kontrollutvalet redusere antall møter i 2016 slik at ein held seg innanfor ramma som gjenstår her på kr 70.000,- ?
- C. Om kommunestyret vil at kontrollutvalet skal få gjennomføra eit minimum av dei oppgåvene som er pålagt i 2015, og dei møter ein har planlagt, ber kontrollutvalet om at kommunestyret løyver kr 50.000,-.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg:

- Oversyn budsjett for KUV i Samnanger kommune for 2016, vedteke budsjett samanlikna med forslag frå kontrollutvalet.

**Budsjett for KUV i Samnanger kommune for 2016, vedteke budsjett samanlikna med forslag frå kontrollutvalet**

Konto	Tekst	Vedteke budsjett fordelt på postar av administrasjon / formannskap	Forslag til budsjett frå kontrollutvalet	Merknad
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr 10 000	
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 28 000	kr 27 625	Leiar kr. 14.625,- og medl. kr. 650,- pr.møte
10803	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 200	
	Delsum	kr 38 000	kr 28 825	
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 5 358	kr 4 064	
	Delsum	kr 43 358	kr 32 889	
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 1 500	Abonnement til kontrollutvaldsmedlemmane
11150	Matvarer/møtemat	kr 1 500	kr 1 500	
11400	Kunngjeringar	kr -	kr 500	
11501	Kurs/opplæring	kr 15 000	kr 10 000	Fagkonferansar
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr -	kr 20 000	Folkevaldopplæring
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr 5 000	Reise ifm. Konferansar / folkevaldopplær.
11950	Kontingentar	kr 1 300	kr 1 400	Forum for Kontroll og Tilsyn
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 170 100	kr 175 821	Berekna ut frå gjeldande avtale + kons.auke
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./s.ktr.	kr 170 201	kr 310 545	Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
12700	Planarbeid 2016	kr -	kr 144 921	Denne posten er ekstra for 2016
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 103 000	kr 118 300	Berekna ut frå gjeldande avtale + kons.auke
13300	Sekretariatstenester kjøp revisjon	kr -	kr 33 800	Arbeid m/ konkurranseutsetting revisjon
	Delsum	kr 509 959	kr 789 487	
14290	Meirverdiavgift	kr 128 400	kr 192 467	
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 400	kr -192 467	
	Total budsjetttramme	kr 509 959	kr 822 376	

PS 25/16 Referatsaker



**Til Kontrollutvalet**

**UTVALET SITT KVARTER:**

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:





## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Edvard Høgestøl jr., 55 57 20 45

Vår dato  
12.04.2016  
Dykkar dato  
13.01.2016

Vår referanse  
2016/631 331.1  
Dykkar referanse

Samnanger kommune  
Tyssevegen 217  
5650 Tysse

### **Samnanger kommune - budsjett og økonomiplan 2016 - 2019**

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2016 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 17. desember 2015.

*Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.*

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentlig gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til auke i skatteøyret for kommunane frå 11,35 prosent i 2015 til 11,8 prosent i 2016.

#### **Frie inntekter**

Kommunen har budsjettert med kr. 60,61 mill. i skatt på eige og inntekt for 2016. Naturressursskatt er ein del av inntektsgrunnlaget og kjem i tillegg med kr 4,37 mill.

I 2015 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 6,0 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2014 til 2015 også med 6,0 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2015 var 96,1 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2016 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2016 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter (inkl. naturressursskatt) er budsjettert til kr. 146,16 mill.

Inntektsprognosen for 2016 er no oppdatert med førebelse innbyggjartal per 01.01.2016 og innkomen skatt i 2015. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal per 01.01.2016. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2015.

Dei budsjetterte frie inntektene er i prosent marginalt høgare enn i den siste inntektsprognosen, som syner kr 145,3 mill., men differansen utgjer nær 50 % av budsjettert netto driftsresultat.

Fallande kraftinntekter er relevant også for Samnanger.

### **Eigedomsskatt**

Det er budsjettert med kr. 14,45 mill. i eigedomsskatt for 2016. Budsjettert eigedomsskatt i 2015 var kr. 16,58 mill.

Årsaka til nedgangen er dels auke i grunnrenteskatten som kjem til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget. Det ligg også ein del andre faktorar bak.

Eigedomsskatten for 2016 er vedteken med sju promille som generell sats, men med differensiert sats på 2,4 promille for bustader og fritidseigedommar.

I økonomiplanperioden er eigedomsskatten tenkt å falle ytterligare for åra 2017-2019.

### **Pris og kostnadsvekst**

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,7 prosent. I det inngår pårekna lønsvekst også med 2,7 prosent.

### **Avdrag**

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3,5 - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga er på minst dette nivået.

Det er budsjettert med kr. 6,7 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Budsjetterte avdrag oppfyller ikkje på langt nær det tilrådde minstenivået nemnt over. Etter det Fylkesmannen erfarer ønskjer kommunen å betale minimumsavdrag etter kommunelova § 50 sjuande ledd i 2016. Reduksjonen er gjort for å få økonomien i balanse. Avdraga aukar så monaleg for 2017 – 2019, i følgje økonomiplanen.

### **Driftsresultat**

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Netto driftsoverskot i budsjettet er om lag kr. 1,96 mill.

Kommunane er i tidlegare år tilrådd å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst tre prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

På denne bakgrunn reduserte Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå 3 prosent til 1  $\frac{3}{4}$  prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vere noko høgare enn 1  $\frac{3}{4}$  prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Kommunen sitt netto driftsoverskot ligg på om lag 0,98 prosent av brutto driftsinntekter, og derfor under alle tilrådingar når det gjeld 2016.

Netto driftsoverskot er venta å falle i åra som kjem, men her er det lagt til grunn ein tiltaksplan for reduksjon av framtidige utgifter som styrker drifta, og som gir rom for ein noko styrka avdragsprofil.

### **Investering, lånegjeld og kapitalutgifter**

I 2016 er det planlagt investeringar for til saman kr. 46,79 mill. Som i fjor er Samnangerheimen den store investeringa med kr 37,3 mill. (inkl. ekstraordinært avdrag på kr 20,- mill.), men nettoinvesteringa er lav for 2016 då den utløyser kr 34,9 mill. i statlege overføringar.

Andre store investeringar er senter for funksjonshemma med kr 12,5 mill. og forskotering ny kunstgressbane med kr 5,25 mill. Utanom noko veg, er dei andre større investeringane knytte til VAR som er potensielt sjølvfinansierande.

For 2017 er største investering kr. 14,- mill. til bibliotek.

Investeringane er nær fråverande i økonomiplanens to siste år.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2014 for kommunane samla i fylket, utanom Bergen, til kr. 69.840,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det tilsvarande talet for kommunen er kr. 67.571,-.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2014 var kr. 65.503,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

## **Oppsummering**

Kommunen legg til grunn detaljerte prioriteringar og kutt for å få budsjettet i hamn. Inntekts- sida er relativt sett svekka siste år, og utgiftene må difor reduserast. Det er presentert ein tiltaksplan for dette.

Kommunen innførde generell eigedomsskatt frå 2015, og får inn kr 5,1 mill. ekstra frå det. Med ein differensiert sats på 2,4 promille er det framleis inntekspotensiale her, om kommunen ønskjer det.

Eit døme på den økonomiske stoda er at kommunen knip drastisk inn på avdraga. Her er det verdt å minne om at etter kommunelova § 50 sjuande ledd skal attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstige veid levetid for kommunen sine anleggs- midlar ved siste årsskiftet.

På den bakgrunnen er det av fleire grunnar spesielt når kommunestyret vedtar kjøp av inventar og utstyr som skal finansierast med lån over 40 års løpetid.

Kommunen har i mange år vore ein flittig brukar av statistikk frå KOSTRA, og kan sin eigen kommune, og er difor i stand til å sjå kor «skoen trykker» i høve til samanliknbare kommunar. Det kjem fram av lett tilgjengeleg statistikk (sjå t.d. fylkesmannen.no / kommuneøkonomi) at korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimeteneste/pr. kommunal institusjonsplass/pr. elev (med eit einskild unntak) er høgare i kommunen enn i alle relevante kommunegrupper (2014-tal).

Budsjettdokumentata er grundige, men kunne etter Fylkesmannen sitt syn vore litt meir kompakte og dermed meir oversiktlege.

Kommunen kunne med føremon nytta økonomiplanverktøyet betre. Det er ingen investeringar av betydning for 2018 og 2019, noko som neppe vil vere realiteten når vi kjem til 2018. Investeringar har også innverknad på drift.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld  
ass. fylkesmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Deloitte Postboks 6013, Postterminalen 5892 BERGEN



## Budsjettet

# Fem bind budsjett

Samnanger bruker **MYE PENGER** på alt.

### Økonomisk kontroll

Karakter ★★☆☆☆☆

Samnanger er en rik, liten kraftkommune ved Bergen. Kommunen har 15-20 millioner ekstra inntekter fra vannkraft og eiendomsskatt. Finansene er dårligere enn inntektene skulle tilsi. I sist avlagte regnskap (2014) var netto driftsresultat negativt og disposisjonsfondet (driftsreservene) tømt. Netto lånegjeld er like høy som i kommuner flest.

De neste årene blir enda vanskeligere, skriver rådmann Tone Ramsli. Kraftinntektene reduseres på grunn av lave kraftpriser og høye utgifter i kraftselskapene. Jeg vil si rådmannen tar grep. Hun foreslår flere tiltak som monner. En avdeling i det nye sykehjemmet holdes stengt. Barnehagen har kjørt med ledige plasser og stenger en avdeling. Skolene får redusert timetall. Budsjettet for 2016 gjøres opp med et netto driftsresultat på 2 millioner kroner, omtrent i prosent av driftsinntektene. Det er mindre enn ønskelig. Økonomiplanen har et overskudd på 0,5 prosent.

### NØKKELTALL

Samnanger  
konsern 2014

Netto lånegjeld i % av inntekter	72
Disposisjonsfond i % av inntekter	0,1
Eiendomsskatt per innbygger	5.069
Antall innbyggere	2.443

### Netto driftsresultat %



«Samnanger har høye driftsutgifter på de fleste områder. Det må være mulig å redusere utgiftene uten at kvaliteten blir uakseptabel», skriver rådmannen. Det tror jeg hun har rett i. Behovskorrigerte netto driftsutgifter er 20 millioner kroner høyere enn gjennomsnittet i fattige småkommuner (kommunegruppe 1). Utgiftene er 20-30 millioner kroner høyere enn i Tysnes, Tingvoll, Eide eller Askvoll. Alle tjenester drives dyrt i Samnanger. Grunnskolen og PLO er dyrest.

Samnanger har valgt en omstendelig budsjettbehandling. Årsbudsjettet for 2016 og økonomiplanen for 2016-2019 behandles som to separate saker, i samme kommunestyremøte. Rådmannen og formannskapet leverer hver sine dokumenter i begge sakene. Til slutt trykkes det opp et vedtatt budsjett, uten rådmannens kommentarer. Man må altså lese fem bind budsjett for å få oversikten. Det vil si: det er vanskelig å få oversikten. Samtidig er planen ganske kortsiktig. Alle budsjettkommentarene til rådmannen gjelder årsbudsjettet for 2016. Økonomiplanen er bare en masse tabeller.

Det mangler befolkningsprognoser for barn og unge. Det står det er laget tilstandsanalyser for de kommunale veiene. Det er flott. La oss få se dem i planen!

### Målstyring

Karakter ★★☆☆☆☆

Joda, det er vedtatt mål for tjenestene og utvikling av lokalsamfunnet. Flere av dem er konkrete og viktige. Sykefraværet skal under 6 prosent. Elevene skal bli flinkere enn gjennomsnittet i Hordaland. Bergen skal



Bjørn Brox er cand.polit. og bedriftsøkonom og arbeider som konsulent i Agenda Kaupang

### BUDSJETTET

Det er umulig å forstå for vanlige mennesker

### Tidligere testet

★★★★★

Bergen, Bærum, Andøy

★★★★★

Asker, Kristiansund, Rana

★★★★★

Ringerike, Gran, Verran, Kristiansand, Løten, Nordre Land, Kongsvinger

★★★★★

Tromsø, Rakkestad, Eidsvoll,

Volda

★★★★★

Midsund

Send oss ditt budsjett til vurdering!

redaksjon@kommunal-rapport.no



overta barnevernet. Alle skoleelevene skal begynne på videregående skole. Nav skal innføre aktivitetsplikt. Det er samtidig en masse tullemål av typen «Saman for ein god start (i barnehagen)». Eller «fokus på barn og unge si helse».

Men målene henger i løse luften. Vi får ikke vite hva elevene lærer på skolen i dag, hvor syke de ansatte er eller hvor mange elever som går over til videregående skole. Vi får ikke vite om byggesaksbehandlerne og barnevernet følger lovens krav til saksbehandling eller om viktige bygninger får branntilsyn. Vi får ikke vite om kommunen gjør jobben sin.

Antakelig er det så som så med kvaliteten. Samnanger ble nummer 377 i Kommunebarmometeret til Kommunal Rapport i fjor. Den kåringen legger stor vekt på kvalitet i tjenestene. Askvoll ble nummer 28. Hva med en studietur til kysten?

### Enkelhet

Karakter ★★☆☆☆☆

Kommunebudsjettet er et monster på 330 sider i fem bind. Det er innviklet satt opp. Det er umulig å forstå for vanlige mennesker. Det er slike dokumenter som skremmer folk bort fra kommunepolitikken, tror jeg. Mitt forslag: dropp årsbudsjettet, la det være første kolonne i økonomiplanen.

### Samlet vurdering

Karakter ★★☆☆☆☆

Det er flott at rådmannen og formannskapet tar grep for å holde kontroll med økonomien. Nå gjelder det å forenkle budsjette og få inn mer langsiktig tenkning



# I botn av kommunebarometeret: No skal Samnanger få konsulenthjelp

**Samnanger hamnar langt nede på Kommunebarometeret for 2015. I kategorien økonomi er dei mellom dei aller svakaste.**

LAILA BORGE

Samnanger kjem dårleg ut på ei rekke av områda som er undersøkt av Kommunal Rapport i det førebelse Kommunebarometeret. Dei er rangert som nummer 369 av 428 kommunar. Dette er 124 plassar lågare enn i fjor.

Innan økonomi er Samnanger nummer 399 av dei 403 kommunane som førebels er rangert.

Rådmann Tone Ramsli er ikkje overraska over dei førebelse resultat.

– Me har ikkje pengar på bok, og me hadde undersøkt i 2015. Me har for høge utgifter, konstaterer ho, og legg til at gjeld til Samnangerheimen for alvor vil trekkja ned resultatet i 2016.

Samnanger hadde i 2015 eit samla underskot på 980.000 kroner, trass i sparetiltak. Dette skuldast først og fremst at sjukeheimsdrift til stader førte til behov for fleire sjukepleiarar på jobb samstundes. Trass i høgare grunnbemanning og lågt sjukefråvær var det også stort behov

for bruk av vikarbyrå. «Det må takast grep for å styrka sjukepleiebemanninga i kommunen.» heiter det i årsmeldinga. Med den nye Samnangerheimen vil eldretenestane kunna drivast meir kostnadseffektivt, men rådmannen ser det som heilt urealistisk å dekkja inn underskotet i 2016.

## Ny analyse

Kommunebarometeret viser at kommunar med lågare inntekter enn Samnanger får meir ut av pengane. Alvdal, som er like stor som Samnanger, har nøkternt drift og toppar kommunebarometeret. Når Samnanger kommune no har mista inntekter frå kraftproduksjon, meiner ordførar Knut Harald Frøland at det er viktig å læra av meir nøkterne kommunar. No skal kommunen få konsulenthjelp til å gjera nettopp dette.

Formannskapet vedtok i eit ekstras møte sist torsdag at dei vil kjøpa ein analyse av kommunebudsjetttet frå konsultentselskapet Agenda Kaupang.

Prisen på rapporten er 99.000, og dermed under den lovpålagde grensa for krav om anbod.

– Eg føler meg trygg på at Bjørn Brox i Agenda Kaupang er mellom dei beste, og meiner

det er uproblematisk å seija konsulenttraktanten direkte til dei, seier Knut Harald Frøland, som tok initiativ til analysen.

Pengane til analysen skal hentast frå variable utgifter på budsjettet.

– Ei slik investering bør vera mogleg når me har eit driftsbudsjett på nærare 200 millionar, meiner Knut Harald Frøland, som trur at analysen kan visa seg å vera verdifull for kommunen. Han håpar at analysen vil gje nyttig informasjon til politikarane når dei skal gå i gang med budsjettprosessen for neste år, og at dei vil få tips om grep dei kan gjera for å spare pengar allereie i år.

## Ueinige om prosessen

Rapporten skal vera klar til formannskapsmøtet 28. april.

– Det vert interessant å sjå kva type endringar me kan gjera. Dette må bli ein prosess som administrasjonen i stor grad eig sjølv. Eg håpar me får til ein prosess med positiv energi, der alle aktørar, inkludert opposisjonen, drar i same retning, seier Knut Harald Frøland.

Opposisjonen ønskte ikkje å kjøpa analysen frå Agenda Kaupang.

– Det er nok ingen som er ueinig i at me må gå gjennom tala. Det me er ueinige om, er korleis dette skal gjerast, seier Nils Aadland (Ap). Han, og resten av opposisjonen, meinte at administrasjonen sjølv kunne gjort den overordna analysen som det er snakk om å gjera no.

– Når ein finn ut kva område ein må gå i djupna på, må ein inn med ein annan kompetanse. Me meiner det hadde vore meir riktig å leiga inn eksterne konsulantar då, seier Nils Aadland.

**FAKTA: Kommunebarometeret**  
Kommunal Rapport rangerer kvart år norske kommunar i Kommunebarometeret. Der bruker dei mellom anna statistikk frå Statistisk sentralbyrå, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet og Norsk kulturindeks frå Telemarkforskning. Alt frå skulekarakterar til bemanning innan eldreomsorg spelar inn på resultatet.

Førebels plassering for Samnanger (endring frå i fjor i parentes):

Grunnskule 67 (-22)

Eldreomsorg 331 (-85)

Barnvern 259 (+1)

Barnhage 91 (-10)

Helse 214 (+35)

Sosial 303 (+17)

Kultur 301 (+54)

Miljø og ressursar 86 (+160)

Kostnadsnivå 353 (+1)

Økonomi 399 (-157)

Saksbehandlings 299 (-91)

Vain, avlaup, renovasjon 275 (-83)

tab	Konto	Konto (T)	Ansvar	Funksjon	Funksjon (T)	Forbruk	Opprinneleg budsjett (1)	Revidert budsjett (1)	Restsum (1)
A	12700	Konsulenttenester	5315	1100	Revisjon	71 000,00	170 100,00	170 100,00	99 100,00
A	14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	1100	Revisjon	17 750,00	38 760,00	38 760,00	21 010,00
A	17290	Momsrefusjon drift	5315	1100	Revisjon	-17 750,00	-38 760,00	-38 760,00	-21 010,00
A	10802	Tapt arbeidsforteneste	5315	1101	Kontrollutval	0,00	10 000,00	10 000,00	10 000,00
A	10803	Møtegodtgjøring	5315	1101	Kontrollutval	0,00	28 000,00	28 000,00	28 000,00
A	10990	Arbeidsgjevaravgift	5315	1101	Kontrollutval	0,00	5 358,00	5 358,00	5 358,00
A	11001	Faglitteratur, tidsskrift, avis	5315	1101	Kontrollutval	400,00	500,00	500,00	100,00
A	11150	Matvarer	5315	1101	Kontrollutval	360,00	1 500,00	1 500,00	1 140,00
A	11501	Kurs/ opplæring	5315	1101	Kontrollutval	12 694,00	15 000,00	15 000,00	2 306,00
A	11600	Skyss- og kostgodtgjøring	5315	1101	Kontrollutval	0,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
A	11950	Kontingentar	5315	1101	Kontrollutval	1 400,00	1 300,00	1 300,00	-100,00
A	12700	Konsulenttenester	5315	1101	Kontrollutval	0,00	170 201,00	170 201,00	170 201,00
A	13300	Kjøp frå fylkeskommunen	5315	1101	Kontrollutval	0,00	103 000,00	103 000,00	103 000,00
A	14290	Betalt mva - komskompensasjon	5315	1101	Kontrollutval	0,00	89 640,00	89 640,00	89 640,00
A	17290	Momsrefusjon drift	5315	1101	Kontrollutval	0,00	-89 640,00	-89 640,00	-89 640,00



**Til: Rådmann**

## SÆRUTSKRIFT

Sakshandsamar Kari Nygard

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kontrollutvalet	05.12.13	36/13

### 36/13 KONTROLLUTVALET SIN MØTERETT I GENERALFORSAMLINGAR

#### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet hadde ikkje merknader til saka, og forslag til vedtak vart samrøystes vedteke. Samrøystes.

#### VEDTAK:

1. Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.
2. Kontrollutvalet ber kommuneadministrasjonen fortløpande oversende innkalling til generalforsamlingar i heileigde kommunale selskap til kontrollutvalet ved sekretariatet og revisjonen.

#### RETT UTSKRIFT:

DATO: 18. desember 2013

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

**Kopi:** Deloitte  
Ordførar  
Utvallsleiar  
Postmottak





Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033  
Arkivnr: 2015/133-3  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	26/16	20.04.2016

### Gjennomgang av møteprotokollar frå andre utval

#### Bakgrunn

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 03.03.16
- Formannskapet 31.03.16
- Naturutvalet 08.03.16 og 15.03.16

#### Forslag til innstilling/vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

PS 27/16 Eventuelt



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 601  
Arkivnr: 2014/238-15  
Sakshandsamar: Kari Marie Nygard

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	28/16	20.04.2016

## Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune - Val av revisor

### Bakgrunn

Kommunestyret i Samnanger kommune gjorde slikt vedtak i PS 066/13 i møte 18.12.2013:

1. *Samnanger kommune vel å nytta opsjon på kjøp av revisjonstenester, slik at Deloitte AS også er revisor for 2014 og 2015 inkludert reviderer rekneskapen for 2015. Det vert her lagt til grunn at Deloitte AS er kommunen sin revisor tom. 30.06.2016.*
2. *Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2016. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder*
  - a. *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsokument.*
  - b. *Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.*
  - c. *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kontrollutvalet gjorde vidare slikt vedtak i møte 21.05.2015 i PS 20/15, Konkurransetsetting av revisjonstenester for Samnanger kommune:

1. *Det skal gjennomførast ny konkurranse av revisjonstenester for Samnanger kommune med sikte på at ny kontraktperiode skal gjelda frå 01.07.2016.*
2. *Kontrollutvalet ønskjer at arbeidet relatert til konkurranseutsetting av revisjonstenester vert samordna med andre kommunar som skal gjennomføra slik prosess nå.*
3. *Til å bistå seg i prosessen med innkjøp av revisjonstenester for ny periode vil kontrollutvalet velja: C – Alt.3: Kontrollutvalet vil be sekretariatet om å bistå seg i prosessen.*
4. *Bistand omfattar:*
  - *utarbeiding av utkast til kravsspesifikasjon*
  - *utkast til konkurransegrunnlag*
  - *kunngjering, protokollføring*
  - *evaluering av innkomne tilbod*
  - *varsel om tildeling*
  - *utarbeiding av utkast til kontrakt og deltaking i naudsynte samrådsmøter*
  - *samt aktuelle møter i kontrollutvalet og kommunestyret*
5. *Arbeid knytt til evt. klage vert å avtala særskilt.*

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00  
Direkte telefon 55239406 – Mobil 91664183 - E-postadresse: [kari.nygard@hfk.no](mailto:kari.nygard@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)  
Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Førehandsannonsering på Doffin, i tråd med pkt. 3 i vedtaket, blei gjennomført 18.05.15.

I møte i kontrollutvalet 16.09.15 presenterte sekretariatet forslag til konkurransegrunnlag for utvalet, som då gjorde slikt vedtak:

1. *Framlagt konkurransegrunnlag vert vedteke.*
2. *Sekretariatet får fullmakt til å gjera naudsynte redaksjonelle og strukturelle endringar i konkurransegrunnlaget før det vert sendt ut.*

Konkurransegrunnlaget vart lyst ut som open anbodskonkurranse 16.11.2015 på [www.doffin.no](http://www.doffin.no), og nokre dagar seinare vart det kunngjort innan heile EØS-området. Svarfristen vart sett til 11.01.2016 kl. 12.00. Når det vert brukt open anbodskonkurranse er det ikkje høve til å forhandle med tilbydarane.

I konkurransegrunnlaget gjekk det fram at tilbodet m.a. skal innehalde tilbod om levering av rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og andre timebaserte oppdrag i perioden 01.07.2016 til 30.06.2020.

Vidare går det fram av konkurransegrunnlaget at det vert lagt til grunn at særskilte kvalifikasjons-kriterium må vera oppfylte for at tilbydar skal verta vurdert som eigna.

Konkurransegrunnlaget legg også til grunn at tildeling av kontrakt vil skje på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, der ein tek omsyn til følgjande kriteria:

- 40 % Pris (fastpris og timeprisar)
- 35 % Løysing og forståing av oppdraget
- 25 % Kompetanse og erfaring

### **Drøfting**

Ved utløpet av fristen var det kome inn tilbod frå 3 tilbydarar. Alle tilbydarane er kvalifiserte og evaluering av tilboda starta umiddelbart. Sekretariatet har gjennomgått og evaluert dei innkomne tilboda. I dette arbeidet har sekretariatet nytta innkjøpsseksjonen i Hordaland fylkeskommune som rådgjevarar. På bakgrunn av sekretariatet si evaluering vart det gjennomført eit arbeidsmøte med kontrollutvalet 23.02.16. I dette arbeidsmøtet presenterte sekretariatet forslag til evaluering av dei innkomne tilboda og kontrollutvalet tok informasjonen til orientering.

Sekretariatet har no førebudd sak til kontrollutvalet der utvalet skal innstilla overfor kommunestyret på val av revisor for Samnanger kommune frå 01.07.2016. Det er kommunestyret som skal gjera det endelege vedtaket. Sekretariatet vil i møte 20.04.16 presentere munnleg forslag til kven kommunen bør velja som revisor. Det vil også verta presentert ei grunngjeving i høve til dei 3 tildelingskriteria som ligg til grunn i konkurransegrunnlaget.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av det som kjem fram i dette saksframlegget, og ut frå det som vert presentert i møtet, vert kontrollutvalet tilrådd å kome med innstilling til val av revisor for Samnanger kommune frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret i Samnanger kommune vel ..... som revisor frå 01.07.2016 til 30.06.2020.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Kari Marie Nygard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*